



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Stord rådhus  
**Dato:** 29.10.2018  
**Tidspunkt:** 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 46/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 47/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 48/18	Henvending frå Valgjerd Teigen - andre handsaming		2018/56
PS 49/18	Oppfølging av sak om sal av eigedomen Evjestrand, evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune		2016/80
PS 50/18	Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt		2017/17
PS 51/18	Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging		2017/108
PS 52/18	Bestilling - ny vurdering		2015/181
PS 53/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 54/18	Referatsaker		
RS 20/18	Tenesteanalyse - vurdering av kapasiteten i barneverntenesta - saksframlegg til kommunestyret		2015/15
RS 21/18	Stord kommunale eigedomsselskap AS - eigarstrategi - saksframlegg til kommunestyret		2015/180
RS 22/18	Budsjettrevisjon 2. tertial 2018 - saksframlegg til kommunestyret		2015/178
PS 55/18	Eventuelt		

**PS 46/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 47/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2018/56-6  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	48/18	29.10.2018

## Henvending frå Valgjerd Teigen - andre handsaming

### Bakgrunn for saka:

Sekretariatet mottok ei henvending frå Valgjerd Teigen i juni månad 2018. Her var fleire vedlegg som går fram av sak PS 40/18 til kontrollutvalet sitt møte 10.9.18.

Dette vart protokollert i den saka:

### **Handsaming i møtet:**

*Kontrollutvalet drøfta hendinga, og ønskjer at rådmannen gjev informasjon på neste møte om saksfeltet sett frå kommunen si side. Det kan td. gjelda informasjon om:*

- *Kven eig kva i bygslo område?*
- *Om rettar og plikter for bortfestaren (den som krev inn grunnleige/festeavgift) og for festaren (leigaren / den som betalar grunnleige).*
- *Kva har kommunen gjort i høve dei problemstillingar som er trekt fram i vedlegg til saka.*
- *Har kommunen overteke infrastruktur som veg og avløp?*
- *Er oppmåling av skogsveg gjort?*
- *Påstand om at bygg er ført opp i deler av vegen.*

*Vedtak i saka var samrøystes*

### **Vedtak:**

*Kontrollutvalet ber om at rådmannen informerer kontrollutvalet på neste møte om saksfeltet sett frå kommunen si side, med utgangspunkt i vedlegg til saka og drøfting i dette møtet.*

Rådmannen har stadfesta at han stiller i dette møtet for å svara på nemnte spørsmål frå utvalet.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

På kommunestyret sitt møte 27.09.18, referatsak RS 20/18 Protokoll etter møte i kontrollutvalet 10.09.18., var det ei drøfting relatert til denne henvendinga samt henvendingar frå innbyggjarar generelt. I etterkant er det motteke to skriv frå Jakob Bjelland som er lagt ved denne saka:

- Om påstandar sett fram rundt bygslefelt på Skotaberg.
- Spørsmål til kontrollutvalet

Såleis vert det invitert til at drøftinga denne gongen både kan ha generell karakter om henvendingar og spesifikt om denne konkrete henvendinga.

### Drøfting.

#### Om henvendingar generelt.

Sekretariatet har registrert gjennom sine nær 14 driftsår, pt. for 19 kontrollutval, at det er auke i tal henvendingar frå innbyggjarar. Same inntrykket vert formidla frå kollegaer. Kvar henvending som kjem er unik. Det er såleis ikkje nokon fasit på korleis henvendingar skal handsamast. Sakshandsamar har freista laga ein rekkefølge med tilnærmingar me nyttar. Me meiner at denne ikkje er uvanleg:

1. Kontrollutvalet må bli gjort kjent med henvendinga. Samstundes blir det teke eit par avklaringar:
  - 1.1. Dersom det varsla forholdet td. er til ankehandsaming hjå kommunen eller fylkesmannen, så ventar kontrollutvalet normalt med å sjå nærare på saka.
  - 1.2. Det same gjeld om det varsla forholdet er til handsaming i rettsapparatet.
2. Kontrollutvalet drøftar så vegen vidare, 1. gong. Nokre alternative utfall kan vera desse:
  - 2.1. Kontrollutvalet meiner alt no at dette ikkje er ei sak for utvalet, og grunngjev dette.
  - 2.2. Utvalet treng meir informasjon for å kunna realitetshandsama henvendinga.
    - 2.2.1. Ein kan td. be rådmannen om å gje informasjon på neste møte.
    - 2.2.2. Ein kan be sekretariatet om å skaffa fleire relevante dokument.
    - 2.2.3. Ein kan be om innspel frå andre.
  - 2.3. Utvalet har indikasjon på – ut frå henvendinga og evt. kunnskap i kontrollutvalet, sekretariatet og/eller revisjonen – at dette er eit saksområde som ein bør sjå nærare på. Utvalet ser først og fremst på kommunen sine system og rutinar generelt sett og mindre på einskiltsaker. Då kan td. dette skje:
    - 2.3.1. Dersom det er nært føreståande å laga ny plan for forvaltningsrevisjon eller å evaluera denne, kan ein få ei prioritering av saksfeltet det er henvending om, opp mot andre saksfelt.
    - 2.3.2. Dersom det snart skal bestillast ny forvaltningsrevisjon, kan ein vurdere om saksfeltet kan inkluderas i føremål og/eller problemstillingar for denne.
    - 2.3.3. Kontrollutvalet bestiller ein ny forvaltningsrevisjon med basis i saksfeltet henvendinga omhandlar. Sjå pkt. 2.4.1 om vegen vidare.
  - 2.4. Kontrollutvalet har indikasjon på at henvendinga er så spesiell at utvalet vil sjå nærare på saka - det spesifikke innhaldet som henvendinga omtalar.
    - 2.4.1. Då er det vanleg å be revisjonen om å laga ein prosjektplan som fortel kva arbeid som skal gjerast og kva ressursar som skal brukast. Endeleg bestilling frå kontrollutvalet vil vera på basis av denne prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet drøftar evt. vegen vidare, 2. gong. Det vil vanlegvis vera i neste møte. Nokre alternative utfall:
  - 3.1. Utvalet kjenner seg i stand til å konkludera på om dei vil ta saka eller ikkje.
  - 3.2. Utvalet meiner framleis at dei treng meire informasjon, og vil be om det fram mot / i komande møte.
  - 3.3. Utvalet handsamar prosjektplan frå revisjonen, dersom det er bede om, og bestiller ein revisjon på saksfeltet eller om den konkrete saka.
4. Revisjonen arbeidar ut frå bestilling frå kontrollutvalet. Det er verd å merka seg at revisjonen har tilnærming til oppdraget som og inkluderer stikkord som verifisering og kontradiksjon.

5. Kontrollutvalet si handsaming, 3. gong
  - 5.1. Utvalet vil no forhåpentlegvis vera i stand til å vurdere om ein skal sjå nærare på saka eller ikkje.
  - 5.2. Dersom det vart bestilt revisjon i førre møte, kan utvalet få ein milepelsrapport i dette møtet.
6. Revisjonen arbeidar / arbeidar vidare, ut frå bestilling frå kontrollutvalet.
7. Kontrollutvalet handsamar revisjonsrapport når denne er ferdig, inkl. uttale frå rådmannen.
  - 7.1. Utvalet innstiller overfor kommunestyret.
8. Kommunestyret handsamar revisjonsrapporten og gjer vedtak i saka
9. Det følgjer av forskrift, gjerne og stadfesta i kommunestyrevedtaket, at kontrollutvalet følgjer opp om tilrådingane blir følgt opp.
  - 9.1. Kommunestyret ber ofte rådmannen skriva ein handlingsplan til kontrollutvalet innan ein fastsett frist.
10. Kontrollutvalet handsamar handlingsplan frå rådmannen.
11. Kontrollutvalet ser på rådmannen si oppfølging fleire gonger, dersom ikkje alle tilrådingar er følgt opp.
12. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret undervegs og / eller i årsmeldingar frå utvalet.

Som oppsettet viser, kan det gå fleire møter før kontrollutvalet er i stand til å realitetshandsama henvendinga, gjerne etter å ha skaffa meire informasjon.

Kontrollutvalet er og styrt av dei økonomiske rammene som er tildelt. Slik sett kan det og vera at utvalet må prioritera ned saka / saksfeltet som er omtala i henvendinga av økonomiske årsaker, sjølv om saka / saksfeltet isolert sett ville vore interessant å sjå nærare på.

#### Om henvendinga frå Valgjerd Teigen.

Henvendinga er omfattande og har element som går fleire tiår attende i tid. Innhaldet i henvendinga vart vurdert i høve offentleglova og sekretariatet fann ikkje heimel for å unnata noko informasjon. Utvalet har enno ikkje teke stilling til om dette er ei sak som ein skal gå djupare inn i, men startar ut med å be om ein del informasjon frå rådmannen.

Utvalet har avgrensa midlar til rådvelde. Derfor vert det ikkje brukt store ressursar i innleiande fase på å analysere alle opplysningar i saka. Gjerne heller å be om tilleggsinformasjon frå rådmannen. Og det er det som skjer i dette møtet.

Dersom ein etterkvart kjem til at ein vil sjå nærare på saksfeltet eller saka – det er då ein går grundigare til verks. Då er ein over i ein fase der revisjonen har fått eit oppdrag. Dei kan vurdere kven dei evt. vil intervju, og dei har tilnærmingar som og inkluderer stikkord som verifisering og kontradiksjon.

Det kan og tenkjast at fleire enn rådmannen bør høyrast før utvalet konkluderar på om ein vil inn i saka og kva ein i så fall vil sjå på.

Det vert minna om nokre avvegingar som og var med i saksframlegget til kontrollutvalet sitt møte 10.09.18.:

«Kontrollutvalet si rolle og ansvar er regulert i kommunelova § 77. Vidare skal «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» leggjast til grunn i kontrollutvalet sitt arbeid. I § 4 står det m.a. dette:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

I merknaden til denne paragrafen står det m.a.:

*«Kontrollutvalget har ikke plikt til å behandle andre enn de saker som det får seg forelagt fra kommunestyret/fylkestinget, eller der det framgår av forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Når det gjelder henvendelser fra andre enn kommunestyret/fylkestinget eller*

*revisjonen, må kontrollutvalget selv vurdere om saken hører under utvalgets kompetanseområde og om det vil prioritere saken.»*

På bakgrunn av det som går fram av forskrifta må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil handsame den mottekne førespurnaden eller ikkje. I denne vurderinga bør fokuset vera om henvendinga kan vera eit signal om at det ligg føre systemfeil. Vidare bør t.d. følgjande moment takast med i vurderinga:

- Er saka under politisk handsaming?
- Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan
- Er det klagemoglegheit etter forvaltningslova som ikkje er nytta?
- Kan dette vera ein politisk omkamp?
- Høyre førespurnaden inn under kontrollutvalet sine oppgåver?
- Har kontrollutvalet tilstrekkelig med kapasitet og budsjettmidlar til å prioritere denne saka opp mot andre viktige saker?»

Vedr. Jacob Bjelland sitt skriv av 19.10.2018 «Uttale til sak om bygslefelt Skotaberg».

Dette er nyttig informasjon til utvalet. Det er ikkje utenkeleg at utvalet sjølv ville bede om slik informasjon, jmf. pkt. 3.2 overfor. No er denne informasjonen tilgjengeleg allereie til dette møtet, og vil vera eit godt supplement til den informasjonen som rådmannen vil gje i kontrollutvalsmøtet.

Siste setning i skrevet vert indirekte omtalt nedanfor.

Vedr. Jacob Bjelland sitt skriv av 19.10.2018 med «Spørsmål til kontrollutvalet».

Innleiing.

Sekretariatet har full forståing for at Jacob Bjelland kan reagere om han finn skuldingar retta mot eigen person i ei henvending til kontrollutvalet som han ikkje er kjent med, særleg dersom utvalet hadde realitetshandsama heilskapen i henvendinga.

Oppsettet overfor i 12 punkt med underpunkt, er tenkt for å setja i perspektiv kva kontrollutvalet har gjort så langt og kva som kan vera aktuelle spor å gå vidare i.

I førre møte var føremålet i hovudsak:

- Å gjera utvalet kjent med innhaldet i henvendinga (pkt. 1)
- Grovvurdering av vegen vidare (pkt. 2)

Utvalet hadde ingen realitetshandsaming av alle forhold i henvendinga, men avgjorde:

- At det var ønskje om å få informasjon frå rådmannen (pkt. 2.2.1)
- At ein ville sjå på saka på nytt i neste møte (pkt. 3)

Det handla altså om å gjera seg kjent med henvendinga og å starta med informasjonsheiting. Dessutan at ein ikkje nytta store ressursar på sakshandsaming i innleiande fase, før ein tok stilling til om dette var noko utvalet skulle sjå nærare på i det heile.

Utvalet utelukka ikkje at det og kunne vera trong for enno meire informasjon (pkt. 3.2), før ein staka ut vegen vidare eller avslutta saka. Det ville ein koma attende til i neste møte.

Nokre merknader til innleiinga, før spørsmåla, slik sekretariatet ser det.

*Bjelland skriv at «.. frå protokollen går det fram at kontrollutvalet ikkje har stilt spørsmålsteikn ved påstandane».*

Merknad: Kontrollutvalet har ikkje vurdert påstandane inngåande så langt. I ei sak er det minst to sider, gjerne fleire. I dette høve har det vore mykje kommunikasjon mellom innbyggjar og Stord kommune over mange år. I kommunen er rådmannen administrativt overordna på tvers av sektorområda. Derfor syntest utvalet det var nyttig å få dette perspektivet på saka og. Det å få eit anna syn på påstandane er nyttig kunnskap for kontrollutvalet, før utvalet vurderar kva som bør skje vidare.

Bjelland skriv: *«Men det prinsipielle her er at kontrollutvalet behandlar grove anklager mot privatpersonar i kommunen utan at desse personane vert informert og gjeve høve til å uttala seg».*

Merknad: Kontrollutvalet har ikkje behandla anklager som måtte vera sett fram. Utvalet har blitt gjort kjent med henvendinga, noko som er heilt naudsynt for å kunna vera med på å ta stilling til vegvalet vidare. Utvalet er så over i ein fase med ytterlegare informasjonsinnhenting. Det er vanlegvis revisjonen som vert sett til å utføra revisjon på kontrollutvalet sine vegne. Det er ikkje bestilt arbeid frå revisjonen så langt, før utvalet veit om dette er ei sak utvalet skal ta. Det kan vera aktuelt å få informasjon frå fleire, bestilt i dette møtet, jmf. pkt. 3.2. Dersom revisjonen får eit oppdrag frå utvalet, vil dei vurderer kven dei bør intervju. Desse vil derigjennom få høve til å uttala seg og til å verifisera om opplysningane som er nedteikna etter intervjuet stemmer med deira oppfatning.

Bjelland skriv at: *«.. det vart gjort vedtak som vedkjem meg».*

Merknad: Kontrollutvalet sitt vedtak i førre møte går ut på at utvalet vil innhenta meire informasjon og sjå på saka att på neste møte. Saka er ikkje realitetshandsama. Det er ikkje teke stilling til om utvalet støttar eller tar avstand frå påstandar. Utvalet treng meir informasjon, og har bede om det, før ein går vidare.

Bjelland skriv: *«Men privatpersonar skal haldast utanom, ikkje informerast, og ikkje gjevast høve til å forsvara seg».*

Merknad: Kontrollutvalet har ikkje uttrykt at privatpersonar skal haldast utanfor. Utvalet har uttrykt at dei vil starta ein stad – og at denne staden denne gongen er å få informasjon frå rådmannen. Så kan det vera aktuelt å få informasjon frå privatpersonar også, jmf. pkt. 3.2, 4 og 6 overfor.

#### Fire spørsmål til kontrollutvalet.

Spørsmåla er stila til kontrollutvalet, og det er følgjeleg naturleg at utvalet vurderar desse i møtet. Det kan vera nyttig at utvalet både har med seg Bjelland si innleiing og sekretariatet sine merknader som bakteppe, når utvalet vurderar kva som bør svarast.

#### Konklusjon:

Kontrollutvalet sitt møte denne gongen er i første omgang mottak av informasjon relatert til ei konkret henvending - denne gongen informasjon frå rådmannen, samt skriftleg informasjon frå Jakob Bjelland. Oppsettet overfor i 12 punkt med underpunkt syner nokre aktuelle retningsval vidare. Utvalet må og sjå på fire spørsmål frå Bjelland, og vurderer om dei vil svara på desse i møtet eller seinare, evt. at utvalsleiaren får fullmakt til å gje svar på utvalet sine vegne. Utover dette vert saka lagt fram utan forslag til vedtak. Utvalet bør gjera seg nokre tankar om kva ein vil vidare.

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.



Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Jakob Bjelland - Uttale til sak om bygslefeldt Skotaberg
- 2 Jakob Bjelland - Spørsmål til kontrollutvalet

## Til Kontrollutvalet i Stord kommune v/leiar Fredrik Litleskare

### Om påstander sett fram rundt bygslefelt på Skotaberg

I møtet i kontrollutvalet 10/9 2018 handsama utvalet ei sak der underteikna og andre er omtala, og der det vert satt fram grove skuldingar. Eg har ikkje vorte informert om desse skuldingane, og frå protokollen går det fram at kontrollutvalet ikkje har stilt spørsmålsteikn ved påstandane.

Rådmannen vert invitert til neste møte i kontrollutvalet, men privatpersonane som vert omtala er ikkje invitert, og har heller ikkje vorte informert om saka.

Eg ynskjer difor å senda nokre fakta om påstandane som handlar om meg:

Det vert i skrivet påstått at eg skal ha ynskt meg ein skogsveg og deretter fått kommunen til å laga både fylling og skogsveg til stor kostnad for fellesskapet. Det er ein svært grov påstand, men også fullstendig feil og rein løgn.

Rett kronologi i saka er at eg i 2011 vart kontakta av kommunen sin prosjektleiar for rehabilitering av VA-anlegget i Sandbrekko med spørsmål om det var greitt om kommunen fylte overskotsmassar i enden av Sandbrekko. Grunngevinga frå Stord kommune var at alternativet var å køyra desse massane langt av garde (meiner Presthaugshavet på Fjellgardane var nemnt), og at ein tipp i enden av Sandbrekko ville spare kommunen for mykje transport og dermed mykje pengar.

På vegne av min far som den gong hadde heimelen på 39/3, svara eg at me ikkje la oss opp i kva kommunen gjorde på 39/385 (eigedommen kommunen bygslar av oss), men at i den grad det var trong for å leggja massar på min eigedom (39/3) var føresetnaden at det vart gjort på ein fin måte, og at det etterpå måtte vera mogleg å kobla på skogsvegen i Gullberg.

Med andre ord var det **STORD KOMMUNE SOM TOK INITIATIV TIL OG GJENNOMFØRTE OPPFYLLING OG ETABLERING AV PARKERINGSPLASS PÅ 39/385 OG 39/3 I ENDEN AV SANDBREKKO.**

Og eg er luta lei av at eg skal verta skulda for å ta meg til rette eller å ha noko som helst å gjera med den delen av tiltaket som er på 39/385. Eg har mange gonger måtta korrigera desse påstandane, og det må vera lov å spørja om kor store personlege og kommunale ressursar det skal brukast på igjen og igjen og igjen å handsama den same feilaktige påstanden frå den same innbyggjaren.

Seint i 2011 søkte eg deretter om og fekk løyve til å kobla skogsvegen i Gullberg på den kommunale vegen i Sandbrekko. At denne kommunale vegen går over festa areal er sjølvsagt utan betydning. Sjølv om eg eig veggrunn i Sandbrekko, Skotabergvegen, Flathaugane, Skotlio, Sponavikvegen og Bjellandsvegen for å nemna nokon, kan eg ikkje nekta folk å køyra på offentleg veg om eg skulle ha eit slikt bisarrt ynskje.

I skrivet vert det også påstått at grunneigar (altså meg) skal ha grove grøft i området, og at dette skal ha ført til flaum. Dette er også fri fantasi og rein løgn. Eg har ikkje grove ei grøft, eller lagt ned eitt einaste dreneringsrøyr, avlaupsrøyr eller renner i dette området.

Det eg derimot er samd med brevskrivar om, er at langt fleire folk går på tur i Gullberg samanlikna med for 10 år sidan. Den flotte parkeringsplassen kommunen har laga til på 39/385 (bygslæiegedom) og 39/3 (min eigedom) gjer at tilkomsten er langt betre, og gjer det også mogleg for folk med barnevogner, rørslehemma og folk i rullestol kan koma seg ut i skogen. Grisane som er i Gullberg om sommaren er også eit turmål for mange.

Med andre ord har kommunen si etablering parkeringsplass i enden av Sandbrekko ført til høg grad av måloppnåing:


- Tiltaket var kostbesparande
- Turterreng nær bebyggelse er gjort meir tilgjengeleg
- Det er betre tilrettelagt for folk med rørslehemmingar

I høve landbruksrelaterte aktivitetar som juletresal og utegongsgrisar som brevskrivaren ikkje ser ut til å lika vil eg visa til vedtak om landbruksplanen i Stord kommunestyre 24/5 2018. Og hevda at desse aktivitetane er gode døme på bynært landbruk kommunen har vedtak om å ta særskilte omsyn til:

*Stord kommunestyre viser til utkast til «Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 – 2025» og vedtek planen med slikt tillegg:*

*• Kommunestyret vil understreka dei positive effektane av bynært landbruk for folkehelse og trivnad, og vil i anna plan- og utviklingsarbeid ta særskilt omsyn til samspelet mellom landbruk, byutvikling og naturopplevingar.*

Eg kan ikkje her kommentera alle påstandane og bileta som ligg i saka til kontrollutvalet, men vil med eit døme syna kor etterretteleg den opprinnelege klagar/brevskrivar er. Under er eit utklypp frå brevet der ho har teke bilete av ein raud traktor med undertittel «diverse bruk av vårt areal». Kven sin traktor det er og kva den gjer der veit ikkje eg. Det eg derimot er heilt sikker på er at denne traktoren står på min grunn, altså 39/3.



Det står ofte framande bilar og anna utstyr på den delen av parkeringsplassen som ligg på min eigeidom, utan at eg har noko problem med det. At 1 av om lag 50 tomtefestarar meiner min eigeidom er hennar areal, i tillegg til gong etter gong etter gong å framsetja løgner om meg, er sjølvst sagt svært frustrerande. Men at kontrollutvalet tek dette opp som ei sak utan å stilla spørsmål om sanninga i påstandane til denne personen, tykkjer eg er mildt sagt oppsiktsvekkjande.

Stord, 19/10 2018

Jakob Bjelland

## Til Kontrollutvalet i Stord kommune v/leiar Fredrik Litleskare

Eg ser i referat frå møte i kontrollutvalet 10/9 2018 at utvalet har handsama ei sak der underteikna er omtala. Når eg deretter går inn i sakspapira frå kontrollutvalet finn eg at saka inneheld grove skuldingar mot meg og andre namngjevne innbyggjarar. Eg har ikkje vorte informert om desse skuldingane, og frå protokollen går det fram at kontrollutvalet ikkje har stilt spørsmålsteikn ved påstandane.

Saka handlar om diverse forhold knytt til eit bygslefeldt på Skotaberg, og eg kommenterer desse i eit eige skriv.

Men det prinsipielle her er at kontrollutvalet behandlar grove anklagar mot privatpersonar i kommunen utan at desse personane vert informert og gjeve høve til å uttala seg. Hadde ikkje eg sete i kommunestyret ville eg ikkje visst at eg som privatperson var drøfta i eit offentleg møte, og at det vart gjort vedtak som vedkjem meg.

Skuldingane mot meg er ikkje omtala i saksutgreiinga, og sannhetsinnhaldet er ikkje vurdert. Berre lagt til grunn for diskusjonen i kontrollutvalet. I protokollen går det fram at rådmannen vert invitert til neste møte for å koma med kommunen sitt syn på saka. Men privatpersonane skal haldast utanom, ikkje informerast, og ikkje gjevast høve til å forsvara seg.

Kontrollutvalet er ein viktig funksjon i kommunen, og skal føra tilsyn med forvaltninga. Det er avgjerande at kontrollutvalet har ei ryddig sakshandsaming.

Eg ynskjer svar på følgjande prinsipielle spørsmål:

### Spørsmål til kontrollutvalet:

1. Er det god forvaltningsskikk å lata grove skuldingar mot privatpersonar følgja eit offentleg dokument utan at sanninga i desse skuldingane vert vurdert?
2. Er det god forvaltningsskikk å handsama grove skuldingar mot privatpersonar i eit offentleg møte utan at den som vert anklaga får informasjon eller gjeve høve til å uttala seg eller forsvara seg?
3. Er det god forvaltningsskikk å gå inn i drøftingar om enkeltpersonar i eit offentleg møte?
4. Er det god forvaltningsskikk å gjera vedtak i saker på bakgrunn av påstandar som ikkje er saksutgreidd og der sanningsinnhaldet i påstandane heller ikkje er vurdert?

Stord, 19/10 2018

Jakob Bjelland



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2016/80-60  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	49/18	29.10.2018

## Oppfølging av sak om sal av egedomen Evjestrاند, evaluering av retningsline for sal av fast egedom og bygningssmasse i Stord kommune

### Bakrunn for saka

Kommunestyret sitt vedtak 20.10.16 i sak PS 69/16

Samrøystes vedtak lydde slik:

#### **Vedtak:**

- 1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.*
- 2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.*
- 3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av egedommar på nytt.*
- 4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrاند og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.*
- 5. Kommunestyre ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av egedomen Evjestrاند, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.*
- 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrاند er mest føremålstenleg for kommunen.*
- 7. Om konklusjon på pkt 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

## Oppfølging i etterkant.

Det har vore dialog fleire gonger mellom kontrollutvalet og rådmannen i etterkant, om oppfølging av vedtaket, sist i kontrollutvalet si sak PS 20/18 i møte 20.04.18, der dette vart protokollert:

### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet hadde slike merknader.

- Dette gjeld kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 Vurdering av avtale om Evjestrands, pkt. 3: «Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedomar på nytt.»
- Rådmannen meddeler i skriv av 15.03.18. bl.a.: «Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinene for sal av eigedom i ei politisk sak, men vil gjerne ha kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.»
- Eigentleg er det kommunestyret som må tolka sine egne vedtak.
- Ettersom pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak, også var del av kontrollutvalet si innstilling av 06.10.16. i sak PS 53/16, tillet utvalet seg likevel å reflektera rundt rådmannen sitt spørsmål.
- Då kommunestyret handsama sak om eigedomen Evjestrands 20.10.16, var det kjent at kommunen alt hadde eit regelverk for sal av eigedomar.
- I denne saka var det omtalt handlingar relatert til sal, både tilbake til 2004, og handlingar relatert til datoar etter at gjeldande regelverk kom til.
- Dersom kommunestyret var overtydd om at retningslinene frå 2011 var greie også i 2016, hadde ein ikkje brukt eige punkt i vedtaket (pkt. 3) på å be om at kommunen skulle sjå på regelverket på nytt.
- Kontrollutvalet er såleis av den oppfatning at kommunen må skriftleggjere ei drøfting av korleis ein i dag ser på retningslinene av 2011, for at kommunestyrevedtaket på dette punktet er følgt opp.
- Om vurderingane munnar ut i forslag til nye retningslinjer, bør det framførast i form av ei politisk sak til kommunestyret.
- Dersom vurderingane munnar ut i at det ikkje er trong for å gjera endringar i retningslinjene av 2011, kan det informerast om til kommunestyret i politisk sak eller td. i notat lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Vedtaket i saka var samrøystes.

### Vedtaket:

Kontrollutvalet meiner drøfting av korleis ein i dag vurderer Stord kommune sine retningslinjer for sal av eigedomar av 2011, er naudsynt for at pkt. 3 i kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 er følgt opp. Vidare at drøftinga vert lagt fram skriftleg for kommunestyret i form av politisk sak eller referatsak, jmf. refleksjonar overfor under «handsaming i møtet».

Følgjeleg var det oppfølging av punkt 3 i kommunestyret sitt vedtak av 20.10.16, som etter kontrollutvalet sitt syn stod att å følgja opp.

## Drøfting

Av tilsendt dokumentasjon frå rådmannen av 16.10.18. går det fram at kommunestyret nyleg hadde oppe sak om evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune. Det var i kommunestyresak PS 38/18 av 27.09.2018.

Reviderte retningslinjer vart då samrøystes vedteke, slik dei låg føre.

Det er ikkje kontrollutvalet si oppgåve å evaluera dei nye retningslinene, men å sjå til at det kom opp sak om å evaluera dei tidlegare retningslinene.

## Konklusjon

Med kommunestyret si handsaming av 27.09.2018, skulle og saka samla sett vera følgt opp, og det vert tilrådd at kontrollutvalet seier seg ferdig med saka.

## Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet takkar for oppfølging av kommunestyret sitt vedtak 20.10.16 i sak PS 69/16 om eigedomen Evjestrand.
2. Etter kommunestyret sitt vedtak 27.09.2018 i sak PS 38/18, der reviderte retningsliner for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune vart samrøystes vedteke, seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Svar - Stord kontrollutval - partsbrev PS 20\_18 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69\_16.
- 2 Evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune
- 3 Stord kontrollutval - partsbrev PS 20\_18 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69\_16.
- 4 Partsbrev\_PS 20\_18\_Evjestrand oppfølging av vedtak
- 5 1 Partsbrev PS 918 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 6916\_
- 6 2 Evjestrand\_svar 10.01.18
- 7 Særutskrift Evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune



Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 15.10.2018  
Vår ref: 2009/1924 - 23332/2018 / 611  
Dykkar ref:

**Svar - Stord kontrollutval - partsbrev PS 20/18 - Revisjon vedr. eiegenomen  
Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.**

Viser til mail frå Kontrolluvallet, datert 20.04.18.

I mailen følgde partsbrev frå kontrollutvalet i Stord kommune sitt møte 18.04.18. Det gjaldt sak PS 20/18 - Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.

I påskrift frå sekretariatet stod det følgjande:

*«Kontrollutvalet vil vera interessert i informasjon om vidare drøfting / sakshandsaming / evt. vedtak ifm.retningslinene for sal av eiegenomen i Stord kommune, når det ligg føre.»*

Rådmannen har følgd opp saka ved å utforma ei politisk sak til kommunestyret om evaluering av retningsline for sal av fat eiegenomen og bygningsmasse i Stord kommune.

Saksframlegg om møteprotokoll frå kommunestyret følgjer vedlagt.

Med helsing

Magnus Mjør  
rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg:

- 1 Evaluering av retningsline for sal av fast eiegenomen og bygningsmasse i Stord kommune
- 3 Partsbrev\_PS 20\_18\_Evjestrاند oppfølging av vedtak
- 4 1 Partsbrev PS 918 - Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 6916\_
- 5 2 Evjestrاند\_svar 10.01.18
- 6 Særutskrift Evaluering av retningsline for sal av fast eiegenomen og bygningsmasse i Stord kommune

Saksnr

Utval  
Formannskapet

Møtedato

Kommunestyret

**OPPFØLGING AV SAK OM SAL AV EIGEDOMEN EVJSTRAND,  
EVALUERING AV RETNINGSLINE FOR SAL AV FAST EIGEDOM OG  
BYGNINGSMASSE I STORD KOMMUNE**

**Framlegg til vedtak:**

Reviderte retningslinjer for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, vert vedteke slik dei ligg føre.

## Rådmannen, 07.06.2018

### Dokumentliste

N	04.06.2018	Ordføreren	Revisjon - Egedomen Evjestrand - Vurdering av retningslinjer for sal av fast egedom og bygningsmasse i Stord kommune
U	28.09.2009	Svein Halleraker AS	GJELD EIGEDOMMEN EVJESTRAND – AVTALE OM KJØP
I	07.10.2009	Paladio AS v Svein Halleraker	Vedrørende eiendommen Evjestrand - Avtale om kjøp
X	02.06.2004		Kjøpekontrakt gbnr 39/384 datert 02.06.2004 (kjøpar: Svein Halleraker as, 971 001 771)
X	21.03.2014		Vurdering av avtale om sal av areal Evjestrand gnr 39 bnr 384
X	17.03.2004		sak 04/00418 SAL AV HAMNEAREAL - politisk handsaming
I	15.01.2015	Paladio AS v Svein Halleraker	Evjestrand - kjøpekontrakt utkast januar2015
I	10.03.2015	Karmøyadvokatene DA	Vedr. foreldelse av kontrakt om kjøp av eiendom
X	30.10.2015		Utkast til revidert kjøpekontrakt med vedlegg
I	30.10.2015	Paladio AS v/ Svein Halleraker	Oversending av "Kjøpekontrakt for egedomen Evjestrand" med vedlegg
U	10.11.2015	Paladio AS v/ Svein Halleraker	Oversending av underskriven kontrakt for Evjestrand
X	09.11.2015		Kjøpekontrakt for egedomen Evjestrand, Stord kommune
X	07.01.2005		Historien om Evjestrand 1996 - 2005
X	01.01.2002		Brev (udatert) til frå hamnesjef Bjarne Berge Stord Eiendom AS: Gjeld sal av egedom 39/512 og 39/384
I	04.03.2016	Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto	Evjestrand saka
U	08.03.2016	Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto	VS: SV: Evjestrand saka
X	08.03.2016		Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av egedomen Evjestrand
U	08.03.2016	Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto	Svar - Evjestrand saka
U	11.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av egedomen Evjestrand
I	11.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av egedomen Evjestrand
U	11.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	SV: Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av egedomen Evjestrand
I	11.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand egedommen
I	04.03.2016	Karmøyadvokatene DA	Vedr. foreldelse av kontrakt om kjøp av eiendom 06.03.2015
U	06.03.2016	Karmøyadvokatene DA	VS: Vedr. foreldelse av kontrakt om kjøp av eiendom 04.03.2015
U	14.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	SV: Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand egedommen
I	14.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	Til Kontrollutvalget : REFORHANDLING AV SALGSAVTALE EIENDOM EVJESTRAND OG POLITISK PROSESS
I	16.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	Re: SV: Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand egedommen
U	16.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	SV: SV: Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand egedommen
I	20.04.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev PS 18/16 – Vurdering av avtale om egedomen Evjestrand.
I	18.05.2016	Deloitte AS	Vedr bestilling frå kontrollutvalet i Stord kommune knytt til sak om "Evjestrand"
U	20.05.2016	Deloitte AS	Vedr bestilling frå kontrollutvalet i Stord kommune knytt til sak om "Evjestrand"
I	30.05.2016	Deloitte AS	Oppdrag vedrørende vurdering av Evjestrand - dokumentforespørsel

I	31.05.2016	.	Reglement - vedteke 22.05.03 / endra 16.12.04
U	31.05.2016	Deloitte AS	Svar - Oppdrag vedrørende vurdering av Evjestrand - dokumentforespørsel
I	03.06.2016	Deloitte AS	Oppdrag Stord kommune - spørsmål til rådmannen for avklaring av faktum
U	06.06.2016	Deloitte AS	Svar - Oppdrag Stord kommune - spørsmål til rådmannen for avklaring av faktum
U	07.06.2016	Deloitte AS	SV: Svar - Oppdrag vedrørende vurdering av Evjestrand - dokumentforespørsel
I	24.06.2016	Deloitte	Vurdering av avtale om Evjestrand - notat til verifisering og høyring
U	24.06.2016	Deloitte	SV: Vurdering av avtale om Evjestrand - notat til verifisering og høyring
U	26.07.2016	Deloitte	Uttale frå rådmannen - Vurdering av avtale om Evjestrand - notat til verifisering og høyring
I	15.08.2016	Deloitte	Endeleg notat vedrørende «Vurdering av avtale om Evjestrand»
U	16.08.2016	Deloitte v/Kari Gåsemyr	Svar - Endeleg notat vedrørende «Vurdering av avtale om Evjestrand»
I	07.09.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Kontrollutvalsmøte 06.10.16. Sakstifang del 1.
S	10.10.2016		Vurdering av avtale om Evjestrand - notat
I	10.10.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev KUV sak PS-53/16 - Evjestrand - innstilling til Stord kommunestyre
U	13.10.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Forvaltningsrevisjon Evjestrand
U	14.10.2016	Sverre Olav Svarstad, H	SV: Evjestrandsaka
I	18.10.2016	Kjell Larsen	Har kontrollutvalet i kommunen stranda opp når det gjeld Evjestrand?
I	18.10.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	SV: Forvaltningsrevisjon Evjestrand
I	25.10.2016	Stordliste v/Thor Gunnar Bjelland	Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka.
I	26.10.2016	leiar i kontrollutvalet Reidunn Aasheim	FW: Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka (kopi av melding sendt kontrollutvalsekretariatet)
X	31.10.2016		Særutskrift Vurdering av avtale om Evjestrand - notat
I	04.11.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	VS: Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka (kopi av melding send Stordliste ved Thor Gunnar Bjelland)
X	04.11.2016		Avtale om reversering av kontrakt om sal av eigedomen Evjestrand
I	10.11.2016	Thor Gunnar Bjelland, Formann Stordliste	Re: VS: Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka.
S	22.11.2016		Avtale om reversering av kontrakt av sal av eigedomen Evjestrand
I	21.12.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev - Eigedomen Evjestrand - evt. ny gjennomgang (kopi)
X	04.01.2017		Særutskrift Avtale om reversering av kontrakt av sal av eigedomen Evjestrand
I	29.12.2017	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST sak PS 69/16.
U	10.01.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Svar - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST sak PS 69/16.
I	09.03.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.
U	15.03.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Svar - Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.
I	20.04.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Stord kontrollutval - partsbrev PS 20/18 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.
S	07.06.2018		Evaluering av retningsline for sal av fast eigedom og bygningssmasse i Stord kommune

### **Vedlegg:**

- 1 Stord kontrollutval – partsbrev PS 20/18 – Revisjon vedr. Egedomen Evjestrاند
- 2 Partsbrev PS 20/18 - Evjestrاند - oppfølging av vedtak
- 3 Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. egedomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16\_
- 4 Evjestrاند - svar 10.01.18

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

I kjølvatnet av gjennomgangen av sak om sal av egedomen «Evjestrاند» i 2004, fatta kommunestyret 20.10.16, slikt vedtak (PS 69/16):

1. «Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.
2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.
3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstilfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av egedommar på nytt.
4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrاند og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.
5. Kommunestyre ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av egedomen Evjestrاند, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.
6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrاند er mest føremålstenleg for kommunen.
7. Om konklusjon på pkt. 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.»

Kontrollutvalet bad i e-post av 29.12.17, om ei oppsummert attendemelding frå rådmannen, om korleis Evjestrandsaka var følgt opp.

I brev datert 10.01.18 svara rådmannen kontrollutvalet. I brevet, som er vedlagd saka, står dette om oppfølging av pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak:

«Kommunestyret har vedteke ei prosedyre for sal av egedommar. Prosedyra er søkt utforma i tråd med nasjonale og internasjonale krav til sal av offentleg fast egedom og bygningsmasse. Mellom anna tek prosedyra omsyn til at egedom skal seljast til marknadspris, enten på grunnlag av takst eller open bodrunde. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å endra på dette. Egedomen Evjestrاند vart seld i 2004, men prosedyra vart først vedteken i 2011.»

Til dette hadde kontrollutvalet slike merknader, jf. referat frå utvalet sitt møte 01.03.18 (sak PS 9/18):

- «Kommunestyret ber 20.10.2016, på bakgrunn av notat og øvrig sakstilfang, om at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av egedommar på nytt.
- Rådmannen viser i skriv av 10.01.2018 til prosedyre som var vedteken i 2011, og finn ikkje grunnlag for å endra på denne.
- Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det er dokumentasjon i svaret frå rådmannen for at det er gjort ei ny vurdering etter 20.10.2016, slik kommunestyret ber om. Etter sams drøfting samla kontrollutvalet seg om vedtak i saka.»

Kontrollutvalet vedtok deretter følgjande:

«Kontrollutvalet ber rådmannen klargjera om kommunen reelt sett har vurdert kommunalt regelverk for sal av egedommar på ny, etter 20.10.2016, eller berre slått fast at prosedyre frå 2011 vert å nytta vidare. Kontrollutvalet ønskjer og meir utfyllande opplysningar om kva vurderingar som evt. har vore gjort.»

Rådmannen svara kontrollutvalet i brev datert 15.03.18. I brevet står det:

«Rådmannen oppfatta at kommunestyret sitt motiv for å be om dette var å sikra at kommunal eigedom i framtida ikkje vert seld under marknadspris. Då eigedomen Evjestrاند vart seld i 2004, låg det ikkje føre retningsliner for sal av eigedom. Gjeldande retningsliner, som vart vedtekne i 2011, sikrar at eigedom vert seld til marknadspris. Rådmannen har difor ikkje gått vidare med saka. Det ligg ikkje føre skriftleg dokumentasjon på dei vurderingar som er gjort ut over denne korrespondansen med Kontrollutvalet.

Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinene for sal av eigedom i ei politisk sak, men vil gjerne ha Kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.»

Til dette repliserte kontrollutvalet følgjande, jf. vedtak i møte 18.04.18:

«Kontrollutvalet meiner drøfting av korleis ein i dag vurderer Stord kommune sine retningslinjer for sal av eigedomar av 2011, er naudsynt for at pkt. 3 i kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 er følgt opp. Vidare at drøftinga vert lagt fram skriftleg for kommunestyret i form av politisk sak eller referatsak, jf. refleksjonar overfor under «handsaming i møtet»

For kontrollutvalet sine nærare vurderingar, sjå vedlegg til saka.

Rådmannen tek kontrollutvalet sine vurderingar til vitande og legg her fram ei vurdering av retningslinene for sal av kommunal eigedom.

### **Saksutgreiing/vurdering**

Rådmannen har no hatt ein gjennomgang av retningsliner for sal om sal av eigedom og bygningsmasse i Stord kommune. Rådmannen rår til følgjande endringar (endringane er merka med raud skrift):

### **Retningsline for sal av eigedom i Stord kommune**

«For å sikra at sal av eigedom skjer på ein måte som sikrar openheit og rett pris i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter (EØS) , gjeld følgjande retningsliner for sal av kommunal eigedom:

1. Sal av kommunal eigedom, inkludert bygningar, skal skje til marknadspris.
  1. Marknadsprisen skal definerast ved open bodrunde eller unntaksvis etter takst frå uhilda takstmann (jf. prinsipp i ESA sine retningsliner). Utlysninga må vera publisert ei viss tid i forkant, ein tommelfingerregel er utlysning med svarfrist på to månader.
2. Før vedtak om sal av eigedom/bygning skal ein vurdere om kommunen skal stille krav knytt til framtidig bruk av eigedomar/bygningar
  1. Dersom Stord kommune stiller vilkår for utnytting av eigedomen/bygningen skal – den verdireduksjon som vilkåret representerer avspeglast i annonsering og takst/verdifastsetjing
  2. Salsavtalar må ikkje innehalde element av gjenkjøp som kan vera i strid med lov om offentlege anskaffingar.
3. Salsavtalar knytt til kommunal eigedom/bygningar skal som hovudregel ikkje innehalde reglar om kommunale eigardelar eller leigeavtalar etter gjennomført sal.
4. **Sal skal skje i tråd med gjeldande delegasjonsdokument.** Sal av eigedom, som ligg innanfor grensene for administrative fullmakter, kan gjennomførast utan open bodrunde og utan bruk av uhilda takstmann.
5. **Kommunen skal som hovudregel nytta meklar/advokat i samband med salet.**
6. **Meklar/advokat utarbeider som hovudregel salgsprospekt.**
7. **Alle opplysningar som er relevante for salet må kunngjerast i salsdokumenta.**

8. *Bodrunde vert sett i gang av meklar/advokat i samarbeid med kommunen, der det er aktuelt med bodrunde (døme: Forkjøpsrett til burettslagsleilegheit). Bodskjema eller logg skal følgja saka.*
9. *Eventuelle vilkår som er sett fram i samband med salet må takast inn i kjøpekontrakten/skøyte. Meklar/advokat skal ha dette ansvaret der kommunen nyttar slik hjelp.*
10. *Skøyte skal sendast til meklar/advokat i underskriven stand, når kjøpesummen er innbetalt til meklar/advokaten sin klientkonto. Vert ikkje meklar/advokat nytta, skal skøyte signerast når kjøpesummen er innbetalt på Stord kommune sin konto.*
11. *Meklar/advokat sørger for tinglysning av skøyte. Vert ikkje meklar/advokat nytta, sørger administrasjonen for tinglysinga sjølve.*
12. *Administrasjonen skal følgja opp oppseiing av forsikring og avgifter etter at oppdraget er fullført.*
13. *Arkivverdig materiale må oppbevarast i tråd med arkivlova og forskrifter.*
14. *Den som til ei kvar tid har fullmakt til å gjennomføre sal av kommunale eigedomar/bygningar skal ha internkontrollsystem m/sjekkliste, som kvalitetssikrar at sal av eigedom vert handsama i samsvar med desse retningsliner.»*

Alle endringar som er føreslege, er i ei synleggjering av korleis sal av kommunal eigedom faktisk fungerer i dag og for så vidt uavhengige av Evjestrands-saka. Men ved ei slik presisering, vil også praksis vera synleg i retningslinene. Rådmannen vurderer det slik at ei slik synleggjering vil sikra betre oversyn og kontroll, både for administrativt og politisk nivå.

### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Rådmannen rår til at framlegg til at retningsliner for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, vert vedteke slik dei ligg føre.

**Fra:** Hogne Haktorson (Hogne.Haktorson@hfk.no)

**Sendt:** 20.04.2018 18:42:57

**Til:** Magnus Mjør

**Kopi:** Gaute Straume Epland; post stord kommune; Fredrik Litleskare; fredrik.litleskare@sklbb.no; Fredrik Litleskare

**Emne:** Stord kontrollutval - partsbrev PS 20/18 - Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.

**Vedlegg:** Partsbrev\_PS 20\_18\_Evjestrland oppfølging av vedtak.pdf;1 Partsbrev PS 918 - Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 6916\_.pdf;2 Evjestrland\_svar 10.01.18.pdf  
Stord kommune v/ rådmannen

Her følger partsbrev frå kontrollutvalet i Stord kommune sitt møte 18.04.18:.

Det gjeld sak PS 20/18 - Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.

Påskrift frå sekretariatet.

- Kontrollutvalet vil vera interessert i informasjon om vidare drøfting / sakshandsaming / evt. vedtak ifm. retningslinene for sal av eiegenom i Stord kommune, når det ligg føre.

Med helsing

**Hogne Haktorson**

Kontrollsjef

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 53 | Mob: 911 05 982

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngående og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*





Stord kommune  
v/ rådmannen

Vår sakshandsamar: Hogne Haktorson

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2016/80  
Vår dato: 20.04.2018

**Partsbrev - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16**

Her følger partsbrev frå kontrollutvalet i Stord kommune sitt møte 18.04.18:.

Det gjeld sak PS 20/18 - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.

Påskrift frå sekretariatet.

- Kontrollutvalet vil vera interessert i informasjon om vidare drøfting / sakshandsaming / evt. vedtak ifm. retningslinene for sal av eigedom i Stord kommune, når det ligg føre.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Utvalseiar

Arkivsak: 217  
 Arkivnr: 2016/80-56  
 Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	20/18	18.04.2018

## Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16

### Bakrunn for saka

#### Bakgrunn del 1 - Kommunestyret sitt vedtak 20.10.16 i sak PS 69/16

Samrøystes vedtak lydte slik:

#### **Vedtak:**

1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.
2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.
3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eiegenommar på nytt.
4. Kommunestyret syner til gjennomgongen av saka om Evjestrاند og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.
5. Kommunestyre ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av eiegenomen Evjestrاند, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.
6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrاند er mest føremålstenleg for kommunen.
7. Om konklusjon på pkt 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.

**Bakgrunn del 2 -****Rådmannen sitt svar av 10.01.18 til kontrollutvalet, om oppfølging av kommunestyrevedtaket.**

Frå saksframlegg til kontrollutvalet sitt møte 01.03.18, sak 9/18, er mellom anna dette teke med:

Rådmannen legg til grunn at det her gjeld oppfølging av vedtakspunkt 3 og 6, noko som verkar greitt.

I tillegg vert det orientert om at oppfølging av vedtakspunkt 5 – reversering kring kjøp/sal av eigedomen - vart følgt opp etter initiativ av ordføraren. Kommunestyret godkjente avtale om dette i desember 2016, sak PS 90/16.

Vedr. vedtakspunkt 3. Kommunestyret ønskjer – på bakgrunn av notat og øvrig sakstilfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedomar på nytt.

I svarbrevet går det fram at eigedomen Evjestrand vart seld i 2004, medan gjeldande prosedyre, der marknadspris er eit berande prinsipp, vart vedteken i 2011. Vidare står at «Rådmannen finn ikkje grunn for å endra på dette». Det vert føresett at rådmannen har vurdert prosedyren, men funne at den framleis held mål. I denne saka er det prosedyren, og ikkje korleis den evt. vert praktisert, som er etterspurt.

Gjeldande prosedyre går fram av vedlagt svar.

Vedr. vedtakspunkt 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrand er mest føremålstenleg for kommunen.

Her har rådmannen lagt til grunn at dette vedtakspunktet er avløyst av seinare vedtak i kommunestyret , sak PS 90/16, pkt. 3 og 4:

3. *Kommunestyret vil avventa det pågåande planarbeidet for Leirvik sentrum før ein på ny vurderer sal av eigedomen Evjestrand.*
4. *Kommunestyret bed om at rådmannen tek initiativ til brei innbyggjarmedverknad i den vidare prosessen med å finna best mogleg utnytting av Evjestrand-tomta for innbyggjarane i Stord kommune.*

I vedlagt svarbrev er det gjort greie for at dette vert følgt opp på tilfredsstillande vis.

**Bakgrunn del 3 -****Kontrollutvalet si handsaming i møte 01.03.18, sak PS 9/18.**

Dette vart protokollert:

**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til rådmannen si tilbakemelding vedr. kommunestyrevedtaket i sak PS 69/16, pkt. 6.

Når det gjeld pkt. 3 i same vedtak, hadde kontrollutvalet slike merknader:

- Kommunestyret ber 20.10.2016, på bakgrunn av notat og øvrig sakstilfang, om at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.
- Rådmannen viser i skriv av 10.01.2018 til prosedyre som var vedteken i 2011, og finn ikkje grunnlag for å endra på denne.
- Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det er dokumentasjon i svaret frå rådmannen for at det er gjort ei ny vurdering etter 20.10.2016, slik kommunestyret ber om.

Etter sams drøfting samla kontrollutvalet seg om vedtak i saka.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet ber rådmannen klargjere om kommunen reelt sett har vurdert kommunalt regelverk for sal av eigedommar på ny, etter 20.10.2016, eller berre slått fast at prosedyre frå 2011 vert å nytta vidare. Kontrollutvalet ønskjer og meir utfyllande opplysningar om kva vurderingar som evt. har vore gjort.

**Drøfting**

Rådmannen har gjeve svar 15.03.18, på bakgrunn av kontrollutvalet si handsaming i møte 01.03.18. Her står bl.a. dette:

*«Rådmannen oppfatta at kommunestyret sitt motiv for å be om dette var å sikra at kommunal eigedom i framtida ikkje vert seld under marknadspris. Då eigedomen Evjestrands vart seld i 2004, låg det ikkje føre retningslinjer for sal av eigedom. Gjeldande retningslinjer, som vart vedteke i 2011, sikrar at eigedom vert seld til marknadspris. Rådmannen har difor ikkje gått vidare med saka. Det ligg ikkje føre skriftleg dokumentasjon på dei vurderingar som er gjort ut over denne korrespondansen med Kontrollutvalet.*

*Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinjene for sal av eigedom i ei politisk sak, men vil gjerne ha Kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.»*

Følgjeleg ber rådmannen om kontrollutvalet si vurdering. Det vert invitert til at kontrollutvalet drøftar kva svar utvalet vil gje attende.

**Konklusjon**

Kontrollutvalet må i møtet ta stilling til rådmannen sitt spørsmål, slik det kjem fram under punktet drøfting overfor.

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram til drøfting, utan forslag til vedtak.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 18.04.2018****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet hadde slike merknader.

- Dette gjeld kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 Vurdering av avtale om Evjestrands, pkt. 3: *«Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstilfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.»*
- Rådmannen meddeler i skriv av 15.03.18. bl.a.: *«Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinjene for sal av eigedom i ei politisk sak, men vil gjerne ha kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.»*
- Eigentleg er det kommunestyret som må tolka sine egne vedtak.
- Eitersom pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak, også var del av kontrollutvalet si innstilling av 06.10.16. i sak PS 53/16, tillet utvalet seg likevel å reflektera rundt rådmannen sitt spørsmål.
- Då kommunestyret handsama sak om eigedomen Evjestrands 20.10.16, var det kjent at kommunen alt hadde eit regelverk for sal av eigedommar.

- I denne saka var det omtalt handlingar relatert til sal, både tilbake til 2004, og handlingar relatert til datoar etter at gjeldande regelverk kom til.
- Dersom kommunestyret var overtydd om at retningslinene frå 2011 var greie også i 2016, hadde ein ikkje brukt eige punkt i vedtaket (pkt. 3) på å be om at kommunen skulle sjå på regelverket på nytt.
- Kontrollutvalet er såleis av den oppfatning at kommunen må skriftleggjera ei drøfting av korleis ein i dag ser på retningslinene av 2011, for at kommunestyrevedtaket på dette punktet er følgt opp.
- Om vurderingane munnar ut i forslag til nye retningslinjer, bør det framførast i form av ei politisk sak til kommunestyret.
- Dersom vurderingane munnar ut i at det ikkje er trong for å gjera endringar i retningslinjene av 2011, kan det informerast om til kommunestyret i politisk sak eller td. i notat lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Vedtaket i saka var samrøystes.

#### **Vedtaket:**

Kontrollutvalet meiner drøfting av korleis ein i dag vurderer Stord kommune sine retningslinjer for sal av eigedomar av 2011, er naudsynt for at pkt. 3 i kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 er følgt opp. Vidare at drøftinga vert lagt fram skriftleg for kommunestyret i form av politisk sak eller referatsak, jmf. refleksjonar overfor under «handsaming i møtet».

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Rådmannen - svar av 10.01.18 knytt til revisjon vedr. eigedomen Evjestrand
- 2 Rådmannen - svar av 15.03.18 knytt til revisjon vedr. eigedomen Evjestrand

Hordaland fylkeskommune  
Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 15.03.2018  
Vår ref: 2009/1924 - 6635/2018 / 611  
Dykkar ref: 2016/80

**Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrang - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.**

Viser til brev frå kontrollutvalet datert 08.03.18. Utvalet viser der til sitt vedtak i møte 01.03.18, og etterlyser korvidt regelverket for sal av kommunal eiegenom er vurdert som oppfølging av vedtaket i Evjestrang-saka, og kva vurderingar som ev. er gjort i saka.

Bakgrunnen for spørsmålet ligg i kommunestyret sitt vedtak i sak PS 69/16 Vurdering av avtale om Evjestrang – notat, pkt. 3:

«Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eiegenommar på nytt.»

Rådmannen oppfatta at kommunestyret sitt motiv for å be om dette var å sikra at kommunal eiegenom i framtida ikkje vert seld under marknadspris. Då eiegenomen Evjestrang vart seld i 2004, låg det ikkje føre retningsliner for sal av eiegenom. Gjeldande retningsliner, som vart vedtekne i 2011, sikrar at eiegenom vert seld til marknadspris. Rådmannen har difor ikkje gått vidare med saka. Det ligg ikkje føre skriftleg dokumentasjon på dei vurderingar som er gjort ut over denne korrespondansen med Kontrollutvalet.

Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinene for sal av eiegenom i ei politisk sak, men vil gjerne ha Kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.

Med helsing

Magnus Mjør  
rådmann

Iren Dyrseth  
controller

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi:  
Gaute Straume Epland

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
v/Hogne Haktorson  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 10.01.2018  
Vår ref: 2016/217 - 649/2018 / 033  
Dykkar ref:

## **Svar - Revisjon vedr. eigedomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST sak PS 69/16.**

Viser til e-post frå deg datert 29.12.17, der du på vegne av Kontrollutvalet ber om ei oppsummert attendemelding frå rådmann, om korleis Evjestrاند-saka er følgd opp etter Kontrollutvalet sin revisjon.

Utvalet oversende hausten 2016 eit notat med innstilling om eigedomen Evjestrاند til kommunestyret. Kommunestyret handsama dette som sak PS 69/16, der det vart gjort slik vedtak.

### **«Vedtak:**

- 1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.*
- 2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.*
- 3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.*
- 4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrاند og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.*
- 5. Kommunestyret ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av eigedomen Evjestrاند, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.*
- 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrاند er mest føremålstenleg for kommunen.*
- 7. Om konklusjon på pkt. 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.»*

Rådmannen legg til grunn at det i her gjeld oppfølging av vedtaks punkt 3 og 6.

### **Ad 3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.**

Kommunestyret har vedteke ei prosedyre for sal av eigedommar. Prosedyra er søkt utforma i tråd med nasjonale og internasjonale krav til sal av offentleg fast eigedom og bygningsmasse. Mellom anna tek prosedyra omsyn til at eigedom skal seljast til marknadspris, enten på grunnlag av takst eller open bodrunde. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å endra på dette. Eigedomen Evjestrاند vart seld i 2004, men prosedyra vart først vedteken i 2011. Prosedyra vert nytta ved sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, og lyder slik:

## «Retningslinjer for sal av fast eiendom og bygningsmasse i Stord kommune

### Aktivitet/skildring

Vedteke i Kommunestyret PS 1/11, 17.02.11. (Ephorte 10/1965)

*For å sikra at sal av eiendom skjer på ein måte som sikrar openheit og rett pris i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter (EØS), gjeld følgjande retningslinjer for sal av kommunal eiendom:*

1. *Sal av kommunal eiendom, inkludert bygningar, skal skje til marknadspris.*
2. *Marknadsprisen skal definerast ved open bodrunde eller unntaksvis etter takst frå uhilda takstmann ( jf. prinssipp i ESA sine retningslinjer). Innan 3 mnd. før bodrunde m å eiendom/bygning annonserast i høveleg media.*
3. *Før vedtak om sal av eigned om/bygning skal ein vurdere om kommunen skal stille krav knytt til framtidig bruk av eiendomar/bygningar*
  - a. *Dersom Stord kommune stiller vilkår for utnytting av eiendomen / bygningen skal – den verdireduksjon som vilkåret representerer avspeglast i annonsering og takst/verdifas tsetting*
  - b. *Salsavtalar må ikkje innehalde element av gjenkjøp som kan vera i strid med lov om offentlige anskaffingar.*
4. *Salsavtalar knytt til kommunal eiendom/bygningar skal som hovudregel ikkje innehalde reglar om kommunale eigardelar eller leigeavtalar etter gjennomførtsal.*
5. *Sal av eiendomar , som tilleggsareal inntil 200 m2, kan utførast utan open bodrunde med pris fastset ting ut frå det generelle prisnivået i området. Til dømes ved innhenting av erfaringspris eller ved bruk av uhilda takstmann .*
6. *Den som til ei kvar tid har fullmakt til å gjennomføre sal av kommunale eiendom/bygning skal ha intern kontroll system m/sjekkliste, som kvalitetssikrar at sal av eiendom vert handsama i samsvar med desse retningslinjer.»*

Ad 6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrands er mest føremålstenleg for kommunen.

Ordføraren tok initiativ til å forhandla fram ei avtale med Paladio AS om reversering av kontrakt om sal av eiendomen Evjestrands, både gnr. 39 bnr. 384 og ein mindre del av gnr. 39 bnr. 5. Avtalen vart godkjent av kommunestyret i desember 2016, sak PS 90/16.

Eiendomen Evjestrands er i tillegg til hamneområde/kai m.a. regulert med føremål forretning og kontor. Så lenge kommunen sjølv ikkje har behov eller planar som tilseier at kommunen skal byggja ut tomta, så meiner rådmannen at sal fortsatt kan vera aktuelt for å utvikla eiendomen i samsvar med vedtekne planar.

Rådmannen har likevel ikkje starta ein prosess for å vurdere sal av eiendomen. Dette fordi ein har lagt til grunn at dette vedtakspunktet er avløyst av seinare vedtak i kommunestyresak 90/16, pkt. 3 og 4:

3. *Kommunestyret vil avventa det pågåande planarbeidet for Leirvik sentrum før ein på ny vurderer sal av eiendomen Evjestrands.*
4. *Kommunestyret bed om at rådmannen tek initiativ til brei innbyggjarmedverknad i den vidare prosessen med å finna ei best mogleg utnytting av Evjestrands-tomta for innbyggjarane i Stord kommune.*

I samband med prosjektet «Den tette byen», eit delprosjekt i «Byregionprogrammet» som også skal inngå i revisjonen av kommunedelplan for Leirvik, vil det verta lagt opp til innbyggjarmedverknad. Det skal som del av dette arbeidet våren 2018 utarbeidast ein «mogelegheitsstudie» for Leirvik. Denne vil ta opp i seg ei vurdering kvartalsstruktur, torg, plassar,



m.m. og samanheng mellom sentrum og sjø. Ein meiner det vil vera rett å vurdere vidare utvikling av tomta som del av denne prosessen.

Med helsing

Magnus Mjør  
Rådmann

Iren Dyrseth  
controller

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



Saksnr 29/18	Utval Formannskapet	Møtedato 05.09.2018
38/18	Kommunestyret	27.09.2018

## **OPPFØLGING AV SAK OM SAL AV EIGEDOMEN EVJSTRAND, EVALUERING AV RETNINGSLINE FOR SAL AV FAST EIGEDOM OG BYGNINGSMASSE I STORD KOMMUNE**

### **Framlegg til vedtak:**

Reviderte retningslinjer for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksprotokoll i Formannskapet - 05.09.2018

### **Innstilling**

Reviderte retningslinjer for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, vert vedteke slik dei ligg føre.

### **Handsaming**

Samrøystes tilrådd

Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.09.2018

### **Vedtak**

Reviderte retningslinjer for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, vert vedteke slik dei ligg føre.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

## Rådmannen, 07.06.2018

### Dokumentliste

N	04.06.2018	Ordføreren	Revisjon - Egedomen Evjestrand - Vurdering av retningslinjer for sal av fast eiendom og bygningsmasse i Stord kommune
U	28.09.2009	Svein Halleraker AS	GJELD EIGEDOMMEN EVJESTRAND – AVTALE OM KJØP
I	07.10.2009	Paladio AS v Svein Halleraker	Vedrørende eiendommen Evjestrand - Avtale om kjøp
X	02.06.2004		Kjøpekontrakt gbnr 39/384 datert 02.06.2004 (kjøpar: Svein Halleraker as, 971 001 771)
X	21.03.2014		Vurdering av avtale om sal av areal Evjestrand gnr 39 bnr 384
X	17.03.2004		sak 04/00418 SAL AV HAMNEAREAL - politisk handsaming
I	15.01.2015	Paladio AS v Svein Halleraker	Evjestrand - kjøpekontrakt utkast januar2015
I	10.03.2015	Karmøyadvokatene DA	Vedr. foreldelse av kontrakt om kjøp av eiendom
X	30.10.2015		Utkast til revidert kjøpekontrakt med vedlegg
I	30.10.2015	Paladio AS v/ Svein Halleraker	Oversending av "Kjøpekontrakt for eiendomen Evjestrand" med vedlegg
U	10.11.2015	Paladio AS v/ Svein Halleraker	Oversending av underskriven kontrakt for Evjestrand
X	09.11.2015		Kjøpekontrakt for eiendomen Evjestrand, Stord kommune
X	07.01.2005		Historien om Evjestrand 1996 - 2005
X	01.01.2002		Brev (udatert) til frå hamnesjef Bjarne Berge Stord Eiendom AS: Gjeld sal av eiendom 39/512 og 39/384
I	04.03.2016	Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto	Evjestrand saka
U	08.03.2016	Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto	VS: SV: Evjestrand saka
X	08.03.2016		Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av eiendomen Evjestrand
U	08.03.2016	Thor Gunnar Bjelland, Stordlisto	Svar - Evjestrand saka
U	11.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av eiendomen Evjestrand
I	11.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av eiendomen Evjestrand
U	11.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	SV: Notat - Svar på spørsmål kring kommunen sitt sal av eiendomen Evjestrand
I	11.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand eiendommen
I	04.03.2016	Karmøyadvokatene DA	Vedr. foreldelse av kontrakt om kjøp av eiendom 06.03.2015
U	06.03.2016	Karmøyadvokatene DA	VS: Vedr. foreldelse av kontrakt om kjøp av eiendom 04.03.2015
U	14.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	SV: Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand eiendommen
I	14.03.2016	Sigbjørn Framnes, Gruppeleder Stord FrP	Til Kontrollutvalget : REFORHANDLING AV SALGSAVTALE EIENDOM EVJESTRAND OG POLITISK PROSESS
I	16.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	Re: SV: Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand eiendommen
U	16.03.2016	Stordlisto v Thor Gunnar Bjelland	SV: SV: Oppfølging av svar frå Stord Kommune vedr Evjestrand eiendommen
I	20.04.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev PS 18/16 – Vurdering av avtale om eiendomen Evjestrand.
I	18.05.2016	Deloitte AS	Vedr bestilling frå kontrollutvalet i Stord kommune knytt til sak om "Evjestrand"
U	20.05.2016	Deloitte AS	Vedr bestilling frå kontrollutvalet i Stord kommune knytt til sak om "Evjestrand"
I	30.05.2016	Deloitte AS	Oppdrag vedrørende vurdering av Evjestrand - dokumentforespørsel
I	31.05.2016	.	Reglement - vedteke 22.05.03 / endra 16.12.04

U	31.05.2016	Deloitte AS	Svar - Oppdrag vedrørende vurdering av Evjestrand - dokumentforespørsel
I	03.06.2016	Deloitte AS	Oppdrag Stord kommune - spørsmål til rådmannen for avklaring av faktum
U	06.06.2016	Deloitte AS	Svar - Oppdrag Stord kommune - spørsmål til rådmannen for avklaring av faktum
U	07.06.2016	Deloitte AS	SV: Svar - Oppdrag vedrørende vurdering av Evjestrand - dokumentforespørsel
I	24.06.2016	Deloitte	Vurdering av avtale om Evjestrand - notat til verifisering og høring
U	24.06.2016	Deloitte	SV: Vurdering av avtale om Evjestrand - notat til verifisering og høring
U	26.07.2016	Deloitte	Uttale frå rådmannen - Vurdering av avtale om Evjestrand - notat til verifisering og høring
I	15.08.2016	Deloitte	Endeleg notat vedrørende «Vurdering av avtale om Evjestrand»
U	16.08.2016	Deloitte v/Kari Gåsemyr	Svar - Endeleg notat vedrørende «Vurdering av avtale om Evjestrand»
I	07.09.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Kontrollutvalsmøte 06.10.16. Sakstifang del 1.
S	10.10.2016		Vurdering av avtale om Evjestrand - notat
I	10.10.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev KUV sak PS-53/16 - Evjestrand - innstilling til Stord kommunestyre
U	13.10.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Forvaltningsrevisjon Evjestrand
U	14.10.2016	Sverre Olav Svarstad, H	SV: Evjestrandsaka
I	18.10.2016	Kjell Larsen	Har kontrollutvalet i kommunen stranda opp når det gjeld Evjestrand?
I	18.10.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	SV: Forvaltningsrevisjon Evjestrand
I	25.10.2016	Stordlisto v/Thor Gunnar Bjelland	Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka.
I	26.10.2016	leiar i kontrollutvalet Reidunn Aasheim	FW: Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka (kopi av melding sendt kontrollutvalsekretariatet)
X	31.10.2016		Særutskrift Vurdering av avtale om Evjestrand - notat
I	04.11.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	VS: Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka (kopi av melding send Stordlisto ved Thor Gunnar Bjelland)
X	04.11.2016		Avtale om reversering av kontrakt om sal av egedomen Evjestrand
I	10.11.2016	Thor Gunnar Bjelland, Formann Stordlisto	Re: VS: Krav om gjennomgang av Evjestrandsaka.
S	22.11.2016		Avtale om reversering av kontrakt av sal av egedomen Evjestrand
I	21.12.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev - Egedomen Evjestrand - evt. ny gjennomgang (kopi)
X	04.01.2017		Særutskrift Avtale om reversering av kontrakt av sal av egedomen Evjestrand
I	29.12.2017	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Revisjon vedr. egedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST sak PS 69/16.
U	10.01.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Svar - Revisjon vedr. egedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST sak PS 69/16.
I	09.03.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. egedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.
U	15.03.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Svar - Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. egedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.
I	20.04.2018	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Stord kontrollutval - partsbrev PS 20/18 - Revisjon vedr. egedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16.
S	07.06.2018		Evaluering av retningsline for sal av fast egedom og bygningssmasse i Stord kommune

### **Vedlegg:**

- 1 Stord kontrolluval – partsbrev PS 20/18 – Revisjon vedr. Egedomen Evjestrاند
- 2 Partsbrev PS 20/18 - Evjestrاند - oppfølging av vedtak
- 3 Partsbrev PS 9/18 - Revisjon vedr. egedomen Evjestrاند - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16\_
- 4 Evjestrاند - svar 10.01.18

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

I kjølvatnet av gjennomgangen av sak om sal av egedomen «Evjestrاند» i 2004, fatta kommunestyret 20.10.16, slikt vedtak (PS 69/16):

1. «Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.
2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.
3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstifang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av egedommar på nytt.
4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrاند og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.
5. Kommunestyre ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av egedomen Evjestrاند, inkl. avtalen frå 2004, og slikt gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.
6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrاند er mest føremålstenleg for kommunen.
7. Om konklusjon på pkt. 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.»

Kontrollutvalet bad i e-post av 29.12.17, om ei oppsummert attendemelding frå rådmannen, om korleis Evjestrandsaka var følgt opp.

I brev datert 10.01.18 svara rådmannen kontrollutvalet. I brevet, som er vedlagd saka, står dette om oppfølging av pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak:

«Kommunestyret har vedteke ei prosedyre for sal av egedommar. Prosedyra er søkt utforma i tråd med nasjonale og internasjonale krav til sal av offentleg fast egedom og bygningsmasse. Mellom anna tek prosedyra omsyn til at egedom skal seljast til marknadspris, enten på grunnlag av takst eller open bodrunde. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å endra på dette. Egedomen Evjestrاند vart seld i 2004, men prosedyra vart først vedteken i 2011.»

Til dette hadde kontrollutvalet slike merknader, jf. referat frå utvalet sitt møte 01.03.18 (sak PS 9/18):

- «Kommunestyret ber 20.10.2016, på bakgrunn av notat og øvrig sakstifang, om at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av egedommar på nytt.
- Rådmannen viser i skriv av 10.01.2018 til prosedyre som var vedteken i 2011, og finn ikkje grunnlag for å endra på denne.
- Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det er dokumentasjon i svaret frå rådmannen for at det er gjort ei ny vurdering etter 20.10.2016, slikt kommunestyret ber om. Etter sams drøfting samla kontrollutvalet seg om vedtak i saka.»

Kontrollutvalet vedtok deretter følgjande:

«Kontrollutvalet ber rådmannen klargjera om kommunen reelt sett har vurdert kommunalt regelverk for sal av egedommar på ny, etter 20.10.2016, eller berre slått fast at prosedyre frå 2011 vert å nytta vidare. Kontrollutvalet ønskjer og meir utfyllande opplysningar om kva vurderingar som evnt. har vore gjort.»

Rådmannen svara kontrollutvalet i brev datert 15.03.18. I brevet står det:

«Rådmannen oppfatta at kommunestyret sitt motiv for å be om dette var å sikra at kommunal egedom i framtida ikkje vert seld under marknadspris. Då egedomen

*Evjestrاند vart seld i 2004, låg det ikkje føre retningsliner for sal av eigedom. Gjeldande retningsliner, som vart vedtekne i 2011, sikrar at eigedom vert seld til marknadspris. Rådmannen har difor ikkje gått vidare med saka. Det ligg ikkje føre skriftleg dokumentasjon på dei vurderingar som er gjort ut over denne korrespondansen med Kontrollutvalet.*

*Rådmannen har heller ikkje oppfatta at kommunestyret ønskjer å handsama retningslinene for sal av eigedom i ei politisk sak, men vil gjerne ha Kontrollutvalet si vurdering av det spørsmålet.»*

Til dette repliserte kontrollutvalet følgjande, jf. vedtak i møte 18.04.18:

*«Kontrollutvalet meiner drøfting av korleis ein i dag vurderer Stord kommune sine retningslinjer for sal av eigedomar av 2011, er naudsynt for at pkt. 3 i kommunestyrevedtak i sak PS 69/16 er følgt opp. Vidare at drøftinga vert lagt fram skriftleg for kommunestyret i form av politisk sak eller referatsak, jf. refleksjonar overfor under «handsaming i møtet»*

For kontrollutvalet sine nærare vurderingar, sjå vedlegg til saka.

Rådmannen tek kontrollutvalet sine vurderingar til vitande og legg her fram ei vurdering av retningslinene for sal av kommunal eigedom.

### **Saksutgreiing/vurdering**

Rådmannen har no hatt ein gjennomgang av retningsliner for sal om sal av eigedom og bygningsmasse i Stord kommune. Rådmannen rår til følgjande endringar (endringane er merka med raud skrift):

### **Retningsline for sal av eigedom i Stord kommune**

*«For å sikra at sal av eigedom skjer på ein måte som sikrar openheit og rett pris i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter (EØS) , gjeld følgjande retningsliner for sal av kommunal eigedom:*

1. *Sal av kommunal eigedom, inkludert bygningar, skal skje til marknadspris.*
  1. *Marknadsprisen skal definerast ved open bodrunde eller unntaksvis etter takst frå uhilda takstmann (jf. prinsipp i ESA sine retningsliner). Utlysninga må vera publisert ei viss tid i forkant, ein tommelfingerregel er utlysning med svarfrist på to månader.*
2. *Før vedtak om sal av eigedom/bygning skal ein vurdere om kommunen skal stille krav knytt til framtidig bruk av eigedomar/bygningar*
  1. *Dersom Stord kommune stiller vilkår for utnytting av eigedomen/bygningen skal – den verdireduksjon som vilkåret representerer avspeglast i annonsering og takst/verdifastsetjing*
  2. *Salsavtalar må ikkje innehalde element av gjenkjøp som kan vera i strid med lov om offentlege anskaffingar.*
3. *Salsavtalar knytt til kommunal eigedom/bygningar skal som hovudregel ikkje innehalde reglar om kommunale eigardelar eller leigeavtalar etter gjennomført sal.*
4. *Sal skal skje i tråd med gjeldande delegasjonsdokument. Sal av eigedom, som ligg innanfor grensene for administrative fullmakter, kan gjennomførast utan open bodrunde og utan bruk av uhilda takstmann.*
5. *Kommunen skal som hovudregel nytta meklar/advokat i samband med salet.*
6. *Meklar/advokat utarbeider som hovudregel salgsprospekt.*
7. *Alle opplysningar som er relevante for salet må kunngjerast i salsdokumenta.*
8. *Bodrunde vert sett i gang av meklar/advokat i samarbeid med kommunen, der det er aktuelt med bodrunde (døme: Forkjøpsrett til burettslagsleilegheit). Bodskjema eller logg skal følgja saka.*

9. *Eventuelle vilkår som er sett fram i samband med salet må takast inn i kjøpekontrakten/skøyte. Meklar/advokat skal ha dette ansvaret der kommunen nyttar slik hjelp.*
10. *Skøyte skal sendast til meklar/advokat i underskriven stand, når kjøpesummen er innbetalt til meklar/advokaten sin klientkonto. Vert ikkje meklar/advokat nytta, skal skøyte signerast når kjøpesummen er innbetalt på Stord kommune sin konto.*
11. *Meklar/advokat sørger for tinglysning av skøyte. Vert ikkje meklar/advokat nytta, sørger administrasjonen for tinglysninga sjølve.*
12. *Administrasjonen skal følgja opp oppseiing av forsikring og avgifter etter at oppdraget er fullført.*
13. *Arkivverdige materiale må oppbevarast i tråd med arkivlova og forskrifter.*
14. *Den som til ei kvar tid har fullmakt til å gjennomføre sal av kommunale eigedomar/bygningar skal ha internkontrollsystem m/sjekkliste, som kvalitetssikrar at sal av eigedom vert handsama i samsvar med desse retningslinjer.»*

Alle endringar som er føreslege, er i ei synleggjering av korleis sal av kommunal eigedom faktisk fungerer i dag og for så vidt uavhengige av Evjestrands-saka. Men ved ei slik presisering, vil også praksis vera synleg i retningslinene. Rådmannen vurderer det slik at ei slik synleggjering vil sikra betre oversyn og kontroll, både for administrativt og politisk nivå.

### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Rådmannen rår til at framlegg til at retningslinjer for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune, vert vedteke slik dei ligg føre.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/17-50  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	50/18	29.10.2018

## Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt

### Bakgrunn for saka:

#### **Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak PS 21/18 i møte 24.5.18:**

- Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.*
- Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

### Drøfting:

Handlingsplan jmf. pkt. 2 i vedtaket overfor vart motteken innan fristen, og ligg som vedlegg til denne saka.

#### Sekretariatet merkar seg at:

- Prosjekthandboka til Stord kommune er under revisjon. Dei fleste oppfølgingspunkta vil bli innarbeida i denne. Det er sett ned ei arbeidsgruppe i samband med dette.
- Prosjekthandboka vil vera ferdigstilt i løpet av inneverande år, med atterhald om at det kan ta eit par månader inn i nytt år å få lagt inn alle tilhøyrande rutinar / prosedyrar og malar.

Sekretariatet ser positivt på dei planar som er lagt i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt. Av handlingsplanen går det fram ei målsetting om at alt skal vera ferdig innan utgangen av mars 2019.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



### Konklusjon

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 8.4.2018.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.
2. På bakgrunn av framdriftsplanen vidare, herunder revisjon av prosjekthandbok med tilhøyrande rutinar / prosedyrar og malar, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 8.4.2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon - prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt - rapportering til kontrollutvalet

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 30.09.2018  
Vår ref: 2017/1527 - 22310/2018 / 217  
Dykkar ref:

## **Forvaltningsrevisjon - prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt; rapportering til kontrollutvalet**

Det vert vist til kommunestyret si handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport «prosjektstyring og oppfølging av investeringar» i sak PS 21/18 den 24. mai 2018. Det vart gjort fylgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.*
- 2. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Prosjekthandboka til Stord kommune er under revisjon. Dei fleste oppfølgingspunkta vil bli innarbeida i denne. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som i tillegg til rådmannen, består av kommunalsjef NMK, prosjektutviklar og einingsleiarar og nestleiarar ved Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom. Prosjekthandboka vil vera ferdigstilt i løpet av inneverande år. Tilhøyrande rutinar/ prosedyrar og malar skal også i hovudsak vere utarbeidd til årsskiftet, men me ser ikkje bort frå at det kan vere naudsynt å bruke eit par månader av nyåret før alt er på plass.

Endringar i økonomireglement og delegasjonsreglement vil bli gjort i samband med den årlege revisjonen av desse dokumenta på første møtet i kommunestyret etter årsskiftet.

Stillingsinstruksar skal endeleg utarbeidast når dei styrande dokumenta er på plass. Målsetjinga er at alt skal vere ferdig innan utgangen av mars 2019.

Dei einskilde tilrådingane i rapporten vil bli følgde opp slik:

<b>Tilrådde tiltak</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Framdrift</b>
Sørgjer for at <b>PLP-metodikken</b> blir nedfelt i relevante kommunale styringsdokument	Vil bli nedfelt i den reviderte prosjekthandboka for Stord kommune.	Rådmannen	2018

Tilrådde tiltak	Tiltak	Ansvarleg	Framdrift
Sørgjer for at <b>fullmakter</b> blir gjennomgått og oppdatert/utarbeidd der desse manglar eller ikkje er korrekte. Under dette: a. Skrifteleggjere fullmakter knytt til disponering av rammeløyvingar til samarbeidsprosjekt b. Gjennomgår og oppdaterer fullmakter til godkjenning av endringar i investeringsprosjekt c. Sikrar at einingsleiarane sine fullmakter innanfor drift er skrifteleggjort	a.Fullmakter knytt til rammeløyvingar o.l. vil bli presisert i budsjettvedtaket. b.Fullmakter til godkjenning av endringar ved investeringsprosjekt vil inngå i den reviderte prosjekthandboka. c.Einingsleiarane sine fullmakter innanfor driftsbudsjettet vil bli synleggjort i rådmannen sitt delegasjonsreglement til einingane.  Ansvars-/funksjonsdeling mellom dei ulike administrative vil elles bli sentralt i den reviderte prosjekthandboka.	Rådmannen	Februar 2019
Gjennomgår, oppdaterer og – der det ikkje allereie føreligg - utarbeider <b>leiaravtalar og stillingsinstruksar</b> for relevante stillingar og roller	Utarbeida leiaravtalar, stillingsinstruksar/-omtalar	Rådmannen v/næraste leiar	Mars 2019
Sørgjer for at etablerte krav til <b>rapportering</b> blir skrifteleggjort	Krav til rapportering vil i første omgang bli nedfelt i prosjekthandboka. Rådmannen vil ev. koma attende med naudsynte presiseringar o.a. ved rullering av økonomireglementet.	Rådmannen	2018
Avklarar kriterium for kva tid forprosjekt kan handsamast administrativt, og tydeleggjer kva som er meint med <b>«større» prosjekt</b>	Vil bli presisert generelt (prosjekthandbok, delegasjons- og økonomireglement) og spesielt (i budsjettvedtak og einskildsaker)	Rådmannen	2018
Etablerer ytterlegare rutinar for <b>risikokartleggingar og -vurderingar</b>	Vil bli følgt opp i prosjekthandboka og tilhøyrande rutinar	Rådmannen	2018
Utarbeider ytterlegare rutinar for utarbeiding av kalkylar, inkludert rutinar for identifisering og vurdering av <b>usikkerheit</b> som kan påverke kalkylane	Vil bli følgt opp i prosjekthandboka og tilhøyrande rutinar	Rådmannen	2018
Vurderer å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt.	Vil bli vurdert i arbeidet med prosjekthandboka.	Rådmannen	2018

Tilrådde tiltak	Tiltak	Ansvarleg	Framdrift
Tydeleggjer rutinar for definisjon av <b>kvalitetsmål</b> for investeringsprosjekt	Vil bli vurdert i arbeidet med prosjekthandboka	Rådmannen	2018
Definere krav til oppfølging av <b>kontraktar</b> gjennom heile kontraksperioden	Vil bli følgt opp i prosjekthandboka og tilhøyrande rutinar	Rådmannen	2018
Sørgjer for at det føreligg rutinar for <b>systematisk revisjon</b> av styringsdokument, retningsliner, rutinar og malar, slik at ein sikrar at desse er oppdaterte og i samsvar med regelverk og vedtak/reglement	Prosjekthandboka med tilhøyrande prosedyrar skal liggje i kommunen sitt kvalitetssikringssystem Compilo som har system for jamnleg revisjon og oppdateringar.	Rådmannen	2018

Med helsing

Magnus Mjør  
rådmann

Lovise Vestbøstad  
kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/108-21  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	51/18	29.10.2018

**Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging**

Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 01.03.18:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» frå KPMG, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det er ønskjeleg at KPMG prioriterer dei tiltak som ligg i rapporten.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 20.08.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

**I saksframlegget til dette møtet, står bl.a. følgjande om føremål og problemstillingar**

*Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ein hensiktsmessig og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krava i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad blir grunnleggjande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?*
2. *I kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?*
3. *Korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp? Herunder:*
  - a. *Førebuing av kontraktsgjennomføring*
    - *Avklare roller og rutinar for oppfølging av den enkelte kontrakt*
    - *Gjere kontraktsvilkår, roller og rutinar for oppfølging kjent og forstått*
  - b. *Bruk av kontrakten*
    - *Følgje opp bestilling og leveranse*
    - *Godkjenning og betaling*
  - c. *Forvaltning av kontrakt overfor leverandør*
    - *Følgje opp leverandør*
    - *Endringsstyring*
    - *Avslutte kontrakt og sluttevaluering*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**I samband med statusrapportering i møte i kontrollutvalet 10.9.18 kom dette fram i sak PS 37/18:**

Forvaltningsrevisor orienterte om prosjektet og bakgrunn for forseinking i innspurten. Utvalet ønskte at rapporten vart klar for oversending til sekretariatet innan 1.10.18. Rapporten vart levert innan denne fristen.

**Drøfting:**

KPMG har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» i Stord kommune. Revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rådmannen har hatt rapporten til uttale og uttalen går fram av punkt 6.

Prosjektet er gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjon og KPMG har nytta ulike metodar for informasjonsinnsamling. Det er gjennomført dokumentinnsamling og analyse, intervju og kontrollar ved hjelp av rekneskapsdata, fakturaer og e-postkorrespondanse.

Etter sekretariatet si vurdering er det levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

**I samandraget på side 3 - 4 i rapporten, kjem revisor med slike tilrådingar:**

Våre tilrådingar er at Stord kommune prioriterer følgande:

1. Kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gie utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
  - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
  - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. Vi rår til at einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. Kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.

Forslag til innstilling byggjer på tilrådingane som går fram av samandrag og konklusjon, på side 3 - 4 i rapporten.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet føreslår for kommunestyret at dei ber rådmannen om å syta for å sette i verk tiltak på dei områda som rapporten gjev indikasjonar på at bør betrast.

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen om å syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Forslag til innstilling:**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
  - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
  - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunnngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunnngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørgje for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging



# Offentlige anskaffingar og kontraktsoppfølging

**Forvaltningsrevisjonsrapport**  
Stord kommune

September 2018

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)



# Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Stord kommune 01.03.18 har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging i kommunen. Denne rapporten er svar på kontrollutvalet si bestilling.

## Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og anbefalingar går fram av samandraget i rapporten. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her blir formål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode presentert. I kapittel 2-4 svarar vi på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen. Her blir revisjonskriteria konkretisert, samt at fakta og vurderingar blir presentert. I kapittel 5 presenterer vi våre anbefalingar. I kapittel 6 er rådmannens uttale til rapporten tatt inn.

Vi vil takke kommunen for all den gode hjelpa vi har fått i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen.

Bergen, 28.09.2018



Ole Willy Fundingsrud

Direktør

# Samandrag

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ein hensiktsmessig og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krav i lov og forskrift om offentlege anskaffingar. For å svare på dette er det oppstilt tre problemstillingar i forvaltningsrevisjonen. Forvaltningsrevisjonen omfattar heile kommunen, men i tråd med mandatet er einingane kommunalteknikk og eigedom vektlagt.

Som ledd i forvaltningsrevisjonen er det testa eit tilfeldig utval gjennomførte anskaffingar, samt henta inn informasjon om konkret kontraktsoppfølging for utvalde kontraktar.

Under er våre konklusjonar og tilrådingar.

## **Problemstilling 1: I kva grad blir grunnleggande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?**

Revisjonen si test av gjennomførte innkjøp viser at anskaffingane delvis er godt dokumentert. Bildet som kjem fram er at det vert gjort enkle, men alvorlege feil i nokon av anskaffingane. Vidare ser vi at det er ein delvis "enten-eller"-deling mellom innkjøp der ein ikkje har følgd helt grunnleggande krav i regelverket og innkjøp der undersøkte krav i stor grad er oppfylt. Dette tyder etter vår vurdering på at det kan vere personavhengnad om regelverket blir følgd eller ikkje.

Ein mangel ved fleira av anskaffingane som er gjennomført er mangelfulle anskaffingsprotokollar. Vi rår til at kommunen får på plass ein systematisk bruk av anskaffingsprotokollar, og at desse innehald utfyllande informasjon i tråd med lovkrav. Vi meiner dette langt veg vil kunne sikra at grunnleggande krav vert tatt ivare. Dette gjennom bevisstgjøring rundt lovverk, val av anskaffingsprosedyre og dokumentasjon. Vi påpeiker at dette fordrar at anskaffingsprotokollane behandlast som ein logg som vert nytta når kommunen planlegg å gjere eit innkjøp, og at den førast fortløpande gjennom heile prosessen, slik at informasjon om vurderingar og hovudtrekk frå prosessen kan hentast ut på alle tidspunkt.

Ein anna gjennomgåande mangel ved fleire av anskaffingane er manglande grunngeving for val av leverandør. Grunngevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har vurdert valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria. Grunngevinga kommunen gjev til leverandørane i anskaffingane vi har vurdert er ofte mangelfull i det at den viser til ein poengmatrise eller stadfestar at leverandør med best pris og kvalitet blir tilbode oppdraget. Etter regelverket er tilvising til ein poengmatrise ikkje tilstrekkeleg grunngeving. Eit omsyn som taler for at dette ikkje er tilstrekkelig grunngeving er at ein leverandør ikkje kan, på bakgrunn av ei slik grunngeving, vite kva forhold det er som har gjort at Stord kommune har bedømt det valte tilbodet som best på bakgrunn av tildelingskriteria. KPMG vurderer at Stord kommune, herunder Stord kommunalteknikk og eigedom må styrkje arbeidet med å gje tilstrekkelege grunngevingar i anskaffingsprosessane. Dette vil og gå fram av anskaffingsprotokollar.

## **Problemstilling 2: I kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?**

Samla sett er vår hovudvurdering at det er samsvar mellom den desentraliserte organiseringa av innkjøpsarbeidet i kommunen og tiltaka kommunen har etablert for å sette dei tilsette i stand til å ta vare på sitt ansvar, mellom anna definering av ansvar, skriftlege prosedyrar og målretta opplæring. Men vi vurderer at einingane kan bli flinkare til å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten i større grad for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessen. I tillegg er det sentralt at tilsette etterlev dei rutinane og tiltak som er nedfelt i kommunen.

## **Problemstilling 3: Korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp?**

I dag er det etablert praksis i kvar enkelt avdeling – og av enkeltpersonar - som skal sikre god kontraktsoppfølging. Bruk av NS-kontraktar som rutine for kontraktsoppfølging er utbredt i einingane vi

vurderte, og prosjektleiarars kjennskap til desse er helt sentral for i kva grad kontraktane blir følgd opp. Dette kan naturleg nok føre til variasjon i korleis og i kva grad man følgjer opp kontraktane. Vi vurderer derfor at det er en viss grad av personsårbarhet på området i dag, og vurderer samstundes at det vil vere hensiktsmessig at kommunen i større grad gjer prosedyrane i kvalitetssystemet kjent for prosjektleiarane. Vi vil likevel påpeike at prosjektleiarane på dei fem kontraktane vi har vurdert har sikra god kontraktsoppfølging, og at omfanget av kontraktsoppfølging naturleg nok kan variere frå kontrakt til kontrakt ut i frå størrelse og kompleksitet på prosjekta.

Det vesentlege er at det sikrast at nokon tek vare på kvar sentrale oppgåve i kontraktsoppfølgingsprosessen, slik at kommunens interesser blir tilstrekkeleg tatt hand om i heile løpet fram til kontrakttilhøvet avsluttast. Praksisen hos prosjektleiarane på dei fem kontraktane vi har vurdert tilseier at dette har blitt gjort.

Våre tilrådingar er at Stord kommune prioriterer følgjande:

1. Kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
  - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
  - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. Vi rår til at einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. Kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn og formål	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Revisjonskriterier	2
1.4 Metode	2
<b>2. Etterleving av anskaffingsregelverket</b>	<b>3</b>
2.1 Revisjonskriterier	3
2.2 Fakta	3
2.3 Vurderingar	4
<b>3. Rutiner og kompetanse</b>	<b>9</b>
3.1 Revisjonskriterier	9
3.2 Fakta	9
3.3 Vurderingar	11
<b>4. Kontraktsoppfølging</b>	<b>13</b>
4.1 Revisjonskriterier	13
4.2 Fakta	13
4.3 Vurderingar	17
<b>5. Tilrådingar</b>	<b>22</b>
<b>6. Rådmannens utsegn</b>	<b>23</b>
<b>Vedlegg 1 Dokumentliste</b>	<b>24</b>
<b>Vedlegg 2 Test av utbetalingar</b>	<b>25</b>
<b>Vedlegg 3 Revisjonskriterier</b>	<b>26</b>
<b>Vedlegg 5 Døme kontraktsoppfølgingsrutine</b>	<b>35</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og formål

Kontrollutvalet i Stord kommune vedtok i møte 01.03.18 å tinge ein forvaltningsrevisjon om "Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging" frå KPMG.

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ein hensiktsmessig og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krava i lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Forvaltningsrevisjonen omfattar heile kommunen, men i tråd med mandatet vektlegg vi avdelingane kommunalteknikk og eigedom. Som ledd i forvaltningsrevisjonen har vi testa eit tilfeldig utval gjennomførte anskaffingar. Det er også henta inn informasjon om konkret kontraktsoppfølging for eit utval kontraktar. Det er eit formål at undersøkingane skal dokumentere kva som fungerer bra mht. anskaffingar og kontraktsoppfølging, og kva som bør betrast ut i frå dei utvalte anskaffingane og kontraktane. Dette har vore avgrensa til:

- Test av inntil åtte gjennomførte kjøp
- Kontrollar knytt til kontraktsoppfølging for inntil fem kontraktar
- Intervju med eit utval av personar med ansvar for kontraktsoppfølging for inntil fem kontraktar

Forvaltningsrevisjonen er forbetningsorientert , og har som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller forbetningsområder.

## 1.2 Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen gjev svar på følgjande problemstillingar:

1. I kva grad blir grunnleggande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?
2. I kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?
3. Korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp? Herunder:
  - a. Førebuing av kontraktgjennomføring
    - Avklare rollar og rutinar for oppfølging av den enkelte kontrakt
    - Gjere kontraktvilkår, rollar og rutinar for oppfølging kjent og forstått
  - b. Bruk av kontrakten
    - Følgje opp bestilling og leveranse
    - Godkjenning og betaling
  - c. Forvaltning av kontrakt overfor leverandør
    - Følgje opp leverandør
    - Endringsstyring
    - Avslutte kontrakt og sluttevaluering

## 1.3 Revisjonskriterier

Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Kjelder for å utleie revisjonskriterier har vore:

- ✓ Kommunelovens § 23 om administrasjonssjefens internkontroll, samt god praksis for internkontroll hvor vi bygger på KS veilederen, "Rådmannens internkontroll" (2013), og kommunal- og regionaldepartementets rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" (2009)
- ✓ Lov og forskrift om offentlige anskaffelser<sup>1</sup>.
- ✓ DIFIs rettleiar om kontraktsoppfølging
- ✓ Kontraktar

Revisjonskriteria som er nytta i rapporten er lista i vedlegg 3.

## 1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon<sup>2</sup>.

For å svare på problemstillingane er følgjande teknikkar brukt for å samle inn data:

- ✓ Dokumentinnsamling og -analyse
- ✓ Intervju
- ✓ Kontrollar ved hjelp av regnskapsdata, fakturaer og e-postkorrespondanse

Til grunn for rapporten ligg ein gjennomgang og analyse av sentrale dokument opp mot revisjonskriteria. Liste over mottatt dokumentasjon er inntatt i vedlegg 1.

Det er gjennomført intervjuar med 6 personar frå kommunen:

- ✓ Prosjektleder
- ✓ Einingsleder Stord kommunale eigeidom i rolla som prosjektleder
- ✓ Kommunalsjef for eininga næring, miljø og kultur
- ✓ Innkjøpssjef i Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum
- ✓ Innkjøpskoordinator i Stord kommune

Intervju har vore ein sentral informasjonskjelde, og utvalet av personar er basert på forventede informasjonsverdi, erfaring og formelt ansvar i forhold til forvaltningsrevisjonens formål og problemstillingar. Formålet med intervju har vore å få utfyllende og supplerende informasjon til dokumentasjonen vi har mottatte frå kommunen. Data frå intervju er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått moglegheit til å lese igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Datainnsamlinga vart avslutta 09.07.18.

Rapport er sendt rådmannen til uttale den 10.08.2018 med høyringsfrist den 24.08.2018.

---

<sup>1</sup> Mrk at dei undersøkte innkjøpa er frå forskjellig tid og at dei er vurdert opp imot regelverket for offentlege anskaffingar som var gjeldane på tida for innkjøpet

<sup>2</sup> Utgitt av Norges Kommunerevisorforbund.

# 2. Etterleving av regelverket for anskaffingar

## 2.1 Revisjonskriterier

I kapittel 2 svarer vi på problemstilling 1 "I kva grad blir grunnleggande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?". Revisjonskriteriene er krava i lov og forskrift om offentlege anskaffingar, sjå vedlegg 3 del A.

Formålet med gjennomgangen har vore å revisjon av sentrale element i regelverket for anskaffingar. Dette som grunnlag for eventuelle forbedringar av praksis. Det har ikkje vore eit føremål å gjere ei detaljert etterprøving av om kommunen har ivaretatt alle lovkrav i dei enkelte innkjøpa.

Anskaffingsreglane og terskelverdiane som gjaldt då anskaffinga vart gjennomført er styrande for kva slags lovkrav kjøpet skal reviderast etter, og dette har KPMG tatt i betraktning når vi har vurdert etterlevinga av regelverket for åtte tilfeldige utvalde innkjøp frå kommunens leverandørreskontro for 2017<sup>3</sup>.

## 2.2 Fakta

KPMG har innhenta dokumentasjon for åtte tilfeldig utvalde innkjøp frå kommunens leverandørreskontro frå 2017, og gjort kontrollar av anskaffingsprosessane for desse kjøpa opp imot krav i regelverket. Mottatt dokumentasjon er systematisert i tabell 1-2 under. I tabellen tyder

IA = ikkje aktuelt krav for kjøpet

- = avvik / ikkje dokumentert

	Kjøp 1	Kjøp 2	Kjøp 3	Kjøp 4
<b>Innkjøp</b>	Advokatane i Borgen- Kjøp av juridiske tenester til barnevern 01.01.12 – 31.12.17	Engevik og Tislevoll AS, rehabilitering og tilbygg av Skogatufto Barnehage	JK. Arkitektur AS, arkitektprosjekterin g, dagaktivitetssenter Sæbø gard	Kruse Smith AS, ny Stord ungdomsskole
Verdi på utvalet kjøp frå leverandør i 2017	835 306 NOK	1 110 000 NOK	230 354,8 NOK	5 550 000
Kontraksverdi	Ca. 1 mill. kr. pr. år i 6 år inkl. opsjon.	6 447 683 ekskl. mva	335 000 ekskl. mva. NOK	136 427 500
Kommentar type kjøp	Rammeavtale verdi over 500 000 NOK.	Anskaffing under EØS-terskelverdi	Anskaffing under nasjonal terskelverdi	Anskaffing over EØS-terskelverdi
Utført av eining	SIB	Eigedom	Rådmann	Eigedom
Sikring av konkurranse	Open anbodskonkurranse	Open anbodskonkurranse med forhandlingar.	Konkurranse med forhandling	Open tilbodskonkurranse

<sup>3</sup> For kjøp gjennomført før 1. januar 2017 gjeld anskaffingslov- og forskrift frå 2006, og for kjøp gjennomført etter 1. januar 2017 gjeld det nye anskaffingsreglane frå 2017. For kjøp gjennomført etter 6. april 2018 gjeld dei nye terskelverdiane.

Kunngjering/ førespurnad	Doffin og Ted	Doffin	Førespurnad til fire leverandører	Doffin og Ted
Talet tilbud	4	3	4	7
Konkurransegrunnlag	Ja	Ja	Ja	Ja
Kvalifikasjonskrav	Ja	Ja	Ja	Ja
Tildelingskriterier	Ja	Ja	Ja	Ja
Tilbudsfrist	Ja	Ja	Ja	Ja
Tilbudsevaluering	Ja	Ja	Ja	Ja
Grunngjeving	Ja	Ja, delvis	IA	Ja, delvis
Meddeling tildeling	Ja	Ja	-	Ja
Signert kontrakt	Ja 21.12.11	Ja, 31.01.17	Ja, 10.05.2016	Ja, 09.05.2016
Anskaffingsprotokoll	Ja, delvis	Ja, delvis	Ja, delvis	Ja, delvis

Tabell 1. Testmatrise tilfeldig utvalgte kjøp 1-4

	Kjøp 5	Kjøp 6	Kjøp 7	Kjøp 8
<b>Innkjøp</b>	Malerfirma O.Kjelsnes AS	Stord Anlegg AS	Vassbakk og Stol AS	Xylem Water Solutions Norge AS
Verdi på utvalet kjøp frå leverandør i 2017	521 190,4 NOK	394 700 NOK	1 800 805 NOK	
Kontraktverdi	1 158 200 eksl mva.	799 026 eksl mva.	15 657 356 eksl mva.	11 950 000 eksl mva.
Kommentar type kjøp	Anskaffing under EØS-terskelverdi	Anskaffing under nasjonalterskelverdi	Anskaffing under EØS-terskelverdi	Anskaffing under EØS- terskelverdi
Utført av eining	Eigedom	Eigedom	Vatn og avlaup	Vatn og avlaup
Sikring av konkurranse	Avgrensa tilbudskonkurrans e	Avgrensa tilbudskonkurranse	Open anbudskonkurranse	Open anbudskonkurranse
Kunngjering/ Førespurnad	Førespurnad	Førespurnad	Doffin	Doffin
Talet tilbud	2	2	4	3
Konkurransegrunnlag	-	Ja	Ja	Ja
Kvalifikasjonskrav	-	Ja	Ja	Ja
Tildelingskriterier	Ja, men ikkje vekta	Ja	Ja	Ja
Tilbudsfrist	Ja	Ja	Ja	Ja
Tilbudsevaluering	-	-	Ja	Ja
Grunngjeving	Ja, delvis	IA	Ja, delvis	Ja, delvis
Meddeling om tildeling	Ja	-	Ja	Ja
Signert kontrakt	-	Ja, 12.04.2018	Ja, 15.01.2016	Ja, 11.8.16
Anskaffingsprotokoll	Ja, delvis	Ja, delvis	Ja, delvis	Ja, delvis

Tabell 2. Testmatrise tilfeldig utvalet kjøp 5-8

## 2.3 Vurderingar

Basert på etterspurd og mottatt dokumentasjon, samt andre skriftlege opplysningar, har vi over presentert fakta om eit utval gjennomførte innkjøp. Nedanfor vil vi samanfatte gjennomgangen, samt våre vurderingar av i kva grad grunnleggande krav i regelverket vart tatt ivare. Dette er gjort pr. hovudkrav.



### 2.3.1 Krav til dokumentasjon

Eit grunnleggande krav i anskaffingsregelverket er kravet om å oppbevare dokumentasjon som grunnleggjende viktige avgjerder i anskaffingsprosessen.<sup>4</sup>

Når det gjeld kjøp 5 (Malerfirma O.Kjelsnes) er det gjennomgåande mangel på sentral dokumentasjon. KPMG vurderer at det manglar dokumentert bruk av konkurransegrunnlag og ein signert kontrakt. Manglande konkurransegrunnlag medfører at vi ikkje kan slå fast om kommunen har nytta seg av kvalifikasjonskrav. Stord kommune har gitt tilbakemelding om at det ikkje ligg føre noko ytterlegare dokumentasjon, anna enn det KPMG har mottatt. Om eit konkurransegrunnlag og kontrakt vart utarbeidd er usikkert, men Stord kommune kan ikkje dokumentere at det vart gjort. Manglande evne til å vise til konkurransegrunnlag og kontrakt vurderer vi som brot på anskaffingsregelverket.<sup>5</sup>

I dei andre sju resterande innkjøpa har vi mottatt dokumentasjon som syner at krav er dokumentert i høve til regelverket.

### 2.3.2 Krav til sikring av konkurranse

Eit grunnleggande krav i anskaffingsregelverket er å sikre konkurranse. For å sikre konkurranse er det sentralt at kommunen veljar rett anskaffingsprosedyre.

For kjøp 5 (Malefirma O. Kjelsnes) viser KPMGs undersøking at kontraktverdien på denne anskaffinga er under EØS-terskelverdi, men over nasjonal terskelverdi. Houvdregelen er at anskaffingar over nasjonal terskelverdi, men under EØS-terskelverdi skal kunngjørast i Doffin.<sup>6</sup> Dersom den faktiske verdien av anskaffelsen blir høyere enn oppdragsgivers anslåtte verdi på kunngjøringstidspunktet, kan oppdragsgiver bli klaget inn for domstolene for å ha foretatt en ulovlig direkte anskaffelse. Vurderingskriteriet er hvorvidt oppdragsgivers anslag over anskaffelsens verdi var forsvarlig fastsatt på kunngjøringstidspunktet.<sup>7</sup> Kommunen opplyser om at prosjektet vart anslått til å ligge under terskelverdien på 1,1 MNOK. Etter vår vurdering syner mottekne tilbod, heri tilbodssummane, at vurderinga til kommunen var forsvarleg. Konklusjonen er ikkje opplagt, men det faktum at valt tilbodssum oversteig nasjonal terkelverdi marginalt, utgjer etter vår vurdering ikkje strid med anskaffelsesregelverket, jf. § 5-4.

Etter vår vurdering har andre større anskaffingar, kjøp 1 (Advokatane i Borgen), kjøp 2 (Engevik og Tislevoll), kjøp 7 (Vassbakk og Stol AS) og kjøp 8 (Xylem Water Solutions Norge AS), vore kunngjort i tråd med forskriftskrav om å kunngjere Doffin. I kjøp 3 (JK. Arkitektur AS) og Kjøp 6 (Stord Anlegg) med verdi under nasjonalterskelverdi har også kommunen i tråd med regelverket sikra konkurranse, her ved å sende direkte førespurnad med konkurransegrunnlag til høvesvis 4 og 3 leverandørar.

### 2.3.3 Kvalifikasjonskrav til leverandørane

Ei anskaffing er basert på at oppdragsgjevar skal dekkje eit behov. Dette behovet må beskrivast for marknaden og inngå som en del av anskaffingsdokumenta, gjerne i konkurransegrunnlaget slik at leverandørane forstår kva dei skal gi tilbod på, samt kva for krav som gjeld i konkurransen. For å beskrive behovet nærmare og for å angje kva for krav som gjeld for leverandørane skal oppdragsgivar utarbeide ein kravspesifikasjon.

Med unntak av kjøp 5 (Malefirma O. Kjelsnes) er det etter vår vurdering dokumentert bruk av kvalifikasjonskrav overfor leverandørane.

<sup>4</sup> Sjå forskrift om offentlige anskaffelser § 7-1 (1) og (2).

<sup>5</sup> Jf. fotnote 6.

<sup>6</sup> Sjå "forskrift om offentlig anskaffelser" §8-17

<sup>7</sup> Sjå KOFA-sak 2009/55

### 2.3.4 Krav til tildelingskriterium

Det er eit grunnleggjande krav til alle anskaffingar at konkurransar skal gjennomførast på ein måte som inneberer likebehandling av leverandørar, og med moglegheit for leverandørane til å verte kjent med dei forhold som skal vektlegges ved deltaking og tildeling av kontrakt.

Etter vår vurdering er det dokumentert bruk av tildelingskriterium i alle anskaffingane der dette er eit aktuelt regelverkskrav.

### 2.3.5 Krav til kontrakt

"Forskrift om offentlige anskaffelser" held fram at ein må ha ein skriftleg signert kontakt frå begge parter som markering av at ein avtale er inngått og anskaffingsprosessen er avslutta.<sup>8</sup>

For kjøp 5 (Malerfirma O. Kjelsnes) kan ikkje Stord kommune dokumentere at ein skriftleg kontrakt er inngått med leverandøren. Etter vår vurdering er dette eit brot på anskaffingsregelverket.

For kjøp 6 (Stord Anlegg) vart anskaffinga gjennomført og leverandøren byrja på oppdraget i 2017, men kontrakten vart først signert av leverandøren 12.04.18. Kontrakten vart altså signert etter at leverandøren byrja på oppdraget. Dette inneberer etter vår vurdering eit brot på anskaffingsregelverket.

For dei resterande anskaffingane kan Stord kommune syne til signerte kontraktar.

### 2.3.6 Krav til anskaffingsprotokoll

Anskaffingsprotokoll skal ifølgje regelverket dokumentere alle vesentlege forhold og viktige avgjerdene som er gjort i ei anskaffing.<sup>9</sup>

Et gjennomgåande trekk for alle kjøp er at det manglar anskaffingsprotokoll som dokumenterer alle vesentlege forhold og viktige avgjerdar gjennom prosessen, noko som er eit brot på anskaffingsregelverket. Det går fram av dokumentasjonen at det er praksis for å føre protokollar ved anbudsopning, men desse viser berre kven ein fekk tilbod av, og delvis held fram tilbode pris. Informasjon om kva som skal kjøpast og verdien på anskaffinga følgjer ikkje av protokollane. Mangelfulle protokollar etter regelverket, medfører også at etterprøvinga av innkjøpsprosessane i kommunen vert ein større utfordring enn nødvendig.

### 2.3.7 Grunngeving

Ved melding om kontraktstildeling skal oppdragsgivar gi ein grunngeving for valet av tilbod. Bakgrunnen for denne grunngevingsplikten er anskaffingsrettslege prinsippa om gjennomsiktighet og etterprøvbarhet, som har til føremål å skape tillit hos både marknaden og allmenheten om at anskaffingsprosessane går føre seg i tråd med regelverket. Grunngevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria. Krava til oppdragsgivars grunngeving er inntatt i anskaffingsforskriften og i sak 2009/215 kom KOFA fram til at det ikkje i nokon tilfelle vil vere tilstrekkeleg alene å vise til kva poeng dei enkelte tilboda har blitt tildelt, ved å til dømes utsende ein poengmatrise.<sup>10</sup>

Det er anskaffingar som følgjer del to og tre av anskaffingsregelverket som må etterleve kravet om grunngeving av valt leverandør. Kjøp 3 (JK. Arkitektur AS) og kjøp 6 (Stord anlegg AS) er kjøp som følgjer del en av anskaffingsforskriften. Kravet om grunngeving er derfor ikkje gjeldande for desse anskaffingane. For resterande kjøp er kravet om grunngeving gjeldande.

<sup>8</sup> "Forskrift om offentlige anskaffelser" § 4-1, bokstav a, jf. § 1-1,

<sup>9</sup> "Forskrift om offentlige anskaffelser" § 10-5 bokstav b, jf. bokstav a.

<sup>10</sup> "Forskrift om offentlige anskaffelser" §§ 10-1 (2) og 25-1 (2).

Kjøp 1 (Advokatane i Borgen) er ei anskaffing av ein rammeavtale som vart gjennomført av innkjøpsforumet på vegne av Sunnhordaland interkommunale barnevernteneste.<sup>11</sup> Innkjøpskontoret viser i sin grunngjeving til tildelingskriteria og poengsummen til valt tilbydar. Men innkjøpskontoret går også vidare og ga ein kort utgreiing om kva forhold som medførte at valt tilbydar fekk den poengsummen ut i frå tildelingskriteria. KPMG vurderer at utgreiinga kunne vore meir utdypende, men at grunngjevinga etter vår vurdering gjer at leverandørane truleg er i stand til å forstå kva for forhold som har gjort at innkjøpskontoret har vurdert leverandørenes tilbod som best ut i frå tildelingskriteria.

For kjøp 2 (Engevik og Tislevoll AS) og kjøp 4 (Kruse Smith AS) konkluderer Stord kommunale eigedom med at "basert på kunnngjorde kriterier har den valgte leverandøren det beste tilbudet". Vidare viser dei til en poengmatrise. Ei slik grunngjeving er i strid med føringane som følgjer av KOFA sak 2009/215, og kan ikkje vurderast som ein tilstrekkeleg grunngjeving som sikrar at leverandørane i konkurransen kan forstå kva for forhold det er som gjer at valt leverandør vart vurdert som best ut i frå tildelingskriteria.

For kjøp 5 (Malefirma O. Kjelsnes) ga Stord kommunale eigedom grunngjevinga "O.Kjelsnes er vinnar av konkurransen, dette på bakgrunn av lågast pris og elles likeverdig kvalitet. På bakgrunn av denne grunngjevinga er det vanskeleg for leverandørane å forstå kva forhold det er som har gjort at Stord kommunale eigedom vurderer at Malefirma O.Kjelsnes er best på pris og likeverdig kvalitet i høve til andre leverandørar. " Etter KPMG sin vurdering viser ikkje Stord kommunale eigedom til ein konkret vurdering når dei gjer grunngjevinga.

For kjøp 7 (Vassbakk og Stol AS) og 8 (Xylem Water Solutions AS) har Stord kommune brukt Norconsult AS til å assistere i anskaffingsprosessen. Ut i frå KPMG sin undersøking har Norconsult AS gjort ein tilstrekkeleg skriftleg evaluering av tilboda, men denne var berre tilgjengeleg for kommunen. Overfor leverandørane viser Norconsult AS til ein poengmatrise, og viser til at tilbodet med høgast vekta poengsum vart tildelt kontrakten. Dette er i strid med føringane som følgjar av KOFA sak 2009/215. KPMG vurderer at kommunen med fordel kunne lagt ved vurderingane som vart gjort overfor kommunen, slik at også leverandørane får innsikt i kva for forhold det er som gjer at kommunen har bedømt valt tilbod som best ut i frå tildelingskriteria.

### 2.3.8 Samla vurdering

Vår samla vurdering er at det gjeres enkle, men alvorlig feil i nokon av anskaffingane. Vidare ser vi at det er ein delvis "enten-eller"-deling mellom innkjøp der kor kommunen ikkje har følgd heilt grunnleggande krav i regelverket, og innkjøp der undersøkte krav i stor grad er oppfylt. Dette tyder etter vår vurdering på at det kan vere avhengig av personar i kva grad regelverket vert følgd.

Etter vår vurdering viser funna at dei utvalte innkjøpa i Stord kommune stort sett er godt dokumentert, men at kjøp 5 (Malerfirma O. Kjelsnes) i sin heilhet er utilstrekkeleg dokumentert. Her manglar konkurransegrunnlag og kontrakt med leverandøren. Dette er eksplisitte brot på anskaffingsregelverket.

Ein gjennomgåande mangel ved fleire av anskaffingane som er gjennomført av Stord kommunalteknikk og eigedom er manglande grunngjeving for val av leverandør. Grunngjevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria. Grunngjevinga kommunen gjev til leverandørane er ofte mangelfull i det at den viser til ein poengmatrise eller seier at leverandør med best pris og kvalitet blir tilbode oppdraget. Tilvising til ein poengmatrise er ikkje tilstrekkeleg grunngjeving. Ein leverandør kan ikkje på bakgrunn av ei slik grunngjeving vite kva for forhold det er som har gjort at Stord kommune har bedømt det valte tilbodet som best på bakgrunn av

---

<sup>11</sup> Rammeavtalen vart inngått med advokatfirmaet Hadeland Døssland og Co AS som i avtaleperioden byttet navn til Advokatane i Borgen. Fra KPMGs undersøking av leverandørreskontro 2017 ser vi at kommunen totalt kjøpte tenester frå Advokatane i Borgen for ca. 900 000 NOK. Vi kunne ikkje sjå at innkjøpa var regulert av ein rammeavtale, noko som gjorde anskaffinga interessant. Men innkjøpa er regulert av ein rammeavtale, men i oversikten over rammeavtaler står firmaet oppgitt i sitt tidligare namn.

tildelingskriteria. KPMG vurderer at Stord kommune må styrkje arbeidet med å gje tilstrekkelege grunngevingar ved tildeling av kontraktar i ein anskaffingsprosess.

Ein anna gjennomgåande mangel ved fleira av anskaffingane er mangelfulle anskaffingsprotokollar. Vi anbefaler at kommunen får på plass ein systematisk bruk av anskaffingsprotokollar som inneheld utfyllande informasjon i tråd med lovkrav. Vi meiner dette på lang vei vil kunne sikra at grunnleggande krav, som sikring av konkurranse, blir ivaretatt, gjennom bevisstgjøring rundt lovverk, val av anskaffingsprosedyre og dokumentasjon. Vi påpeiker at dette fordrar at anskaffingsprotokollane behandlast som ein logg som vert nytta når kommunen planlegg å gjere eit innkjøp, og at den førast fortløpande gjennom heile prosessen, slik at informasjon om vurderingar og hovudtrekk frå prosessen kan hentast ut på alle tidspunkt.

## 3. Rutiner og kompetanse

### 3.1 Revisjonskriterier

I kapittel tre svarar vi på problemstilling 2, "i kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?"

Revisjonskriterier er utledet frå kommuneloven § 23, KS rettleiaren "Rådmannens internkontroll" samt kommunal- og regionaldepartementets rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane".

- ✓ "(...) Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll."  
Fra lovforarbeidene framgår at det bør etableres rutiner og system som skal bidra til å sikre at organisasjonen når de målene som er satt og etterlever kravene som gjelder.
- ✓ Kommunen bør ha tydelige retningslinjer for anskaffelser som blant annet skiller mellom rammeavtaler, direkteanskaffelser og avrop på rammeavtaler. Retningslinjene bør også ha beløpsgrenser for å skille mellom ulike typer anskaffelser.
- ✓ Ansvar og roller i anskaffelsesprosessen må defineres tydelig. Særlig er det viktig å være tydelig på hvilke anskaffelser som kan gjøres av resultatenehene selv, og hvilke som skal gjøres av staben. Det må også defineres i hvilke tilfelle staben skal involveres underveis.

### 3.2 Fakta

#### 3.2.1 Organisering av innkjøpsarbeidet i Stord kommune

Kommunen er organisert i tre tenesteområder; oppvekst og utdanning, rehabilitering, helse og omsorg og næring, miljø og kultur. Forvaltningsrevisjonen omfattar heile kommunen, men i tråd med mandatet vektlegg vi einingane kommunalteknikk og eigedom som ligg under tenesteområdet næring, miljø og kultur. Kommunen har eit innkjøpskontor som består av ein innkjøpskoordinator i 20 % stilling. Vidare er Stord kommune vertskommune for Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum.

#### Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum

Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum vart formelt oppretta i 1999, og er styra av ein samarbeidsavtale. Samarbeidsavtalen har vore revidert, seinast i 2018. Hovudoppgåva til innkjøpsforumet er å etablere og inngå rammeavtalar der ein har felles behov med dei andre medlemskommunane. Det følgjer av samarbeidsavtalen at hovudansvaret for innkjøpsforumet er å inngå felles rammeavtalar gjeldande for vare og tenester. I dette arbeidet inngår det også å vedlikehalde rammeavtaleoversikten som medlemskommunane stiller seg til.

Innkjøpsforumet har ein innkjøpssjef i 80 % stilling, og frå august 2017 er det tilsett ein innkjøpskonsulent i 60 % stilling. Denne 60 % stillinga er ein fellesressurs som jobbar med anbudsprosjekt for felles rammeavtalar i innkjøpsforumet. Resterande 40 % av stillinga til den tilsette er disponibelt for prosjekt i dei enkelte medlemskommunane. Den tilsette kan nyttast til å rådgje ved konkurranseutsetting av enkeltkjøp, investeringar og/eller kommunespesifikke avtalar. Denne rådgjevande funksjonen fakturerast bestillerkommunen, til dømes prosjekta som nyttar seg av den tenesta.

Stord kommune inngår i dette samarbeidet, og er administrativ vertskommune for innkjøpsforumet. Kvar kommune i ordninga stiller med eigen ressurs i minimum 20 % stilling til deler av jobben som vedkjem sin eigen kommune. I Stord kommune er det innkjøpssjefen i innkjøpsforumet som har ei 20 % stilling som innkjøpskoordinator ved innkjøpskontoret i Stord kommune.

## **Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom**

Stord kommunale eigedom og Stord kommunalteknikk står for dei mest komplekse og største anskaffingane i Stord kommune, og gjer eigne anbudsprosjekt/ -prosessar vedkommande mellom anna i høve investeringsprosjekt og einskildkjøp. Som skildra er hovudansvaret til innkjøpsforumet i inngå rammeavtaler gjeldande vare og tenester. I større investeringsprosjekt har dei enkelte einingane i Stord kommune individuelle behov og kan gjennomføre eigne anskaffingar.

Ansvar for innkjøp i Stord kommune er desentralisert til einingsleiarane. Einingsleiarane sine fullmakter til å gjennomføre anskaffingar følgjer av årsbudsjettet. I praksis delegerast denne oppgåva til andre i einingane. Einingane har ikkje eigne/dedikerte innkjøpsstillingar, så det er prosjektleiarane i samråd med prosjektansvarleg/fagansvarleg som gjennomfører anskaffingane. Prosjektleiar gjennomfører prosjektet og anskaffinga på bestilling frå fagsjef og leiar i fagavdelinga plan og utvikling. Prosjektansvarleg i samråd med plan og utvikling lagar ein prosjektbestilling, og prosjektleiar og prosjekterande lagar konkurransegrunnlaget, samt har ansvar for å kunngjere konkurransen. Denne rolleavklaringa følgjer av prosjekthandboka som nyttast i avdelingane.

Avdelingane i einingane kan støtte seg til innkjøpskoordinatoren i Stord kommune eller innkjøpskonsulenten i innkjøpssamarbeidet for å få støtte til mellom anna kvalitetssikring av konkurransegrunnlag i tilbuds/anbudskonkurransar. Tidsbruken til vedkommande blir fakturert inn i det aktuelle prosjekta. Alle respondentane KPMG har snakket med seier dei kan nytte denne bistanden som støttefunksjon i anskaffingsprosessen. Fleire av respondentane hevdar at det er utfordrande å bruke denne støttefunksjonen fordi innkjøpskoordinatoren og/eller innkjøpskonsulenten ikkje har fagspesifikk kompetanse innanfor eigedom og kommunalteknikk, noko fleire av respondentane meiner er naudsynt når ein gjennomfører anskaffingar på dette området.

### **3.2.2 Felles innkjøpsprosedyrar**

Stord kommune følgjer dei felles retningslinjene for innkjøp i innkjøpsforumet, mellom anna ein innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Retningslinjene gjeld for alle typar innkjøp i Stord kommune. Reglementet skal hjelpe tilsette til å ta rett val med omsyn til prosedyrar ved innkjøp i kommunen. Kvar medlemskommune i innkjøpsforumet har også ein eigen rettleiar for anskaffingar som gjeld i den enkelte kommune. Kommunen har fridom til å stilla eigne krav der dette er aktuelt. Dei felles retningslinjene gjeld i så måte.

Gjennom innkjøpsforumet har tilsette i Stord kommune tilgang til ein felles oversikt over avtalar, strategi, reglement, rettleiar, malar og lenker til lovverk i Sharpoint. Dette er felles for alle kommunane i innkjøpssamarbeidet. Einingsleiarane og prosjektleiarane i Stord kommune, som KPMG har intervjuet, informerer om at dei brukar prosedyrane og malane som er utarbeida av innkjøpsforumet.

Reglementet er oppdatert med det anskaffingsregelverket som gjeld frå 1. januar 2017. Anskaffingsrettleiarane vart revidert 6. april 2018 for å implementere dei nye terskelverdiane som var gjeldande frå 6. april 2018.

Som ein del av innkjøpssamarbeidet vart det også gjennomført eit digitaliseringsprosjekt med innføring av eit felles elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy. Kommunen opplyser at dei har tatt i bruk eit eige konkurranse-gjennomføringsverktøy (KGV) dei siste åra. Einingane i kommunen innførte dette verktøyet innan juli 2018.

### **3.2.3 Opplæring til tilsette som gjer innkjøp**

Innkjøpsforumet driv primært med rettleiing til tilsette i kommunen, og gjer dette fleire gonger i veka. Innkjøpsforumet driv ikkje med noko omfattande systematisk intern formell opplæring i kommunen, men ved innføring av ehandel gjennomførte innkjøpsforumet opplæring av tilsette i alle dei 19 kommunane som deltok i prosjektet, inkludert Stord kommune.

Det vart gjennomgåande nemnt i intervjuet at einingsleiarane prøver å halde prosjektleiarane som

gjennomfører anskaffingar faglig oppdatert ved å sende dei på kurs. Prosjektleiarene KPMG snakka med kunne fortelje at dei har deltatt på kurs i offentlige anskaffingar, og at desse var relativt omfattande kurs. Vidare har prosjektleiarene i Stord kommunale eigedom tatt ein sertifisering retta mot anskaffingar innan bygg og anlegg med mellom anna avtalevilkår i NS-standardar. Det vart påpeikt at dette er nødvendig fordi innan bygg og anlegg er konkurranseutsetjinga og avtalevilkåra på mange måtar annleis enn innan varer og tenester.

Prosjektleiarene nemnte også at dei søker støtte i prosjektgruppa innanfor si eining, kor det er god kompetanse på anskaffingsregelverket blant dei tilsette. Einingsleiarene held fram at det er opparbeidd god kompetanse på anskaffingar i prosjektgruppa, og at denne gruppa i samråd gjerne utarbeider konkurransegrunnlaga.

### 3.3 Vurderingar

Frå krav og rettleiing om god internkontroll på anskaffingsområdet går fram at det bør etablerast rutinar, system og retningsliner som skal bidra til å sikre at Stord kommune etterlever krava i anskaffingsregelverket og at kommunen når sine mål for effektive og riktige innkjøp.

Ein grunnleggjande føresetnad for å sikre god internkontroll ved anskaffingar er at ansvar er avklart. Etter vår vurdering har Stord kommune ein desentralisert organisering av innkjøpsarbeidet for anskaffingar i einingane, kor det etter vår vurdering er tydeleg at eigarskapet og ansvaret for utføring av anskaffingar ligg hos dei enkelte avdelingane og prosjektleiaren som gjer anskaffingane.

Kommunen si organisering inneberer at alle som får delegert ansvaret kan gjere innkjøp. For å sikre at kommunen sine interesser vert tatt vare på ved alle anskaffingane, fordrar organiseringa at det er oppdatert kompetanse i regelverk og innkjøpsfag hos mange personar. Denne organiseringa kan medføre stor personavhengnad i etterlevinga av anskaffingsregelverket. Trass i dette vurderer vi at det er sette i verk tilstrekkeleg tiltak som set dei tilsette i stand til å ta vare på sitt ansvar. Her refererer vi til internkontrolltiltak som definering av ansvar, tilstrekkeleg detaljerte prosedyrar som gjerast kjent og haldast oppdatert, samt opplæring i anskaffingsregelverket. Vi vurderer det også som positivt at prosjektgruppa i einingane sitt med omfattande erfaring og kompetanse, noko prosjektleiarene kan støtte seg på og nytta som sidemannskontroll i anskaffingsprosessen.

Innkjøpskoordinatoren i Stord kommune har ikkje noko bestemt funksjon overfor innkjøpsarbeidet i einingane, anna enn å ha ein rådgivande funksjon, samt stille med anskaffingsrettleiaren. Sunndhordaland innkjøpsforum har heller ikkje noko bestemt funksjon overfor innkjøpsarbeidet i einingane, anna enn å stille med innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement, og ein innkjøpskonsulent som kan bidra inn mot gjennomføring av anskaffingar på førespurnad frå bestiller kommunen/einingane. Etter vår vurdering kan det vere behov for å gjere tydelig korleis støttefunksjonane i innkjøpsarbeidet skal/kan nyttast av prosjektleiarene.

Innkjøpskontoret og innkjøpskonsulenten i innkjøpsforumet kan brukast til dels til støtte i anskaffingsprosessen på førespurnad frå tilsette, men slik vi ser det er det ikkje definert at støttefunksjonane skal involverast underveis, *når* dei skal/bør involverast, eller kva funksjon desse skal ha overfor avdelingane i samband med anskaffingar. Dette gjeld kanskje særleg innkjøpskonsulenten i innkjøpsforumet som kan nyttast på førespurnad frå kommunane. Stillinga vart oppretta i august 2017, og dette må tas i betraktning når vi vurderer kor godt innarbeida bruk av denne rådgivande funksjonen er i einingane i kommunen. Vår vurdering er at det kan vere tenleg for anskaffingsarbeidet i einingane viss støttefunksjonane vart meir involvert i prosessane. Vi ser at dette kan vere utfordrande da anskaffingane som gjennomførast i einingane fordrar fagkunnskap, men det kan vere positivt om einingane involverer støttefunksjonane til å kvalitetssikre det anskaffingsrettslege aspektet ved innkjøp i større grad. Som skildra i denne revisjonen, finn vi mellom anna at det er valt feil prosedyre for to anskaffingar. Dette er tilhøve som kune ha vore unngått ved ekstra kvalitetssikring. Med bakgrunn i god praksis for internkontroll vurderer vi at dette er spørsmål som må avklårast gjennom avhjelpande retningsliner og konkrete rutinar.

Samla sett er vår hovudvurdering at det i hovudsak er samsvar mellom den desentraliserte organiseringa av innkjøpsarbeidet i kommunen og tiltaka kommunen har etablert for å sette dei tilsette

i stand til å ta vare på sitt ansvar, mellom anna definerer av ansvar, skriftlege prosedyrar og målretta opplæring. Men einingane kan bli flinkare til å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten i større grad for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessen.



# 4. Kontraktsoppfølging

## 4.1 Revisjonskriterier

I kapittel 4 besvarer vi problemstilling 3, "korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp?" Som revisjonskriterier har vi nytta:

- ✓ KommuneLovens § 23 om administrasjonssjefens internkontroll
- ✓ Difis veiledning om offentlige anskaffelser
- ✓ Rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane"
- ✓ Vilkår i de enkelte kontrakter

For utdyping av revisjonskriteriene, med unntak av kontraktinnhold, viser vi til vedlegg 3 del B.

## 4.2 Fakta

### 4.2.1 Innleiing

For å skildre korleis kommunen følgjer opp kontraktar, har vi gjennomgått praksis knytt til totalt fem utvalde avtalar inngått av Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom.

Fram til 1. januar 2016 var kommunalteknikk og eigedom organisert i egne kommunale føretak. Dei hadde då egne rutinar og prosjekthandbøker kor roller og ansvar i høve til kontraktsoppfølging var omtala. Ein nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon innanfor prosjektstyring påpeikte veikskap ved desse dokumenta. Stord kommune er no i ein prosess kor dei skal etablere eit felles system med rutinar og prosjekthandbøker for einingane. Kommunen påpeiker at dette er fornuftig fordi prosjektleiarprosessen er felles for heile kommunen, og med det kan også prosjekthandboka vere det. Kommunen opplyser vidare at Stord kommunalteknikk er organisert slik at prosjektleiarane, avdelingsleiar og prosjektansvarleg har felles fora og arena kor problem som er av både fagleg og kontraktuell art vert drøfta og løyst.

I kvalitetssystemet er ulike sider ved organiseringa av prosjekt skildra, mellom anna rollar og ansvar, samt aktivitetar i kontraktoppfølgingsprosessen. Prosjektleiar i eit prosjekt blir oppnemnt av prosjektansvarleg, og er leiar av prosjektgruppa. Prosjektleiar er delegert ansvar for gjennomføring av prosjektet. I dette arbeidet inngår å følgje opp kontrakten med aktuelle leverandørar i prosjektet. Kontraktoppfølgingsaktivitetane inneberer kontraktgjennomgang, oppstartsmøte med leverandør, endringshandtering, avvikshandtering, økonomistyring/kontroll, fullmakter, ferdigsynfaring og overtakingsforretning. Prosjektleiarane vi har intervjuar nemner at det er eintydig praksis at prosjektleiar har ansvar for å følgje opp kontrakten i tråd med rolle- og ansvarsavklaringa i kvalitetssystemet.

Prosjektleiarane held fram at dei brukar prosjekthandboka i kontraktsoppfølgingsarbeidet, men at dei også brukar NS-standardane som seier noko om korleis kontraktar skal følgjast opp. I NS-kontraktane er det lista opp korleis kontrakten skal følgjast opp, og praksisen som følgjar av NS-kontraktane er i bransjen vurdert som god praksis for kontraktsoppfølging.

Vi vil først skildre hovudmomenta frå korleis kommunen har følgd opp dei fem utvalte avtalane. Vi presenterer så nokre generelle observasjonar, og til sist våre vurderingar.

Dei fem utvalt kontraktane er:

Nr.	Leverandør	Namn på kontrakt	Kontraksverdi ekskl. Mva
1	Abyss Subsea AS	Sjøledningar - SKT.	6 462 582 NOK
2	Engelsen Entreprenør AS	Bjallandsløkjen/Hornelandsvågen AP, VM - SKT	2 295 110 NOK
3	Engelsen Bygg AS	Snøggghjelp - SKE.	41 477 000 NOK
4	Fronta Bolig Bygg AS	Hystad Skule – Lukke avvik arbeidstilsyn - SKE	12 737 500 NOK
5	Landmark Maskin AS	VA – Byrkjelandsløkjen til Skersholmene	25 602 192 NOK

#### 4.2.2 Oppfølging av kontrakt med Abyss Subsea AS

Avtalen gjeld legging av sjøleidning mellom Skjærsholmane og Kårevik. Kontrakten vart inngått av Stord kommunalteknikk på vegne av Stord kommune som byggherre.

På denne kontrakten var det ein prosjektleiar i Stord kommunalteknikk som var ansvarleg for oppfølginga av kontrakten, og var kontraktansvarlig i lag med leiar for plan og utvikling, samt prosjektansvarleg. Det var avklart at kontraktoppfølgingsansvaret vart tildelt og følgde rolla som prosjektleiar. Prosjektleiar held fram at han i samråd med byggeleiar følgde opp kontrakten. Byggeleiar på denne kontrakten var ein ekstern aktør. I tillegg vart konsulentar frå Norconsult brukt til å utarbeide kontraktsdokumenta.

KPMG har fått tilsendt dokumentasjon som viser at prosjektleiar har gjennomført kontraktavklaringsmøte med Abyss Subsea AS kor også konsulentane frå Norconsult deltok. I dette møtet vart det avklart mellom anna framdrift og utføring av prosjektet.

Prosjektleiar for dette oppdraget opplyser at det var fleire utfordringar med denne kontrakten og leverandøren fordi leverandøren ikkje leverte på kvalitet og framdrift, trass i at dette var avklart i kontraktavklaringsmøtet. Dette vart oppdaga gjennom tett og dokumentert oppfølging, samt bekymringsmeldingar frå publikum. På grunn av manglande kvalitet og framdrift valte kommunen å utsette betalinga inntil leverandøren leverte i samsvar med kontrakten. Vidare vart det varsla og utstedt dagsbøter i samsvar med kontrakten som følgje av manglande leveranse frå Abyss Subsea AS.

Stord kommune kan dokumentere at Abyss Subsea AS sendte inn fleire endringsmeldingar, men at kommunen avviste dei fleste endringane med grunngjeving i at endringane ikkje vart varslet tidsnok, og fordi årsakene til endringane er tilhøve som entreprenøren rår over og var derfor behandla som avvik i leveransen, ikkje endringar i prosjektet.

Det vart gjennomført eit avslutningsmøte med leverandøren kor leiinga i Abyss Subsea AS, prosjektansvarleg, prosjektleiar og byggeleiar deltok. Prosjektleiar laga også ein sluttrapport for prosjektet. Det vart ikkje gjennomført ei sluttsynfaring fordi dette ikkje var praktisk mulig på undervatnsleidningar, men leidningsnettet vart filma som dokumentasjon på visuell sluttkontroll.

#### 4.2.3 Oppfølging av kontrakt med Engelsen Bygg AS

Kontrakten gjeld totalentreprise av legevaktbygget i Stord kommune. Kontrakten vart inngått av Stord kommunale eigedom på vegne av byggherre Stord kommune.

Prosjektleiar på dette prosjektet slutta før prosjektet var ferdigstilt, og prosjektansvarleg gikk derfor inn som prosjektleiar. Det vart tidlig i prosjektfasen avklart at det er prosjektleiar som har hovudansvar for kontraktoppfølging, men kan støtte seg på prosjektgruppa og økonomiavdelinga.

Ein forstudie og eit forprosjekt vart gjennomført av rådmannen før Stord kommunale eigedom overtok prosjektet og kunngjorde konkurransen. Prosjektleiari, fagsjef og prosjektansvarleg inngjekk i prosjektgruppa på dette prosjektet, men prosjektleiari slutta før prosjektet var ferdigstilt, og prosjektansvarleg tok då over rolla som prosjektleiari.

Prosjektleiari påpeiker at kontraktsoppfølgingsarbeidet ved totalentreprisar avheng av ein god forstudie og godt forprosjekt. Viss denne fasen av prosjektet er mangelfull er det enklare for entreprenøren å krevje endringar og tillegg ved prosjekteringa og utføringa av prosjektet. Det vart meldt om endringar på dette prosjektet og endringsmeldingane inngår som ein del av kontraktokumentasjonen KPMG har mottatt. Endringane vart vurdert internt før dei eventuelt vart godkjent med signatur. Prosjektleiari påpeiker at nokre endringar vart avvist fordi dei allereie var regulert av kontrakten. Prosjektleiari påpeikte i intervju at det er viktig at alle prosjektleiare kjenner kontrakten godt, då fleire tillegg og endringar som leverandøren fremjar ofte er regulert av kontrakten. Dette prosjektet kosta 1,5 millionar meir enn budsjettert på grunn av tillegg som oppstod undervegs. Prosjektleiari vurderar ikkje dette som avvik på kontrakten.

I dette prosjektet vart betalningar kontrollert fortløpande og prosjektleiari nemner at leverandøren følgde betalingsplanen i samsvar med kontrakten.

Legevaktbygget var i drift i februar 2017, og i forkant av ferdigstillinga vart det gjennomført ferdigsynfaring. KPMG har ikkje mottatt dokumentasjon som viser at prosjektet vart skriftleg slutt-evaluert, men prosjektleiari nemner at dette ikkje alltid vert gjort. Det vart gjennomført eitt års synfaring av bygget, noko som prosjektleiari påpeikar alltid vert gjort på slike prosjekt. Det vart påpeikt at prosjektet vart gjennomført utan at ein har hatt avvik frå kontrakten.

#### **4.2.4 Oppfølging av kontrakt med Fronta Bolig Bygg AS**

Avtalen gjeld totalentreprise av nybygg ved Hystad Skule. Kontrakten vart inngått av Stord kommunale eigedom på vegne av Stord kommune som byggherre.

Prosjektleiari har ansvar for oppfølging av leverandøren og kontrakten. På dette prosjektet vart det nytta ein ekstern kontrollutførande til å følgje opp både prosjekteringa og utføringa. Fronta Bolig Bygg AS vart følgt opp gjennom byggherremøte, prosjekteringsmøte og kontroll på byggeplassen.

Kontraktoppfølging er alle forhold og situasjoner som oppstår fra kontrakt er signert til kontrakten er avsluttet og partene ikke lenger har retter og plikter etter kontrakten. Dette innebærer særlig å kontrollere og sørge for at leverandøren leverer det han skal, når han skal, og ellers oppfyller alle sine plikter. Men det innebærer også blant annet å implementere kontrakten i sin egen virksomhet, slik at en selv etterlever sine forpliktelser overfor leverandøren. Kontraktoppfølging handler også om å håndtere uventede og endrede situasjoner som man ikke forventet da kontrakten ble inngått.

Ansvar for kontraktoppfølgingen er fordelt på flere roller (én person kan inneha flere roller):

- ✓ **Kontraktseier** som har ansvar for å tilrettelegge (implementere) kontrakten/rammeavtalen i virksomheten, dvs tilrettelegge med egnede rutiner og gjøre avtalen kjent i virksomheten.
- ✓ **Bestiller/Bruker** som bestiller/avroper på kontrakten/rammeavtalen og som mottar ytelsen og sørger for betaling. Bestiller/Bruker vil typisk også være fordelt på ulike personer/roller
- ✓ **Kontraktsforvalter** som har ansvaret for å følge opp kontrakten/rammeavtalen overfor leverandøren for å sikre smidig gjennomføring av avtalen og avdekke avvik i tide for å kunne rette disse.

Som del av kontraktoppfølgingen er endringsstyring viktig både for oppdragsgiver og leverandør. Rammer for hvilke endringer som tillates er regulert i lov om offentlige anskaffelser. Utgangspunktet er kunngjøringen og konkurransegrunnlaget valgt leverandør er kvalifisert og evaluert på. Dersom det gjøres endringer i kontrakten som ville medført at en annen leverandør hadde blitt valgt kan det tyde på at endringen er i strid med loven. Eksempler på slike endringer er godkjenning av vesentlig prisøkning

etter tildeling, lemping på serviceparametere, vesentlige endringer av sortiment og endring av risikofordeling. I denne forvaltningrevisjonen vurderes kommunens egne internkontrollrutiner for å følge opp kontraktetterlevelse som bidrar til å redusere sannsynligheten for at det foretas endringer som er i strid med loven.

**Anbefalinger om internkontroll med anskaffelser fra kommunal- og regionaldepartementet<sup>17</sup>.**

Tilråding 31: Kommunen bør lage eit system for kontraktsoppfølging som kan handtere endringsordrar og tilleggsarbeid. Dette området bør ha særskilde krav til kontrollaktivitetar som reduserer risikoen til eit akseptabelt nivå.

Tilråding 32: Kommunen må ha kontrollaktivitetar knytt til bestilling, varemottak og utbetaling for å redusere risikoen for korrupsjon, mislegheiter og budsjettoverskridingar. Kommunen bør mellom anna ha rutinar for kontroll av fakturaer mot kontraktsvilkåra, bestilling og faktisk levering. Arbeidsdeling må sikrast.

---

<sup>17</sup> Rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane", Kommunal- og regionaldepartementet, 2009.

# Vedlegg 5 Eksempel kontraktsoppfølgingsrutine

Under har vi lagt ved et eksempel på innhold som kan inngå i en generell rutine for oppfølging av kontrakter. Punktene er i det vesentlige hentet fra Difi. Ytterligere informasjon er å finne på difi.no med veiledere. Rutinen omtaler kontraktstyring fra inngått kontrakt til avslutning av kontraktsforholdet. Det er gitt eksempel på en innholdsliste for en rutine, hvilke forhold som bør omfattes av rutinen og ansvarlige roller for de ulike deler. Rutinen er ikke skrevet ut i sin helhet, men det er gitt forklaringer og eksempler på innhold, ment til hjelp for arbeid med egne rutiner, enten det er for en generell og overordnet rutine eller om det er ønskelig med spesifikke rutiner for ulike kontraktstyper.

## Rutine for kontraktsoppfølging

1. INNLEIING
  - a. Formål med rutinen
  - b. Verkeområde
  - c. Definisjonar
2. FORBEREDING AV KONTRAKTSGJENNOMFØRING
  - a. Etablere kontraktsregime
  - b. Intern implementering
3. BRUK AV KONTRAKTEN
  - a. Følge opp bestilling og leveranse
  - b. Godkjenne og betale
4. FORVALTNING AV KONTRAKT
  - a. Følge opp leverandør
  - b. Endringsstyring
  - c. Avslutte kontrakt
  - d. Sluttevaluering

1. INNLEIING
  - a. Formål med rutinen
  - b. Verkeområde

Kva og for kven rutinen gjeld for.

- c. Definisjonar

**Kontraktseigar:** Har ansvar for å legge til rette (implementere) kontrakten/rammeavtalen i verksemda, dvs. forberede kontraktsgjennomføringa ved å legge til rette med egna rutinar og gjere avtalen og rutinar kjend i verksemda.

**Bestiller/bruker:** Bestiller/avropar på kontrakten/rammeavtalen, tek i mot ytinga og sørgjer for betaling. Bestiller/bruker vil typisk vere fordelt på fleire personar/roller.

**Kontraktsforvaltar:** Har ansvaret for å følgje opp kontrakten/rammeavtalen overfor leverandøren gjennom kontrakten si levetid for å sikre smidig gjennomføring av avtalen og avdekke avvik i tide for å kunne rette desse.

2. FORBEREDING AV KONTRAKTSGJENNOMFØRING **Kven: Kontraktseigar**
  - a. Etablere kontraktsregime

Formål: Konkretisere og avtale nærare korleis avtalen skal gjennomførast og forvaltas.

- Avtale rutinar for praktisk gjennomføring av avtalen med leverandør. Til dømes:
  - Avtale alt som står i kontrakten at skal "avtalast nærare"
  - Konkretisere kontraktsmøter, rapportering, ressurspersoner og rutinar kring bestilling, leveranse og mottak. Herunder, korleis skal leverandør dokumentere at leveransane samsvarer med kontrakt?
- Plassere ansvar for, sette av ressursar til, samt etablere rutinar for oppfølging av kontrakten internt i verksemda. Til dømes avklare
  - Kven skal inneha rolla som Kontraktsforvaltar?
  - Kven er det "daglege" kontaktpunkt hos oppdragsgjevar og leverandøren, og kven er eskaleringspunkt hos kvar part?
  - Kva personar skal ha rollen som Bestiller/Bruker?
  - Kva er rutinane for bestilling, mottak, kontroll og godkjenning av betaling?
  - Korleis skal ytinga kvalitetssikrast?
  - Kva avvik skal og korleis skal dei rapporterst til Kontraktsforvaltar?
  - Korleis skal leverandøren jamleg følgjast opp? (Møter, rapportering etc.)
  - Kven skal kunne godkjenne endringar i avtaleforholdet?

#### **b. Intern implementering**

Formål: Forankre inngått kontrakt internt og kommunisere ansvaret for kontraktsmessig gjennomføring av avtalen til alle som har ei rolle i kontraktsoppfølginga.

- Kommunisere innhaldet i kontrakten/avtalen
- Kommunisere kva rutinar som er etablert, herunder kven som har fått kva roller

### **3. BRUK AV KONTRAKTEN      Kven: Bestiller/brukar**

#### **a. Følgje opp bestilling og leveranse**

Formål: Oppfølging og overvaking av det som faktisk blir levert for å nå målet med anskaffinga.

- Avklare kva avtale som passar for å dekke behovet (sjå til kontraktsarkiv)
- Spesifisere bestilling i samsvar med dei krava kontrakten/rammeavtalen set.
- Ta i mot ytinga. Herunder
  - Følgje opp ytinga til betaling for denne er gjort og eventuelle avvik er handtert og rapportert.
  - Avvik kan vere: Ordrestadfesting avviker frå bestilling, Leveranse er ikkje komen eller forseinka, Leveranse er mangelfull eller har skader, Dokumentasjon avviker frå faktiske forhold, Faktura avviker frå leveranse eller avtalte vilkår
  - Dokumentere avvik for evaluering og avvikshandtering.
- Varsle avvik laupande til leverandøren med kopi til Kontraktsforvaltar for oppfølging av sjølve kontrakten (vesentlige eller repeterande avvik kan medføre rett til å avslutte kontraktforhold før kontrakten er oppfylt).
- Følgje opp avvik straks etter at dei er oppdaga og arbeide for å finne gode løysingar

#### **a. Godkjenne og betale**

Framgangsmåte for kontroll, godkjenning og betaling av faktura frå leverandør skal følgje gjeldande rutinar for dette (her kan det visast til andre relevante rutinar i kommunen).

### **4. FORVALTNING AV KONTRAKT      Kven: Kontraktsforvaltar**

Formål: Oppnå god oppfølging av leveransar, leverandør og avtalte operative tilpassingar av inngått kontrakt, gjennom levetida til kontrakten.

#### **a. Følgje opp leverandør**

- Utføre måling og oppfølging etter avtale med leverandør og interne prioriteringar. Sentrale områder kan vere:
  - Pris- og kostnadskontroll. Både i forhold til avtaleprisar og eventuelle pris- og katalogendringar.
  - Oversikt og kontroll med totale kjøp på kontrakten i forhold til kontraktsverdi
  - Kostnadsutvikling. Korleis innkjøpa påverkar verksemda sitt kostnadsbilde.
  - Kvalitet. Produktfeil og leveransefeil.
  - Logistikk. Nedetid og leveransenøyaktigheit (tid/mengde).

#### **b. Endringsstyring**

- Styre og ha laupande kontroll på endringane som gjerast / oppmodast om i avtaleforholdet.
- Handtere endringsforslag. Vurdere konsekvensar av endringar. Til dømes:
  - Kva økonomiske konsekvensar får endringa?
  - Kva endringar i forpliktingar for oppdragsgjever og leverandør gir endringa?
  - Vil endringa endre risikobildet mellom avtalepartane?
  - Kva organisatoriske og prosessuelle konsekvensar får endringa?
  - Kva kvalitetsmessige konsekvensar får endringa?
- Legge fram konsekvensvurdering av endringsforslaget til den som har mynde til å godkjenne endringar (denne gjer så godkjenninga)

#### **c. Avslutte kontrakt**

Her omtalast normal avslutning av eit kontraktsforhold. Kontraktsavslutning kan også vere knytt til at partane ikkje har oppfylt sine forpliktingar i samsvar med inngått avtale og der ein av partane bringer avtalen til opphør.

- Sikre at forståinga for kontraktsavslutning og korleis dette gjennomførast i samsvar med kontrakten sine bestemmelser er godt etablert i eigen verksemd og hos leverandøren
- Avslutte rammeavtale:
  - I løpet av det siste avtaleåret vil verksemda vere pliktig til å gjennomføre ei ny konkurranseutsetjing, der utfallet av konkurransen vil vere kjent i god tid før avtalen sin utløpsdato.
- Avslutte enkeltanskaffing:
  - Endeleg godkjenning av leveransmengde, funksjonalitet, kvalitet, resultat osv.
- Gjennomføre ein felles gjennomgang med leverandøren i samband med kontraktsavslutning for gjensidig erfaringsutveksling for å sikre viktige bidrag til å betre framtidige leveransar og leverandørforhold.

#### **d. Sluttevaluering**

Formål: Gjennomføre ein intern evaluering som bidreg til at framtidige anskaffingar blir betre (vurderast avhengig av storleiken og betydninga til anskaffinga).

- Gjennomføre sluttevaluering. Døme på tema for evalueringa:
  - Kvifor blei / blei ikkje mål og resultat nådd?
  - Blei behovet skildra rett/tilstrekkeleg i verksemda?
  - Var det manglande involvering av interessentar?
  - Var det interne leveransar som var forseinka?
  - Var det riktige krav, tildelingskrita og kontraktsvilkår som blei brukt?
  - Lverte ikkje leverandøren som avtalt?
    - Blei det usemje om kva som var avtalt kvalitet?
    - Hadde ikkje leverandøren tilstrekkeleg kompetanse?
    - Var det for mange underleverandørar?

- Endra leverandørene ytinga eller prisar som ikkje var avtalt? Kvifor oppdaga vi det ikkje?
      - Blei sanksjonane nytta? Eventuelt kvifor ikkje - var det eit klokt val?
  - Følgde verksemda opp kontrakten for å sikre kontraktsmessig yting gjennom heile avtaleperioden?
    - Var det / var det ikkje sett av ressursar?
    - Var det / var det ikkje tilstrekkeleg med oppfølgingsmøter?
  - Var det tilstrekkelege rutinar for mottakskontroll og for å fange opp avvik?
  - Var ansvar og mynde (fullmakt) gjennom heile prosessen frå inngåing til avslutning tydeleg definert med roller? Blei desse rollene utøvd?
  - Var avtalen tilstrekkeleg kommunisert internt til verksemda (implementert)?
  - Har verksemda tilstrekkelege elektroniske støttesystem?
- Dokumentere sluttevalueringa i ein rapport og kommunisere den slik at dei som skal vere involvert i framtidige anskaffingar får kjennskap til dei erfaringane som er gjort.





**Kontakt oss**

**Ole Willy Fundingsrud**

**Direktør**

**T** +47 40 63 96 92

**E** [ole.willy.fundingsrud@kpmg.no](mailto:ole.willy.fundingsrud@kpmg.no)

**Lena Davik Fjørtoft**

**Senior associate**

**T** +47 40 63 92 64

**E** [lena.fjortoft@kpmg.no](mailto:lena.fjortoft@kpmg.no)

[kpmg.no](http://kpmg.no)



© 2018 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2015/181-36  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	52/18	29.10.2018

### Bestilling - ny vurdering

#### Bakgrunn for saka:

Del 1.

Kontrollutvalet hadde oppe sak om bestilling i møte 10.09.18, sak PS 42/18, der dette vart protokollert:

#### **Handsaming i møtet:**

*Kontrollutvalet drøfta seg fram til kva det var ønskemål om å bestilla, og hadde desse innspela:*

- *Tenestetilbod innan rus og psykiatri*
- *Fokus på aldersgruppe 16 – 30 år.*

*I drøftinga var både førebygging og rehabilitering nemnt, utan at det vart konkludert.*

*Vedtak i saka var samrøystes.*

#### **Vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 16 – 30 år.*
2. *KPMG blir beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk*
3. *Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet innan 01.10.2018*
4. *Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen*
5. *Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist*
6. *Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 29.11.2018.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

## Del 2

Rådmannen sende 21.09.18 e-post til kontrollutvalsleiaren med slik innhald:

*Eg ser av møteboka frå sist møte i kontrollutvalet at de vil gjennomføra ein forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 16-30 år.*

*I fall du ikkje er kjent med det, sender eg her over ein rapport frå eit tilsyn Fylkesmannen hadde på dei same tenestene no i vår. Det gjev generelt god omtale av tenestene. Avviket som var påpeika er no lukka.*

## Del 3

I samråd med kontrollutvalsleiaren har sekretariatet konferert med KPMG, samt sendt ut spørsmål til kontrollutvalet sine medlemmar om bl.a. dette:

1. *Skal me gjennomføra forvaltningsrevisjon som planlagt innan saksfeltet rus og psykiatri?*
2. *Bør me ha eit ekstramøte i oktober?*

Oppsummert så var det stemning for å halda eit ekstra møte i slutten av oktober, der tema for bestilling vart vurdert på ny.

## Del 4

Det føreligg prosjektplan frå KPMG om forvaltningsrevisjon om psykisk helsearbeid og rusomsorg, som er vedlagt. Revisor er blitt beden om å ikkje føreta seg noko meire i saka, før kontrollutvalet har vurdert bestilling på ny.

Drøfting.

Hovudspørsmål for drøftinga er:

- om ein likevel vel å gjennomføra forvaltningsrevisjon om psykisk helsearbeid og rusomsorg.
- om ein vel eit heilt anna tema

Når Fylkesmannen og kontrollutvalet planlegg revisjon innafor same fagområde, relativt nært i tid, så førekjem det at ein av desse ventar litt. Så kan det og vera at fokus er heilt annleis på kontrollutvalet si bestilling opp mot Fylkesmannen si vinkling.

Om forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid og rusomsorg.

I dialog med KPMG oppfatta sakshandsamar at det både vil vera ulik tilnærming, men og litt «overlapp».

Om ein skal halda fram med planlagt forvaltningsrevisjon, så bør ein i møtet drøfta vedlagt prosjektplan.

Om evt. ny bestilling.

Her kan ein dra veksle på saksframlegget i førre møte, der dette var drøfta i sak PS 42/18 i møte 10.09.18:

«Alternativ 1:

Det kan bestillast oppstart av ny forvaltningsrevisjon ut frå gjeldande plan, eller ut frå anna aktualitet som gjer at ein må tenkja annleis.

Plan for forvaltningsrevisjon har 7 prioriterte prosjekt, derav prosjekt 1 og 4 er gjennomført:

- 1 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar
- 2 Forvaltningsrevisjon av saksførebuing av politiske saker
- 3 Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll
- 4 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging
- 5 Forvaltningsrevisjon av førebyggjande helsearbeid og samhandling mellom tenester for barn og unge (mellom anna samhandling mellom skule og PPT)
- 6 Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid og rusomsorg
- 7 Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming

Meir opplysningar om tema for ein evt. forvaltningsrevisjon er å finna i vedlagt plan, samt i overordna analyse som låg til grunn for planen. Drøfting i møtet vil og vera nyttig.

Dersom det vert bestilt ny forvaltningsrevisjon, kan det tenkjast at oppstart kjem i år og ferdigstilling til neste år, ut frå budsjettsituasjonen og kor omfattande revisjon som skal gjennomførast. Om bestilling vert utsett til neste møte, er det lite tid igjen av året til å få gjort noko i 2018. Såleis bør det gjevast fullmakt til kontrollutvalsleiaren om å godkjenna utkast til prosjektplan frå revisjonen, i samråd med sekretariatet. Utvalsmedlemmane kan likevel motta prosjektplanen til orientering og spela inn moment som dei har, før utvalsleiaren fattar vedtak på grunnlag av delegasjon.

#### Alternativ 2:

Det kan bestillast oppstart av selskapskontroll ut frå gjeldande plan, eller ut frå anna aktualitet.

Plan for selskapskontroll har slike prioriterte prosjekt, som ikkje er gjennomført:

- 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS (Eigarstyring, måloppnåing, drift av selskapet)
- 2 Arbeidsmarknadsbedriftene – Podlen Verkstad AS og/eller Opero AS (Eigarstyring, måloppnåing, drift av selskapa)
- 3 Eigarskapsstyring Organisering (System og rutinar for oppfølging av eigarskapa)

Når selskap har fleire eigarar er det vanleg, rimelegare og rasjonelt dersom fleire kommunar samarbeidar om prosjekt. Slik avklaringsrunde går det og ein del tid med, som må takast omsyn til.

Podlen verkstad AS er heileigd av Stord kommune. Det gjev naudsynt innsyn ifm. ein evt. selskapskontroll.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er eigd av kommunane i regionen, derav Stord kommune sin andel på 12,5%. Då det berre er kommunale eigarar, så gjev det naudsynt innsyn. Her bør i tilfelle primært alle eigarkommunane delta. Det må evt. sjekkast ut om dei andre kommunane prioriterer dette prosjektet.

Opero AS har og private eigarar. Det inneber at kommunen som utgangspunkt ikkje har meir innsynsrett enn dei andre aksjonærane

Vedr. prosjekt om eigarskapsstyring vert det vist til referatsak til dette møtet, gjeldande revidert eigarskapsmelding 2018 – 2019. Då denne saka var oppe i kommunestyret i mai 2018, må det vurderast om evt. prosjekt om eigarskapsstyring bør venta eit år.

Framdrift av evt. selskapskontroll kan følgja same mønster som er teke med under alternativ 1 om forvaltningsrevisjonar.

#### Alternativ 3

Då planane vart vedtekne av kommunestyret var det lagt opp til at kontrollutvalet sjølv kunne ha ei evaluering undervegs i perioden. Ei evt. evaluering kan td. førebuast ved at revisor gjer noko grunnlagsarbeid. Det kan og gjerast ved at utvalet drøftar dei to planane i eit møte, og evt. inviterer ordførar og rådmann inn i møtet for å vera med på å drøfta kva som synest vera viktigaste no på slutten av

perioden. Planverket gjeld til nye planar er på plass. Det skal etter forskrift om kontrollutval skje innan utgangen av 2020. Følgjeleg gjeld planane eit stykke inn i ny valperiode.

#### Alternativ 4:

Bestilling med utgangspunkt i henvendingar eller anna.

Det er eiga sak om henvending i dette møtet, medan det og vil bli orientert litt i møtet om anna henvending.»

#### Konklusjon

Kontrollutvalet må konkludera på:

- om ein vel å gjennomføra forvaltningsrevisjon om psykisk helsearbeid og rusomsorg.
- om ein vel eit heilt anna tema

Forslag til vedtak, basert på dei to vegvala, kan vera slik:

Alternativ 1 (psykisk helsearbeid og rusomsorg):

1. Kontrollutvalet stadfestar at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 16 – 30 år.
2. Utvalet har slike merknader til prosjektplan frå KPMG av september 2018: \_\_\_\_\_
3. Forslag til justert prosjektplan vert å levera til sekretariatet innan \_\_.11.2018. Den må innehalda føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenninga prosjektplanen
5. Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist
6. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i neste utvalsmøte.

Alternativ 2 (Nytt tema):

1. Kontrollutvalet vil ikkje gjennomføra forvaltningsrevisjon no innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 16 – 30 år, slik det først var tenkt jmf. sak PS 42/18 i møte 10.09.18. Det er grunngjeve med at Fylkesmannen i Hordaland for kort tid sidan har gjennomført tilsyn innan same tenesteområde.
2. Kontrollutvalet ønskjer no at det vert gjennomført slik arbeid: \_\_\_\_\_
3. KPMG blir beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk
4. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet innan \_\_.11.2018
5. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenninga prosjektplanen
6. Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist
7. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i neste utvalsmøte.

#### **Forslag til vedtak**

Det vert ikkje innstilt på om ein bør gå for alternativ 1 eller 2, jmf. alternativ konklusjon overfor.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 KPMG - psykisk helsearbeid og rusomsorg - utkast til prosjektplan
- 2 Fylkesmannen i Hordaland - Rapport frå tilsyn med Stord kommune
- 3 Rådmannen - svarbrev til fylkesmannen etter tilsyn
- 4 Handlingsplan - oppfølging av tilsyn 13.-15. februar 2018
- 5 Kartleggingsrutine for tildelingskontoret og eining for psykisk helse og rus



# Prosjekt- plan

**Psykisk helsearbeid og  
rusomsorg**

Forvaltningsrevisjon  
Stord kommune

September 2018

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)



# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Førebuing	3
1.2.1 Nasjonale satsingar og føringar innanfor psykisk helse og rus	3
1.2.2 Rus- og psykiatritenester i Stord kommune	4
1.2.3 Forslag til tilnærming i forvaltningsrevisjonen	5
<b>2. Formål, problemstillingar og kriterium</b>	<b>6</b>
2.1 Formål	6
2.2 Problemstillingar	6
2.3 Revisjonskriterium	6
<b>3. Tilnærming</b>	<b>8</b>
3.1 Metode	8
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	8
<b>4. Utførandre revisorar</b>	<b>10</b>
4.1 Prosjektteam	10
<b>5. Honorar</b>	<b>11</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Stord kommune vedtok i møtet 10.09.18 sak 42/18 å bestille ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om tenestetilbodet innan rus og psykiatri frå KPMG AS. Rus og psykiatri er eit prioritert forvaltningsrevisjonsprosjekt i plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ynskter at forvaltningsrevisjonen fokuserer på tenestetilbodet til aldersgruppa 16-30 år innanfor rus og psykiatri.

## 1.2 Førebuing

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere formål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom følgjande dokument:

- ✓ Nasjonale føringar og satsing innanfor psykisk helse og rus på regjeringen.no og nav.no
- ✓ Informasjon om tenestetilbod på nettsida til kommunen
- ✓ Kommunale planar: "Stord kommune – årsmelding 2017/Eining for psykisk helse og rus", "Budsjett og økonomiplan 2018-2021", "Plan for rehabilitering, helse og omsorg 2012-2021"

I den følgjande delen presenterer vi kort resultatet av den førebuande analysen, vår tolking av informasjonen og anbefaling til fokus i revisjonen.

### 1.2.1 Nasjonale satsingar og føringar innanfor psykisk helse og rus

Samhandlingsreformen legg til grunn at kommunane skal ta eit større ansvar for behandling og oppfølging av pasientar. Dette gjeld også for pasientar innan psykisk helse og rus. Som ledd til samhandlingsreformen har det vore ei nasjonal satsing på arbeid med psykisk helse i befolkninga. Dette viser seg i Opptappingsplanen for psykisk helse frå 2008. Her blei kommunane tilført midlar for å byggje opp tilbud for behandling og førebygging av psykiske problem.

Nasjonal satsing på arbeid, psykisk helse og rus<sup>1</sup> rettar innsats mot arbeidsretta tiltak i opptappingsplanen. Satsinga har som mål at fleire med psykiske helseproblem skal få hjelp til å komme i lønna arbeid eller aktivitet, eller hjelp til å mestre jobben dei allereie har. Innsatsen fordrar tett samarbeid med arbeidsgivarane.

Meld. St. 26 (2014-2015) "Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet" understrekar at kommunen sitt ansvar for å tilby nødvendige og forsvarlige helse- og omsorgstenester omfattar alle pasientgrupper, inkludert psykisk sjukdom og rusmiddelproblem. Dette er også bakgrunnen for at desse bruker- og pasientgruppene er særskilt nemnd i ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Utfordringsbiletet tilseier at det er behov for heving av kapasitet og kvalitet på alle nivå i kommunene. Dette gjelder blant anna førebygging, tidleg innsats gjennom lavterskeltilbod, oppfølging av personar med lettare og moderate lidningar, heva prioritering og fortsatt omstilling i spesialisthelsetenesta og betre oppfølging etter utskriving. For å legge til rette for eit kompetanse- og kapasitetsløft må brukarar og pasientar involverast og vere sentrale i utforminga av tenestene.

Regjeringa vil styrke tenestetilbodet til personar med rusproblem og personer med psykiske helseutfordringar. Gjennom føringar i Meld. St. 26 vil regjeringa mellom anna:

- ✓ tydeleggjere at plikta om å tilby augeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane også omfattar brukarar med psykisk sjukdom og/eller rusproblem, som innførast frå 2017.

<sup>1</sup> Dette refererer til arbeid med grunnlag i Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse (2007-2012), vidareført i Oppfølgingsplanen for Arbeid og psykisk helse (2013- 2016).

- ✓ å innføre betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- ✓ rekruttere fleire psykologar i kommunane
- ✓ styrkje kompetansen om rus i den kommunale helse- og omsorgstenesta

## 1.2.2 Rus- og psykiatritenester i Stord kommune

Kommunen sine rus- og psykiatritenester har sidan 2016 vore organisert i fagavdelinga "psykisk helse og rus" under kommunalsjef RHO (rehabilitering, helse og omsorg). "Psykisk helse og rus" organiserer tenester til personar med psykiske og/eller rus vanskar i Stord kommune. Andre fagavdelingar under RHO er NAV kommune, legetenesta, institusjonstenester, habilitering og rehabilitering. I tillegg er eining for førebyggjande tenester underlagt kommunalsjef OUT (oppvekst og utdanning) sentral. Eininga jobbar med forebygging av psykisk helse og rus, og består av blant anna pedagogisk- psykologisk- teneste (PPT). Vurderingar om behovet for kommunale oppfylggingstenester blir tatt av tildelingskontoret.

"Psykisk helse og rus" har fylgjande tilbod:

- ✓ Dagsenter
- ✓ Oppfølging i bustad
- ✓ Støttesamtalar
- ✓ Lågterskel helsestasjon
- ✓ Legemiddelassistert rehabilitering
- ✓ Tilbod om individuell plan og koordinator
- ✓ Kurs

I høve kommunen sitt auka ansvar for rus og psykiatritenester er det oppretta eit nettverk mellom fleire kommunar, KS (kommunenenes sentralforbund) og Distriktpsykiatrisk senter(DPS)/Valen Sjukehus som jobbar for eit tettare samarbeid. Her er det utarbeida eit felles verdigrunnlag for rus- og psykisk helsearbeid i nettverket. Nettverket har hatt fokus på kvalitetsarbeid og gode pasientforløp. Det er etablert eit fast samhandlingsforum mellom "psykisk helse og rus" og spesialisthelsetenesta. Det har vore arbeide med eit forbedringsystem (FIT) der brukarane involverast aktivt i eiga behandling.

I "budsjett og økonomiplan 2018-2021" kjem det fram andelen personar med psykiske problem og rusvanskar har auka i Stord kommune. "Plan for rehabilitering, helse og omsorg 2012-2021" identifiserer dette som ei utfordring for folkehelsa. Samtidig er det dei utfordring at kommunen manglar oversikt over helsa til innbyggjarane, og faktorar som påverkar dette. RHO-tenestene opplever at ressursane er små i høve til behovet, noko som fører til at helsefremjande og førebyggjande arbeid må vike for andre nødvendige oppgåver. Ei anna utfordring er eit veksande behov for spesialisert kompetanse innan psykiatri og rus og ei trong for strengare prioritering av oppgåver.

Kommunen har satt seg som mål at det skal vere mindre enn 150 pr. 1000 personar mellom 15-29 år som har psykiske symptom/liding.

I samband med psykiatrireforma har døgnplassane ved Valen sjukehus vorte nedbyggt. Ynskjet er at mest mogleg av bistanden til personar med rusvanskar og psykiske lidingar skal bli gitt nærast mogleg heimen. Kommunen har difor bygd opp ei sterk heimeteneste med kompetanse på området og tilbod til personar med rus- og psykiske lidingar.

### 1.2.3 Forslag til tilnærming i forvaltningsrevisjonen

Vi foreslår at forvaltningsrevisjonen tar utgangspunkt i å oppnå ei god oversikt over kommunen sine tilbod til personar med psykiske plagar/lidingar<sup>2</sup> og/eller rusavhengigheit, kva omfanget av tenestene/brukarar er, og korleis tenestene er organisert.

Gode rus- og psykiatritenester føreset samhandling mellom fleire områder i kommunen, og med eksterne instansar. Vi foreslår derfor at forvaltningsrevisjonen vektlegg å undersøke i kva grad kommunen *legg til rette* for eit heilskapleg og godt koordinert tenestetilbod til brukarane av rus- og psykiatritenestene, jf. helse- og omsorgstjenesteloven.

Herunder vil vi undersøke kva rutinar kommunen har for samarbeid mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen og spesialisthelsetenesta og fastlegane. Vår forundersøking tilseier at samarbeid med fastlegane og spesialisthelsetenesta er vesentleg for kommunen.

Vi foreslår at revisjonen også undersøker korleis samarbeidet mellom interne tenester og med fastlegane (som ein viktig ekstern samarbeidspartnar) opplevast og korleis det fungerer i arbeidskvardagen.

Kommunen har plikt til å tilby personar med langvarige og samansette behov ein individuell plan og koordinator. Revisjonen kan undersøke om kommunen har prosedyrar og rutinar som sikrar brukarane ein individuell plan og koordinator.

Forvaltningsrevisjonen kan også undersøke korleis kommunen sikrar at vedtak om tenester fattast i samsvar med lovkrav. Her er det relevant å sjå på om det er avklart ansvar og mynde til å fatte vedtak og om kommunen har klare rutinar for å fatte vedtak.

---

<sup>2</sup> Ifølge Folkehelseinstituttet er det vanleg å skille mellom psykiske plagar (vanskar) og psykiske lidingar. Psykiske plagar refererer til tilstandar som opplevast som belastande, men ikkje i den grad at det er karakterisert som diagnoser. Psykiske lidingar inneber at bestemte diagnostiske kriterier er oppfylt.

# 2. Formål, problemstillingar og kriterium

## 2.1 Formål

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om kommunen sikrar at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tilbod. Forvaltningsrevisjonen vil rette seg mot tenestetilbudet til innbyggjarane i aldersgruppa 16-30 år.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområder.

Oppløvingar av samarbeid med sentrale eksterne instansar vil i hovudsak bli belyst frå kommunen sin ståstad. Samstundes vil også synspunkt frå eksterne samarbeidspartar bli innhenta.

## 2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av formålet blir følgjande problemstillingar foreslått:

1. Kva tenester og tilbod har kommunen til personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit, og korleis er desse organisert?
2. I kva grad sikrar Stord kommune at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod? Herunder vil vi undersøke:
  - a. Kva rutinar har kommunen for samarbeid og koordinering mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?
  - b. Korleis fungerer samarbeidet og koordineringa mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?
  - c. Kva rutinar og prosedyrar har kommunen for å sikre brukarane sine rettigheter til individuell plan og koordinator?
  - d. Kva for nokre forebyggjande og rehabiliterande tiltak tilbyr kommunen innafor rus- og psykiatritenestene?
3. Korleis sikrar kommunen at det fattast vedtak om tenester i samsvar med lovkrav?

Herunder vil vi undersøke om det er avklart ansvar og mynde til å fatte vedtak etter lovkrav og kva rutinar kommunen har på området.

## 2.3 Revisjonskriterium

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterium. Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterium må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterium vil vere:

- ✓ Kommunelevens § 23 om administrasjonssjefens internkontroll, samt god praksis for internkontroll kor vi bygger på KS sin rettleiar, "Rådmannens internkontroll, 2013".

- ✓ Helse- og omsorgstjenesteloven
- ✓ Pasient- og brukerrettighetsloven
- ✓ Helsedirektoratet sin rettleiar "Saman om mestring", 2014
- ✓ Samarbeidsavtalar

UTKAST

# 3. Tilnærming

## 3.1 Metode

For å kunne svare på problemstillingane vil vi nytte dokumentanalyse og intervju.

I første omgang vil vi samle inn relevant dokumentasjon frå kommunen. Vi vil hente inn dokumentasjon som kan gi informasjon om organiseringa av og tilbodet og tenestene kommunen har på området rus og psykiatri. Vi vil også hente inn informasjon om korleis kommunen legg til rette for samhandling mellom ulike deltenester i kommunen og med andre instansar. Det vil også samlast inn dokumentasjon på ansvar, mynde og rutinar for sakshandsaming i samband med at vedtak fattast.

Vidare vil vi gjennomføre intervju med nøkkelpersonar i kommunens arbeid med psykisk helse og rus,. I tillegg vil vi intervju ein fastlege / fastlegar då desse er sentrale samarbeidspartnarar. Val av personer for intervju vil bli avtalt nærare med kommunen. Formålet med intervjua er å få utfyllande informasjon og forklaringar til oversendt dokumentasjon. Ved gjennomføring av intervju utarbeidar vi intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings).

Informasjonen som samlast inn frå dokument og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriterier. Dette vil nyttast for å gi svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

## 3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktiviteter	Ansvar	Timer	Oktober		November				Desember				Januar					Februar				Mars				
			43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14
<b>1 Forberede</b>																										
1.1 Forundersøkelse	KPMG																									
1.2 Etablere prosjektplan	KPMG																									
1.3 Godkjenning prosjektplan KU	KPMG																									
<b>2 Starte opp</b>																										
2.1 Sende oppstartsbrev	KPMG																									
2.2 Oppstartsmøte	KPMG																									
2.3 Dokumentliste	KPMG																									
2.4 Intervjuplan	KPMG																									
<b>3 Gjennomføre</b>																										
3.1 Dokumentanalyse	KPMG																									
3.2 Intervjuguide	KPMG																									
3.3 Intervjuer	KPMG																									
3.4 Analyse	KPMG																									
3.5 Kvalitetssikring	KPMG																									
3.6 Rapportutkast	KPMG																									
<b>4 Rapport</b>																										
4.1 Ferdigstille rapportutkast	KPMG																									
4.2 Høring rapportutkast (1-2 u.)	KPMG																									
4.3 Oversending av rapport	KPMG																									
4.4 Presentasjon KU	KPMG																									
		<b>220</b>																								

Aktivitets- og framdriftsplanen viser at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i oktober etter at prosjektplanen blir godkjent og vedtatt av kontrollutvalet. I tidsrommet oktober – november vil vi samle inn og analysere data. Rapportskrivning og høring av rapporten vil skje februar – mars. Levering av endeleg rapport til kontrollutvalet sitt sekretariat, og presentasjon av rapporten til kontrollutvalet, vil vere klar i slutten av mars. Dette kan tilpassast noko avhengig av møteaktiviteten til kontrollutvalet i 2019.

Vårt forslag til gjennomføringsplan føreset at kommunen sender etterspurt dokumentasjon til oss innan rimeleg tid, samt at vi får tilgang til personar, dokumentasjon og data.

UTKAST



# 4. Utførandre revisorarar

## 4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av følgjande:

Oppdragsansvarleg: Director, Ole Willy Fundingsrud

Prosjektleiar: Associate, Håkon Lindberg

Prosjektmedarbeidarar: Associate, Magnus Heggen og Magnus Hjellum

UTKAST

## 5. Honorar

I henhold til avtale.

UTKAST





#### **Kontakt oss**

**Ole Willy Fundingsrud**

**Direktør**

**T** +47 40 63 96 92

**E** ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

**Håkon Lindberg**

**Associate**

**T** +47 47 28 25 16

**E** Hakon.Lindberg@kpmg.no

[kpmg.no](http://kpmg.no)

UTKAST



© 2018 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.



## Rapport frå tilsyn med Stord kommune - helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning

<b>Adressa til verksemda:</b>	Stord kommune
<b>Tidsrom for tilsynet:</b>	13.-15. februar 2018
<b>Kontaktperson i verksemda:</b>	Trygve Dahl, rådgjevar helse og omsorg

### Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland har ført tilsyn med Stord kommune 13.-15. februar 2018. Denne rapporten gjer greie for funn innan dei områda det blei ført tilsyn med:

Tilsynet omfatta tildelingskontoret, eining psykisk helse og rus og sosiale tenester i NAV. Vi har undersøkt om kommunen ved si leiing og styring har lagt til rette for og følgjer opp at personar 18 år og eldre med samtidig rusmiddelproblematikk og psykisk lidning får individuelt tilpassa, koordinerte og forsvarlege tenester.

Ansvar og mynde i høve til behandling av søknader og tildeling av tenester er avklart. Samarbeidsrutinar er etablerte og det er lagt til rette for at tenestemottakarar kan få medverke ved planlegging og gjennomføring av tenester. Med unntak av funn som omtalt i kapittel 6, blei det innan dei områda tilsynet var avgrensa til, ikkje avdekt svikt i leiing og styring av tenestene.

Ved tilsynet blei det påpeikt eitt avvik: Stord kommune, eining psykisk helse og rus, gjer ikkje ei systematisk kartlegging av psykisk lidning og rusmiddelproblem hos nye pasientar som dei skal gi tenester til.

Vi ber om at Stord kommune gjere greie for kva tiltak som blir gjennomførte for å rette dette avviket og korleis de vil følgje med på at endringane fungerer i praksis over tid. Fristen for tilbakemelding om tiltak for retting av avviket er 1. juni 2018.

Anne Grete Robøle  
revisjonsleiar

Birthe Lill Christiansen  
revisor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje underskrifter.*

# Innhald

Samandrag.....	1
1. Innleiing.....	4
2. Omtale av verksemda.....	4
3. Gjennomføring.....	5
5. Kva tilsynet omfatta.....	5
6. Funn.....	6
7. Vurdering av styringssystemet.....	7
8. Regelverk.....	7
9. Dokumentunderlag.....	10



## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Stord kommune 13.-15. februar 2018. Dette tilsynet er ein del av det landsomfattande tilsynet med kommunale helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV som blir gjennomført i 2017 og 2018 og eit av dei planlagde tilsyna som Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører dette året.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenester etter lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenestene § 2 og lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 12-3. Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med sosiale tenester i NAV etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 9.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen, gjennom si styring og leiing, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgjevinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerete
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgjevinga blir følgd

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer innanfor dei områda som tilsynet omfatta. Avvik er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte.

## 2. Omtale av verksemda

Stord kommune har om lag 18 800 innbyggjarar. Tenestene tilsynet omfatta, er styrde i line frå rådmann til kommunalsjef og vidare til einingsleiar psykisk helse og rus og leiar for NAV Stord.

Kommunen har over tid bygd opp eit differensiert tenestetilbod og lagt til rette for at tenestene skal vere tilgjengelege og tilpassa særskilte behov som brukarane har. Tilsette har relevant fagleg kompetanse og kan få nødvendig fagleg oppdatering. Dei legg vekt på å byggje og oppretthalde relasjonar med brukarane og har ei recoveryorientert tilnærming i arbeidet. Ein tilsett i buoppfølgingsteamet har òg stilling i NAV. Brukarane får informasjon og hjelp med søknader og dei andre tilsette i teamet får betre kunnskap om tenestene som NAV tilbyr. Ved lågterskel helsestasjon kan brukarane kome utan førehandsavtale. Dei kan få reint utstyr, tilbod om mat og samtale, om dei ønskjer det.

Informasjon frå leiarar og tilsette om at dei ønskjer å gje gode tenester og samarbeide med tenestemottakarane samsvarer i stor grad med kva dei seks vi snakka med, formidla til oss.

### 3. Gjennomføring

Aktivitet	Dato	
Melding om tilsyn	4. desember 2017	
Stikkprøver	13. februar	55 journalar
Samtale med	6 tenestemottakarar	
Opningsmøte	14. februar	
Intervju	14.-15. februar	19 tilsette
Sluttmøte	15. februar	

Oversikt over deltakarar ved tilsynet, dokument som vi fekk tilsendt på førehand og dokument som blei gjennomgått under tilsynet, er gitt i kapittel 8.

### 5. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet er avgrensa til kommunens styring med helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV. Målgruppa er personar 18 år og eldre som har samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning som kvar for seg eller samla gjer at dei har eit funksjonstap som medfører behov for tenester frå kommunen over tid.

Tilsynet inkluderer tenestemottakarar uavhengig av kva rusmiddel dei nyttar (alkohol, legemiddel, illegale rusmiddel) og uavhengig av om dei har fått diagnostisert ei ruslidning. Dette gjeld og for psykiske lidningar ved at tilsynet er retta mot kommunens tenester uavhengig av om personane har ein psykiatrisk diagnose (bipolar lidning, schizofreni, depresjon etc.). Det er ingen skilnad på om personane aktivt nyttar rusmiddel eller om dei er i rehabilitering etter behandling for rusmiddelbruken.

Vi har undersøkt om kommunen ved helse- og omsorg og sosiale tenester i NAV

- legg til rette for og tek i vare pasientane/brukarane sin rett til informasjon og medverknad
- legg til rette for samarbeid mellom kommunale einingar som gir helse- og omsorgstenester og sosiale tenester, og med fastlegar og spesialisthelsetenesta
- samordnar og samarbeider om tenestene som brukarane får frå kommunale einingar, fastlegar og spesialisthelsetenesta
- innhentar informasjon om brukarens heilskaplege situasjon og moglege behov for tenester
- kartlegg og gir individuelt tilpassa og forsvarlege helse- og omsorgstenester retta mot brukarens rusmiddelproblem og psykiske lidning
- kartlegg og følgjer opp somatiske helseproblem
- tilbyr og gir individuelt tilpassa og forsvarlege tenester slik at brukar kan meistre å bu i eigen bustad

## 6. Funn

Ved tilsynet er det avdekt eitt avvik.

Avvik: Stord kommune, eining psykisk helse og rus, gjer ikkje ei systematisk kartlegging av psykisk lidning og rusmiddelproblem hos nye pasientar som dei skal gi tenester til.

Avvik frå: Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten § 7 c, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1.

Avviket byggjer på informasjon frå intervju, gjennomgang av styrande dokument og stikkprøver i fagsystem i helse og omsorg.

- Eining psykisk helse og rus har ikkje skriftleg rutine eller ein etablert praksis for kva opplysningar som er relevante å innhente om psykisk lidning og rusmiddelproblem og korleis dei innverkar på funksjon. Det blir ikkje brukt kartleggingsverktøy, eventuelt sjekklister eller anna felles opplegg for innhenting av nødvendige opplysningar. Det enkelte helsepersonellet vurderer sjølv kva opplysningar dei etterspør og kva dei fører i pasientjournal.
- Ved stikkprøver i 33 pasientjournalar er det få samla opplysningar om pasientens rusmiddelproblem og psykiske lidning. Diagnosar er unntaksvis registrerte. Det går ikkje klart fram av pasientjournal om brukar har tiltaksplan og eller ein aktiv individuell plan, og kva tid målsettingar og tiltak/tenester er evaluerte, eventuelt endra. Individuelle planar var ikkje tilgjengelege for verifikasjon.

Kommentar: Fleirtalet av tenestemottakarane har fått tenester i lengre tid og er kjende for tilsette. Det er ikkje usannsynleg at personalet har meir inngåande kunnskap om tenestemottakarane enn det som går fram av pasientjournalen. Tilsynet har ikkje haldepunkt for at nokon av dei ikkje får nødvendig helsehjelp.

Opplysningane vi fekk, tilseier at det ikkje er utarbeidd og iverksett rutinar for systematisk kartlegging av psykisk lidning og rusmiddelproblem og at det ikkje er ein felles praksis for kva som skal journalførast. Dette kan medføre at relevante opplysningar ikkje er tilgjengelege for tilsette som gir tenester og for leiarar som skal følgje med på tenestene.

Eining psykisk helse og rus må sjølv ta stilling til kva faglege rutinar som er nødvendige. Tilrådingar i nasjonale faglege retningslinjer er normerande, men ikkje rettsleg bindande. I tilfelle verksemder i helse- og omsorgstjenestene vel ikkje å følgje nasjonale faglege retningslinjer bør det vere fagleg grunnleggjande og dokumentert. Relevant fagleg retningslinje her er [Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykiske lidelser](#).

Utforming, gjennomføring og justering av tilbodet til den enkelte føreset at eininga som har ansvar for å yte tenestene, har tilstrekkeleg kunnskap om brukarens rusmiddelproblem og psykiske lidning og følgjer med på endringar.

I helse- og omsorgstjenesta kan det vere kommunens tildelingskontor som først kjem i kontakt med brukaren og som byrjar kartlegginga. Ei meir inngåande kartlegging av rusmiddelproblem og psykiske lidning vil som regel gå over lengre tid og parallelt med

tenesteytinga. Kommunen må sørge for at personell som skal gjere dei ulike delane av kartleggingsprosessen har tilstrekkeleg kompetanse om rusmiddelproblem og psykiske lidingar og aktuelle behov for tenester hos brukarar som har begge typar problem. Omfang og innretning av kartlegginga skal gi grunnlag for at brukaren får individuelt tilpassa tenester.

Det er ikkje krav om at kartlegginga skal vere like omfattande som i samband med diagnostisering. Kartlegginga må likevel gjerast på ein strukturert måte, ev. ved bruk av kartleggingsverktøy eigna for føremålet. Dersom det ikkje blir brukt kartleggingsverktøy, må kommunen ha eit anna opplegg som sikrar at relevant og tilstrekkeleg informasjon blir innhenta. Kartlegginga må gi nødvendige opplysningar om brukarens rusmiddelproblem (varigheit, omfang, endringa, kva rusmiddel, overdosehistorikk ved opioidmisbruk mv.) om brukarens psykiske lidning (varigheit, utvikling, alvor, typiske symptom og endring/variasjon av desse mv.), og om korleis brukaren opplever at problema påverkar kvarandre og får konsekvensar for fungering i kvardagen og opplevd livskvalitet. Som ledd i kartlegginga er det viktig å få informasjon om kva oppfølging brukaren eventuelt har frå andre. Brukaren skal informerast om føremålet med kartlegginga.

På bakgrunn av opplysningane frå brukaren og anna informasjon han har samtykka til å innhente, skal det setjast opp mål og aktuelle tiltak for å nå måla. Det skal lagast plan for gjennomføring av tenestene og for evaluering av mål og tiltak. Det er ikkje eit krav at planen er eit sjølvstendig dokument. Det blir lagt til grunn at mål, tiltak og plan for gjennomføring blir dokumentert på ein slik måte at det kan nyttast som et arbeidsverktøy for tilsette og leiarar ved gjennomføring og oppfølging av tenestene.

## **7. Vurdering av styringssystemet**

Ansvar og mynde i høve til behandling av søknader og tildeling av tenester er avklart. Samarbeidsrutinar er etablerte og det er lagt til rette for at tenestemottakarar kan få medverke ved planlegging og gjennomføring av tenester. Med unntak av funn som omtalt i kapittel 6, blei det innan dei områda tilsynet var avgrensa til, ikkje avdekt svikt i leiing og styring av tenestene.

## **8. Regelverk**

Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten (helsetilsynslova)

Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgstjenestelova)

Lov av 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtenestelova)

Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukarrettslova)

Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonellova)

Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)

Forskrift av 28. oktober 2016 nr.1250 om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten

Forskrift av 19. november 2010 nr. 1463 om internkontroll for kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen

Forskrift av 20. desember 2016 nr. 1848 om pasientjournal

Forskrift av 19. november 2010 nr. 1462 om individuell plan i arbeids og velferdsforvaltningen

Forskrift av 29. august 2016 nr. 1030 om habilitering og rehabilitering individuell plan og koordinator

Forskrift av 16. desember 2011 nr. 1393 om helsepersonellovens anvendelse for personell som yter tjenester etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester

Ved dette tilsynet er kravet til forsvarleg verksemd og plikta til systematisk styring sentrale. Det same gjeld plikta til tilrettelegging for og varetaking av retten til informasjon og medverknad.

### **Plikta til systematisk styring**

Kommunens plikt til styring og leing for å sikre at verksemd og tenester etter kapittel 4 i sosialtenestelova er i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift går fram av sosialtenestelova § 5. Plikta til styring av dei kommunale tenestene i NAV er nærare konkretisert i forskrifta om internkontroll i kommunalt NAV.

Kommunens ansvar for å tilby nødvendige helse- og omsorgstenester inneber plikt til å planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfang og innhald i tenesta er i samsvar med lov og forskrift går fram av helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 tredje ledd og 4-2.

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten gjeld frå 1. januar 2017. I praksis er dette ikkje nye krav, men presiseringar av krav i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten, som galdt tidlegare.

Kommunen er pålagt å sikre forsvarlege tenester gjennom si styring.

### **Forsvarleg verksemd**

Kravet om forsvarleg verksemd, jf. *helse- og omsorgstenestelova § 4-1 og sosialtenestelova § 4*, er forankra i anerkjend fagkunnskap, faglege retningsliner og allmenngyldige samfunnsetiske normer. Faglege retningsliner og rettleiarar kan vere eitt av fleire bidrag til å gje krav om forsvarleg verksemd eit innhald. Tiltrådingar gitt i nasjonale faglege retningsliner er ikkje rettsleg bindande, men normerande og retningsgjevande ved at dei tilrår handlingsval, jf. <https://helsedirektoratet.no/metoder-og-verktoy>.

Ved dette tilsynet er følgjande retningsline, rettleiarar og rundskriv aktuelle:

- *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse – ROP-lidelser, IS-1948 frå Helsedirektoratet*
- *Rundskriv til sosialtenestelova frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2012*

- *Veileder til bruk ved økonomisk rådgivning. NAV September 2013. Sist endra april 2016*
- *Veileder til sosialtjenesteloven § 17 frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2014*
- *Sammen om mestring. Veileder i psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne, Et verktøy for kommuner og spesialisthelsetjenesten, IS-2076 frå Helsedirektoratet.*

## **Pasient- og brukarmedverknad**

Pasient- og brukarmedverknad er ein føresetnad for forsvarlege tenester i helse og omsorg og sosiale tenester i NAV. Tenestetilbod skal så langt som råd utformast i samarbeid med tenestemottakar, og det skal leggjast stor vekt på kva vedkomande meiner, jf. sosialtenestelova § 42. Pasientar- og brukarar har rett til å medverke ved utforming og gjennomføring av tenester, jf. pasient- og brukarrettslova § 3-1 første og andre ledd. Når tenestetilbod blir utforma, skal det leggjast stor vekt på kva pasienten og brukaren meiner, jf. pasient- og brukarrettslova § 3-1 andre ledd andre punktum, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6.

## **Samarbeid for å koordinere tenester**

Samarbeid og samhandling er avgjerande for at personar med rusmiddelproblem og psykisk lidning skal få forsvarlege tenester. Kravet til forsvarleg verksemd inneber at kommunens tilbod som heile må vere forsvarleg. Det er ikkje tilstrekkeleg at kommunens deltenester kvar for seg er forsvarlege. Kommunens plikt til å samarbeide med andre går mellom anna fram av følgjande føresegner:

NAV-kontorets plikt til å samarbeide med andre på individnivå, jf. sosialtenestelova §§ 17 og 28.

Kommunen har plikt til å leggje til rette for samhandling mellom ulike deltenester i kommunen og med andre der dette er nødvendig for å tilby tenester, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-4. Det går fram av helse- og omsorgstenestelova § 4-1 at kommunen skal leggje tenestene til rette slik at den enkelte får eit heilskapleg og koordinert helse- og omsorgstenestetilbod.

Den nasjonale faglege retningslina for utgreiing, behandling og oppfølging av personar med samtidig ruslidning og psykisk lidning tilrår at det blir laga plan for samordning og koordinering av tenester også for dei som ikkje ønskjer individuell plan.

## **Plikt til å dokumentere**

Innhenting av opplysningar er regulert i sosialtenestelova § 43. I rundskrivet til lova, punkt 5.41.2.3 og 5.43.2.3, er det presisert at opplysningane i saka skal liggje føre skriftleg, anten dette er i form av innhenta dokument eller i søknad og andre saksdokument.

Skriftleg dokumentasjon sikrar rettstryggleiken til den enkelte og gjer det mogeleg å overprøve behovsvurderinga i saka. Oppfølginga av den enkelte skal også dokumenterast på ein slik måte at brukar kan få informasjon om dei vurderingane som er gjort undervegs, og at tilsette og leiarar ved NAV-kontoret og klage- og tilsynsmyndigheiter kan setje seg inn i og vurdere oppfølginga.

I helse- og omsorgstenestelova § 5-10 er det presisert at kommunen skal sørge for at pasient- og informasjonssystema er forsvarlege. Det er kommunens ansvar å opprette pasientjournalssystem som gjer det mogleg for dei tilsette å halde journalføringsplikta.

## 9. Dokumentunderlag

Opplysningar mottekne frå Stord kommune i brev av 17. januar 2018 med vedlegg:

- Organisasjonskart
- Brukerplan 2017, u. off. jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13
- Oversikt over leiarar og tilsette
- Delegering av avgjerdsmynde
- Stillingsomtale avdelingsleiar mottaksavdelinga/fagansvarleg kommunale tenester ved NAV Stord
- Stillingsomtale avdelingsleiar eining for psykisk helse og rus
- Kompetanseoversikt tilsette i eining psykisk helse og rus og kontaktinformasjon
- Informasjon om kven som er leiar for koordinerande eining for habilitering og rehabilitering
- Program for nyttilsette NAV Stord
- Oppsøkjande tenester Stord kommune
- Mal – teiingslovnad tilsett i Stord kommune
- Instruks om bruk av IT-systema i Stord kommune og reglar for IT-brukarar
- Sjekkliste opplæring av nyttilsett
- Handlingsplan 2017 for eining psykisk helse og rus
- Sosiale tenester i NAV Stord – fagutvikling
- Strategisk kompetanseplan for rehabilitering, helse og omsorg i Stord kommune
- Rapport om lokal brukarundersøking hausten 2016 ved NAV Stord
- Rapport om lokal brukarundersøking hausten 2017 ved NAV Stord
- Housing First – ei evaluering av tenestetilbodet – svar frå brukarar
- Housing First – ei evaluering av tenestetilbodet
- Sjekkliste – kartleggingssamtalen NAV
- Rutinar knytt til sakshandsaming ev økonomisk sosialhjelp ved NAV Stord kommune
- Vedtaksmal
- Rutine sakshandsaming enkeltvedtak om tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2
- Endringsmelding – endra bistandsbehov
- Rutine bruk av alarmklokke i Apalvegen bufellsskap
- Eining for psykisk helse og rus – samarbeidsrutinar nattpatruljen
- Kjøreplan leiarsamling 23. oktober 2017
- Kjøreplan medarbeidersamling 24. oktober 2017
- Rutinar for individuell plan og utpeiking av koordinator for individuell plan i Stord kommune
- NAV – rutinar i høve dokumentasjon, tenester og vurderingar i kommunal del av NAV Stord
- Informasjon om fagsystem NAV, ved tildelingskontoret og eining psykisk helse og rus
- Notat om pågåande arbeid i eining for psykisk helse og rus
- Hugseliste for den tilsette som er blitt utsett for vald
- Rutinar knytt til overfallsalarm Heimtun

- Sjekkliste for ein leiar etter situasjon med vald
- Notat om styringssystem RHO (rehabilitering, helse og omsorg) i Stord kommune

Dokument lagt fram ved tilsynet

Sjekkliste ved behandling av søknader om helse- og omsorgstenester

Korrespondanse mellom Stord kommune og Fylkesmannen i Hordaland:

- Melding om tilsyn, brev av 4. desember 2017 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Melding om endra dato for tilsynet, brev av 6. desember 2017 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Informasjon om kontaktperson for tilsynet i Stord kommune, e-post av 11. desember 2017
- Brev av 17. januar 2018 med vedlegg frå Stord kommune
- Brev av 17. januar 2018 med vedlegg frå Stord kommune, u. off. jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13
- Program for tilsynet, brev av 27. januar 2018 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Korrigert program for tilsynet, e-post 1. februar 2018 med vedlegg frå Fylkesmannen i Hordaland



## Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøtet, og over kven som blei intervjua.

Namn	Tittel	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Birgit Almås	Leiar, tildelingskontoret	x	x	x
Diana Bergeland	Leiar, psykisk helse og rus	x	x	x
Trygve Dahl	Rådgjevar helse og omsorg	x		x
Kjetil Eldøy	Avdelingsleiar, Apalvegen og Heimtun bufellesskap	x	x	
Gunhild Faraas	Hjelpeleiar, Apalvegen bufellesskap		x	
Knut Gram	Kommunalsjef, rehabilitering, helse og omsorg	x	x	x
Ingeleiv Hatlevik Grov	Økonomirådgjevar, NAV Stord	x	x	x
Linda Marie Kristoffersen	Sjukepleiar, ambulant team 1	x	x	
Gyda S. Meldahl	Sosionom, oppfølging NAV Stord		x	x
Bianka Nitter	Avdelingsleiar oppsøkjande tenester		telefon- intervju	
Nina Hodne Notland	Sjukepleiar, MARIS og lågterskel helsestasjon	x	x	x
Rune K. Pedersen	Leiar NAV Stord	x	x	x
Mari G. Rosseland	Sjukepleiar, ambulant team 1		x	x
Linda Stakkestad Kvamsøy	Psykiatrisk sjukepleiar, Apalvegen bufellesskap		x	
Kenneth Stenbråten	Avdelingsleiar, MARIS og lågterskel helsestasjon	x	x	x
Sverre H. Sørensen	Avdelingsleiar, mottak NAV	x	x	x
Steinar Tislevoll	Miljøterapeut, Bustadsosialt team	x	x	x
Ina Blikra Valvatna	Sjukepleiar, koordinator oppsøkjande tenester	x	x	x
Sigrun Økland	NAV Stord ungdomsteam/mottak	x	x	x
Kjetil Øyehaug	Sakshandsamar, tildelingskontoret	x	x	x

### Frå Fylkesmannen deltok:

Seniorrådgjevar Marta Havre

Seniorrådgjevar Birthe Lill Christiansen

Seksjonsleiar Anne Grete Robøle

Fylkesmannen i Hordaland, Helse- og sosialavdelinga  
Postboks 7310

5020 Bergen

Vår dato: 29.05.2018  
Vår ref: 2017/3660 - 12764/2018 / 024  
Dykkar ref:

### **Svarbrev etter tilsyn med Stord kommune 13. - 15. februar, dykkar ref 2017/14703 733.1**

Viser til dykkar rapport frå tilsyn med Stord kommune – helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusproblem og psykisk lidning.

Tilsynet og lokal gjennomgang i etterkant har medført at me har gått gjennom system og rutinar. Me ønskje likevel å understreka at brukarane etter vårt syn har fått naudsynt helsehjelp

Vedlagt ligg handlingsplan for å rette opp avviket. I tillegg ligg vedlagt nye kartleggingsrutinar og nytt kartleggings skjema.

Med helsing

Trygve Dahl  
Rådgjevar helse og omsorg  
kontaktperson, Stord kommune

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg:  
Handlingsplan  
Kartleggingsrutine  
kartleggings skjema

## **Handlingsplan oppfølging av tilsyn 13-15 februar**

### **Tiltak for å rette opp avviket**

1. Utarbeide nytt kartleggingsskjema for målgruppa – utført
2. Utarbeide rutinar mellom tildelingskontoret og eining for psykisk helse og rus i høve kartlegging av nye pasientar – utført
3. Gjennomføre kartlegginga for nye pasientar med rus og psykisk uhelse –iverksett
4. Gjennomføre interntilsyn første halvdel av 2019 i tingarkontoret og eininga for psykisk helse og rus for å evaluere/ måla om tiltaka i handlingsplanen er eigna og fungerer

I tillegg ynskjer Stord kommune å iverksette desse tiltaka:

1. Utarbeide nye og felles plankategoriar, planområde og tiltak i fagsystemet Profil for eining for psykisk helse og rus – innan 30 juni 2018
2. Utarbeida felles skjema tiltaksplan i fagsystemet profil for alle pasientar i einings for psykisk helse og rus –innan 30 juni 2018
3. Utarbeida felles skjema for kriseplan i fagsystemet Profil –innan 30 juni 2018
4. Ta i bruk nytt skjema tiltaksplan – 1. juli 2018
5. Ta i bruk nytt skjema kriseplan – 1. juli 2018
6. Kartlegging av alle pasientar i eining for psykisk helse og rus jf. nytt kartleggingsskjema – innan 1 desember 2018
7. Opplæring –kurs - for alle tilsette i eining for psykisk helse og rus i fagsystemet Profil innan 7 september 2018

### **Korleis fylgje med på at endringar fungerer i praksis over tid**

1. Månadleg rapportering frå avdelingsleiar til einingsleiar, og frå einingsleiar til kommunalsjef
2. Utbetre rapporteringsskjema månadsrapport : antal brukarar, antal brukarar med IP, tiltaksplan, kriseplan, kartlagd og evaluert jf. nye rutinar- iverksett 1 juli 2018

Stord 28.5 2018

Diana Bergeland

Einingsleiar

## **KARTLEGGINGSRUTINE FOR TILDELINGSKONTORET OG EINING FOR PSYKISK HELSE OG RUS.**

1. Kartlegging nye brukarar – ansvar Tildelingskontoret i samarbeid med brukar
2. Eventuell endring og ferdig utgreidd kartlegging innan 3 månadar –ansvar Eining for psykisk helse og rus i samarbeid med brukar
3. IPLOS og kartlegging min. 2 gongar per år, og evt. ved endringar –ansvar Eining for psykisk helse og rus i samarbeid med brukar
4. Kartleggingsskjema ligg i Profil og Compilo. Skjema skal journalførast i Profil
5. Vurdering endring i vedtak sjå egne rutinar



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2015/177-20  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	53/18	29.10.2018

## Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk → møteinnkallingar og møteprotokollar».

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har gjort vedtak og suppleringsvedtak, sist i sak PS 08/17 av 23.2.17., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Anna Herborg Førland
Forvaltningsstyret	Peggy Husevik Bærøy
Komité for oppvekst og utdanning	Anna Herborg Førland
Komité for næring, miljø og kultur	Tarjei Haga
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	Odd Ståle Larsen

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2018:
Kommunestyret	27/9   (25/10)
Formannskapet	5/9   (10/9)   3/10
Forvaltningsstyret	6/9   4/10
Komité for oppvekst og utdanning	11/9   16/10 (avlyst)
Komité for næring, miljø og kultur	12/9   17/10
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	13/9   18/10 (avlyst)

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre ved innkalling til kontrollutvalsmøtet.)

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**PS 54/18 Referatsaker**





## Rådmannen, 31.07.2018

### Dokumentliste

S	31.07.2018		Tenesteanalyse - vurdering av kapasiteten i barneverntenesta
I	29.04.2015	Deloitte	Forvaltningsrevisjon - Barneverntenesta i Stord kommune
I	31.03.2015	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev PS 14/15 - Barneverntenesta i Stord kommune - Godkjenning av prosjektplan (Admin. og Deloitte AS).
I	21.12.2015	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev PS 49/15 - Forvaltningsrevisjon av Barneverntenesta i Stord kommune - Løypemelding (Admin. og Deloitte AS).
I	15.03.2016	Deloitte	RE: Informasjon om pågående forvaltningsrevisjon
U	15.03.2016	Deloitte	SV: Informasjon om pågående forvaltningsrevisjon
I	18.03.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev - PS 7/16 Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune - løypemelding
I	21.03.2016	Deloitte	Forvaltningsrevisjon - høyring
U	06.04.2016	deloitte	Uttale i samband med forvaltningsrevisjon av barneverntenesta
I	22.05.2016	Deloitte AS	VS: Oversending av rapport etter forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune
U	23.05.2016	Sekretariat for Kontrollutvalet	SV: Uttale i samband med forvaltningsrevisjon av barneverntenesta
I	03.06.2016	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta - om handsaming i kommunestyret
S	06.06.2016		Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune
I	17.06.2016	Sekretariatet for Kontrollutvalet	KUV sak PS-33/16 - Barneverntenesta - innstilling til Stord kommunestyre
X	27.06.2016		Særutskrift Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune
X	23.08.2016		Forvaltningsrevisjon - Barneverntenesta
I	08.03.2017	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Handlingsplan KUV sak PS 6/17 - Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune
U	19.06.2017	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Handlingsplan KUV sak PS 6/17 - Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune
X	15.08.2017		Oppfølging av handlingsplanen i SIB
I	18.09.2017	Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet	Partsbrev KUV PS 34/17 - Oppfølging av forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta i Stord kommune

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Deloitte gjennomførte på bestilling av kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Stord kommune. Resultatet av forvaltningsrevisjonen vart dokumentert gjennom ein forvaltningsrapport og rapportert til kommunestyret 23.6.16, PS 38/16. Kommunestyret vedtok i saka fylgjande:

1. *Etablera tilstrekkeleg internkontroll i samsvar med forskrift om internkontroll etter barnevernloven*
2. *Setta i verk tiltak for å sikre, og følgje opp, at lovpålagte oppgåver blir gjennomført i samsvar med krav i regelverket og interne rutinar*
3. *Gjera ei vurdering av kapasiteten til barneverntenesta*

4. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane inkl. underpunkt i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Rådmannen la i notat til Komité for oppvekst og utdanning og kommunestyret datert 23.08.2016 fram ein plan for oppfølging. Kontrollutvalet fekk skriftleg tilbakemelding om status i forbetningsarbeidet den 19.6.2017. Slik rådmannen ser det har ein i denne prosessen etablert eit internkontrollsystem som er i samsvar med forskrift om internkontroll etter barnevernlova og sett i verk tiltak for å sikra at lovpålagde oppgåver blir gjennomført i samsvar med krav i regelverk og interne prosedyrar.

I forvaltningsrevisjonen Deliotte gjennomførte frå April 2015 – til Mai 2016 oppsummerer dei fylgjande om kapasiteten i tenesta:

*«Gjennomgåande viser leiinga i barneverntenesta til at dei manglar tilstrekkeleg kapasitet til å yte dei tenestene barneverntenesta har ansvar for etter regelverket. Undersøkinga viser også at Stord kommune ikkje har hatt ei realistisk budsjettering av barneverntenesta som har gjenspeglar aktivitetsnivået. Det er sett i verk viktige tiltak for å betre budsjetteringa framover. Revisjonen meiner at samstundes at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har gjort ei grundig vurdering av kapasitet i tenesta for å sikre at det er tilstrekkeleg med ressursar til å yte dei tenester og tiltak som kommunen har ansvaret for etter barnevernlova.»*

I denne saka vil ein gjera nærare greie for pkt. 3, nemleg gjera ei vurdering av kapasiteten til barneverntenesta.

Sunnhordland interkommunale barnevern har, i perioden oktober 2016 – november 2017, delteke i Effektiviseringsnettverk i regi av KS. Vurdering av kapasiteten i tenesta er i hovudsak gjennomført i form av tenesteanalyse gjort i samband med dette nettverket.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)/vurdering**

Barnevernet skal, etter lova, gi hjelp til barn som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira. Hjelpa kan bli gitt i form av frivillige hjelpetiltak, eller som omsorgstiltak ved plassering i fosterheim eller institusjon. Tenesta skal, og som ein del av kommunen, vera med å førebyggja at barn lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira. Tidleg innsats og tilpassing er sentrale omgrep i oppvekstsektoren. Tidleg innsats blir forstått som innsats på eit tidleg tidspunkt i barnet sitt liv, og at ein grip inn tidleg når problem oppstår eller vert avdekt.

Kommunane Bømlo, fitjar og Stord har og ein modell for samarbeid mellom tenestene i kommunane og føresette som skal sikra heilskapleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Denne samarbeidsmodellen vert kalla BTI (betre tverrfagleg innsats) og samsvarer godt med målsetjinga om tidleg innsats. Ein veit og at potensiale for å redusera sosial ulikskap gjennom å iverksetja tiltak tidleg er stort, og at den samfunnsøkonomiske gevinsten ved å tilby gode tiltak tidleg er høg. Jo tidlegare barn og unge får hjelp, desto meir sannsynleg er det at ein kan avverja større og meir komplekse problem.

Det blir forventa av barneverntenesta at dei skal prioritera tidleg innsats, samarbeida med andre tenester, barn og familiar, samt ha gode tiltak som er tilpassa det einskilde barn/ unge og familien deira. Dette krev brei fagleg kompetanse, erfaring og prioritering. Tenesta er og avhengig av samhandling med andre hjelpetenester i kommunen, som helsestasjon- og skulehelseteneste og pedagogisk psykologisk teneste for å lukkast. I tillegg gode system og at tilsette både i eiga teneste og i andre tenester, barnehagar og skular, forstår eiga rolle og oppgåve, at dei har god kompetanse og driv godt førebyggjande arbeid, tidleg innsats og tilpassing.

I brev frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet står det fylgjande:

*«alle kommuner må kunne håndtere alle situasjoner hvor barn befinner seg i en krisesituasjon og står i fare for å bli vesentlig skadelidende på grunn av forholdene i hjemmet. (...) alle kommuner må ha tilstrekkelig og riktig kompetanse tilgjengelig utenfor vanlig kontortid. Kompetansen kan være tilgjengelig i kraft av en bakvaktsordning pr. telefon. Selv om håndtering av mange akutsituasjoner forutsetter et tett samarbeid med*

*politiet og andre hjelpeinstanser, kan barneverntjenesten ikke overlate ansvaret for disse situasjonene til andre alene. En bakvaksordning må være formalisert slik at noen faktisk har ansvar for å bidra med barneverntjenestens kompetanse, og samarbeide med andre hjelpeinstanser dersom det oppstår en alvorlig situasjon utenfor kontortid.*

Fylkesmannen i Hordaland tok, på bakgrunn av dette, hausten 2017 initiativet til å sette i gong eit prosjekt for å utreda mogleiken for at alle kommunar i Hordaland skulle inngå i ei felles beredskapsvakt. Ei slik ordning skulle sikre at alle barn i fylke fekk eit forsvarleg tilbod om barneverntenester heile døgnet. Syner her til vedlagt rapport. Etter innspel frå Stord, då rapporten vart handsama i rådmannsutvalet, er ein no i gong med å greia ut ei eiga ordning for Sunnhordland. Dette arbeidet er ikkje ferdig enno.

Forventningane til barnevernet og kva oppgåver dei skal løysa er vide. Dette med tanke på at ein skal ha nok tilsette med kompetanse til, og system for både å jobba førebyggjande, jobbe i akutte saker/ kriser og i komplekse alvorlege saker.

Dette medfører, slik rådmannen ser det, at det å vurdere korleis tenesta løysar oppgåvene og om dei er godt nok bemanna til å løysa oppgåvene og handlar om kor godt «utbygd» dei andre hjelpetenestene i kommunen er og korleis ein klarer å samhandlar tenestene imellom. Andre hjelpetenester til barn og unge kan vera pedagogisk psykologisk teneste(PPT), helsestasjons- og skulehelseteneste og kommunepsykolog eller særleg tilrettelagte førebyggjande tiltak.

Stord kommune har 18,7 årsverk som helsesøster i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år. Dette er noko færre enn landet utan Oslo som har 20,6 årsverk og Kostragruppa som har 23,1 årsverk. Det er ikkje tilsvarende tall for PPT. Stord kommune har ikkje psykolog til barn og unge, me har heller ikkje særleg tilrettelagte førebyggjande tiltak retta mot barn i førskule og barneskulealder.

Det beste biletet av bemanningssituasjonen får ein ved å sjå bemanninga i forhold til arbeidsmengda. Men arbeidsmengde er ein vanskeleg målbar storleik, og beror på mange forhold som ikkje kan lesast av nokon statistikk. Barnevernssaker vert registrert forskjellig i ulike kommunar, og dette gjer det vanskeleg å samanlikna kommunar statistisk. Likevel kan me få eitt bilete av situasjonen ved å sjå bemanninga i høve til tal rapporterte barn med undersøking eller tiltak.

#### Bemanninga

Det er i alt 35 tilsette i barneverntenesta medrekna administrasjon, tiltaksstillingar og kontaktpersonar. Av desse har 18 utdanning som barnevernspedagog, 5 som førskulelærar og 5 som sosionom. Fleire har og relevant vidareutdanning. Ser ein på tal stillingar i barnevernet med fagutdanning sett i høve til barnetal, viser talet for SIB 3,2 stillingar per 1000 barn i alderen 0-17 år, medan snittet for landet ligg på 4,6 (kostra 2016). Dette kan vera noko lågt for SIB, samstundes er det ulikt frå teneste til teneste korleis dette vert registrert og vanskeleg å samanlikna. Kommunane Bømlo, Fitjar og Stord har og noko færre barn med hjelpetiltak frå barnevernet enn snittet er i kommunane elles i landet, ein ligg og under snittet for landet når det gjeld tal barn der det er sendt melding om bekymring til barnevernet.

Tenesta er i gang med eit kompetansehevingsprosjekt i samarbeid med Ressursenter for vald og traumatisk stress (RVTS) med tema, «avdekking og kva så». Dette er eit program som starta opp hausten 2017 og går fram på nyåret 2019. Det er månadlege fagsamlingar kring tema vald og traumeforståing der ein og har invitert inn samarbeidspartar til å delta. I tillegg er det ein eigen del med opplæring i samtaler med barn, der ein jobbar med dette i grupper og nyttar video til analyse og rettleiing.

Barneverntenesta har ei tid hatt eigne familierettleiar, men behovet for tiltak har vore større enn kapasiteten og denne har då vorte dekkja gjennom kjøp av tenester frå eksterne rettleiarar. Tenesta har det siste året omprioriterer og vil i det vidare nytta ressursar ein tidlegare har nytta til kjøp av eksterne familierettleiarar til å tilsetje fleire sjølv. Dette vurderer tenesta vil vera kostnadseffektiv og forsvarleg tiltakspraksis og styrke den samla kompetansen i tenesta.

Tenesta har jobba med betring av strukturen for gjennomføring av sakshandsaming og undersøkingarbeidet. I dette arbeidet har ein nytta LEAN-rettleiing for å gjera arbeidsflyten frå melding er konkludert til undersøking er gjennomført mest mogeleg effektiv. Vidare er malar og rutinar kvalitetssikra med omsyn til differensiering av alvorgrad i tilmeldte saker med mål om forsvarleg praksis.

Det er sett i verk plan for å nytte «mobilt barnevern» i tenesta. Dette er eit system for å kunne bruke nettbrett til å gjera notat og enkel saksbehandling når ein er ute av kontoret. Systemet er kopla mot fagsystemet og reduserer dobbeltarbeid i høve dokumentasjon, samstundes som det betrar sikringa av journalopplysningar i tenesta.

Direktoratet for barnevern, Bufdir, legg til rette for nasjonale program for vidareutdanning som tenesta tek del i. Tre tilsette startar opp på vidareutdanning i haust.

Barnevernet nasjonalt og i SIB er ein arbeidsplass der kvinner er i klart fleirtal og der mange er i alderen 25 til 35 år. Dette er og ein alder der mange etablerer familie og får egne barn. Barnevernet er og ein arbeidsstad som ikkje alle passar til og tenesta har både på grunn av samansetting av tilsette og arbeidets art ein turnover på om omlag 40 prosent. Dette medfører at ein stadig er på jakt etter nye tilsette med relevant kompetanse. Samstundes har SIB dei siste åra hatt ei meir stabil gruppa enn tidlegare med omsyn til fast tilsette.

Den store turnoveren medfører belastning på andre tilsette og krev at ein er god på opplæring av nye. Dette for at kvaliteten på tenestene skal vera god og for at nye skal bli i yrke. Sunnhordaland Interkommunale barnevernteneste har ein eigen plan for opplæring av personar som vert tilsett i tenesta. Denne planen ligg i kommunen sitt internkontroll-/kvalitetssystem, Compilo.

Det at tenesta har nok tilsette med god fagleg kompetanse er særst viktig for at ein skal kunna løysa oppgåvene ein har etter lova. Slik rådmannen ser det har SIB i dag eit lag med tilsette som har god fagleg kompetanse og som deltek i ulike opplæringsprogram og tar vidareutdanningar. Det er samstundes viktig at tenesta har gode opplæringsprogram for nyttilsette og at ein har ein plan for å rekruttera og behalda kompetansen i laget.

#### Arbeidsmengd

Dersom ein fordeler tal barn med undersøking, eller tiltak frå barnevernet med tal årsverk (sakshandsamarar) i tenesta, var talet 19,4 saker per sakshandsamar for SIB (2016 tal). Dette er om lag på snittet samanlikna med dei andre kommunane som var med i KS nettverket og med landet forøvrig. Syner til vedlagt tenesteanalyse.

Tenesteanalysen syner og at kommunane Bømlo, Fitjar og Stord ligg høgare enn landsnittet med omsyn til tal barn 0-17 år i befolkninga, medan ein ligg under snittet for landet når det gjeld tal barn der det er sendt melding om bekymring til barnevernet. Framskrivning av forventta folketal viser at tal barn i gruppa 0-17, vil liggja høgare enn landssnittet også frametter. Dette kan bety at risikoen for at tal undersøking og tiltak i gruppa 0-17 år er noko større i dette området enn for landssnittet, sjølv om praksis fram til i dag syner noko anna.

Levekårsindikatorane syner heller ingen klare teikn på endringar i behovet for barneverntenester. Det vert her vist til Tenesteanalysen og eit utval av indikatorar (tal frå Kostra) av levekår som kan ha innverknad på behov for tenester frå barnevernet. Likevel syner Statistikk frå Folkehelseinstituttet at Stord dei siste åra har hatt auke i del fattige barnefamiljar og i unge uføre kvinner. Barneverntenesta har det siste året registrert ein vekst i behovet for tenester. Veksten føl langt på veg veksten i resten av landet.

Netto driftsutgifter per barn som er plassert i eit tiltak utanfor biologisk heim, er noko høgare for SIB kommunane enn snittet for landet, medan utgifter til tiltak i heimen ligg under landssnittet. Dette kan mellom anna forklarast ved at ein kjem seint inn i saker og at sakene, eller situasjonen til barnet vert svært krevjande og tiltaka då ofte meir omfattande. Dei seinare åra har tenesta fått relativt fleire saker, medan kostandane i einskildsaker ikkje har auka på same måte. Dette kan indikerer at tenesta er meir kostnadseffektiv. Enkelte meiner at ein ved å bruka meir ressursar tidleg, i form av at fleire tilsette jobbar med tidleg innsats, så vil ein kunna redusera volumet av tiltak utanfor biologisk heim. Noko som vil føre til at samla kostandar på sikt vert reduserte då tiltak utanfor biologisk heim er svært kostnadskrevjande.

Tenesta har fått på plass gode system for å fylgja opp krava i barnevernlova, som fristar for sakshandsaming, syner her til vedlagt internrevisjon. Sakshandsamarane/kontaktpersonar melder mellom anna brot på sakshandsamingsfristar til leiar gjennom avviksmeldingar i kvalitetssystemet Compilo.

Sakshandsaming og ev. brot på fristar vert rapportert til Fylkesmannen kvart kvartal. Tilsette rapporterer at dei dei har god kontroll på fristar i høve handsaming av meldingar medan ein har brot på sakshandsamingsfristar knytt til kravet i lova om å gjennomføra undersøkingar innan 3 månadar. Hovudårsaka til dette er at ein har utfordringar knytt til bemanning. I 2017 hadde tenesta ein monaleg auke i tilmeldte saker, særleg inn mot sommaren. Dette medførte utfordringar vidare gjennom heile året.

Det at tenesta over tid har utfordringar med å halda dei fristane lova set for sakshandsaminga kan tyda at ein har for få tilsette som handsamar saker. Rådmannen meiner samstundes at ein kan utfordra tenesta i høve prioritering og organisering. Det er og stadig ei vurdering om korvidt ein skal løfte barneverntenesta for då til dømes å satse meir på førebyggjande arbeid.


#### Sjukefråvær og medarbeidarundersøking

Barneverntenesta har i fleire år vore ei teneste/eining med stor utskifting av tilsette (turnover) og høgt sjukefråvær samanlikna med andre tenester/einingar i kommunen. SIB har 35 tilsette. Dei to siste åra har fire slutta og to har gått over i anna stilling i tenesta. I tillegg har fem tilsette gått ut i fødselspermisjonar i same periode. Samla sett har SIB ein turnover dei to siste åra på 40 prosent.

I følgje statistisk sentralbyrå (SSB) sin rapport om turnover publisert i 2014 hadde barneverntenester med mellom 15 og 20 tilsette 40 prosent turnover. Til samanlikning var gjennomtrekksraten i grunnskule, sosialtenesta og barnehagar omkring 28 prosent. Dette kan tyde på at det å arbeida med saker i barneverntenesta for mange vert for krevjande.

Tilsette i barnevernet gir attendemelding om eit opplevd høgt arbeidstempo og stor arbeidsbelastning. Stord kommune gjennomfører medarbeidarundersøking annakvart år. I 2013 og 2015 gav dei tilsette uttrykk for at dei sakna nok informasjon til å gjera ein god jobb, at dei hadde for lite tid til gjennomføring av oppgåvene dei hadde og sakna attendemelding på arbeidet som vert utført. Samtidig svarar dei at dei opplever eit godt arbeidsmiljø med høg trivnad og oppleving av å ha eit utviklande og motiverande arbeid. Dette er mest dei same svara ein får frå barneverntenester frå andre kommunar i same undersøking og gir eit mykje godt einsarta bilete av kva tilsette opplever som utfordrande med sin arbeidssituasjon.

Barneverntenesta vert generelt opplevd å vera ein arbeidsstad med høge krav, lite tid til oppgåvene og stor grad av autonomi. Sjukefråvær i tenesta er ei problemstilling som stadig er på agendaen og nasjonalt. Sjukefråværet i SIB har sidan 2014 vore stabilt, frå ni til ti prosent. Korttidsfråværet utgjer om lag ein tredjedel av det totale sjukefråværet, noko som er på nivå med dei andre einingane i kommunen. I 2015 vart det gjennomført eit sjukefråværsprosjekt i samarbeid med NAV arbeidslivssenter. I denne perioden gjekk også sjukefråværet noko ned. I prosjektet vart det arbeidd med ulike nærvæertiltak for og styrke samhaldet i personalgruppa og auke arbeidsgleda



Sjukefråværet i barneverntenesta vert samanlikna med andre helse- og sosialtenester i Noreg og dersom ein ser på utviklinga frå 2014 og til i dag, er sjukefråværet i SIB omlag på nivå med snittet elles i landet.

Høgt sjukefråvær er ei belastning både for dei som er att på jobb og dei som er sjuke. Det å ha fokus på tiltak for å redusera sjukefråværet har ein sett at verkar og slik rådmannen ser det er dette noko ein då bør fortsetja med både i einingsleiargruppa og i eininga, samstundes som ein sikrar eit godt eit system for rekruttering og oppfølging av vikarar og nyttilsette.

### **Samla vurdering**

Forventningane til barneverntenesta går frå førebyggjande arbeid, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid til at ein skal kunna tilby gode tilpassa tenester i svært krevjande saker. Dette medfører at ein lett kan koma i ein situasjon der ein opplever alltid å ha for lite tid til å løysa oppgåvene og der ein må prioritera mellom alvorlege saker. Dei tilsette i barneverntenesta og deira kompetanse og kvalifikasjonar er samstundes avgjerande for at kommunen skal kunna gje forsvarlege og rette tenester til rett tid.

For å vurdere om tenesta har tilstrekkeleg bemanning/ kapasitet har rådmannen mellom anna sett på tal tilsette samanlikna med barnetall, tal saker per tilsett, dei tilsette sin kompetanse og naudsynt faglege kvalifikasjonar til å løyse oppgåvene. Rådmannen finn, ut frå dette, ikkje at SIB har ein bemanningssituasjonen som skulle tilseie at ein ikkje er istand til å løysa oppgåva.

Barnevern i heile landet har og mange av dei same utfordringane med høgt sjukefråvær, turnover og samansetting av tenesta. Rådmanen meiner samstundes at det er ei utfordring når tenesta har eit så høgt tal på turnover og sjukefråvær over tid, og ser at dette er eit tema tenesta må jobba vidare med samstundes som ein får på plass ein plan for å rekruttera og behalda kvalifiserte tilsette. Sjukefråvær er ei generell utfordring i heile kommunen og noko ein har arbeidd, og skal arbeida med i felles einingsleiarmøte. Utfordringa er og løfta opp i trepartssamarbeidet.

Tenesta har undervegs i arbeidet i KS-netteverket sett at det er naudsynt å endra «tiltaksprofilen» mot auka innsats knytt til barn i familien. Dette vil kunna medføra at fleire får tilstrekkeleg hjelp i heimen slik at ein ikkje må nytta omsorgstiltak, men det vil og bety at terskelen for å flytta barn ut av heimen vert høgare. Rådmannen vurderer likevel dette som ei prioritering ein bør kunna gjera.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ikkje vurdert som del av denne saka.

### **Beredskap**

Sunnhordaland interkommunale barnevern har i dag ingen beredskaps- eller vaktordning etter kontortid. Fylkesmannen i Hordaland tok har sett i gong eit arbeid for å utreda felles beredskapsvakt for Hordaland, som ein del av dette arbeidet er ein no i gong med å greia ut ei eiga ordning for Sunnhordland. Dette arbeidet er ikkje ferdig enno.

### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Kommunestyre tek testeanalysen og vurdering av kapasiteten i barneverntenesta til vitande.

Kommunestyret ber rådmannen komma tilbake til spørsmål om finansiering av barnevernvakt i samband med budsjett for 2019.

Saksnr	Utval Formannskapet	Møtedato
	Kommunestyret	

## **STORD KOMMUNALE EIGEDOMSSELSKAP AS - EIGARSTRATEGI**

### **Framlegg til innstilling:**

Kommunestyret ser positivt på ei vidare utvikling av Stord kommunale eigedom AS slik selskapet skisserer i sitt notat av 6. september 2018.

Kommunestyret ber om at selskapet utarbeider ein verksemdsplan for selskapet. Denne må ta opp i seg forslag til eigedomar/portefølje som selskapet ser for seg å utvikla.

## Rådmannen, 16.05.2018

### Dokumentliste

S	28.12.2017		Stord kommunale eidegdomsselskap AS. Eigarstrategi, mogeleg avvikling av selskapet
I	26.01.2018	Stord kommunale eidegdomsselskap AS	Stord kommunale eidegdomsselskap AS og budsjettvedtak
I	30.01.2018	Stord kommunale eidegdomsselskap AS	Uttale frå Stord kommunale eidegdomsselskap AS
X	01.02.2018		Særutskrift Stord kommunale eidegdomsselskap AS. Eigarstrategi, mogeleg avvikling av selskapet
U	01.02.2018	Arne Bjelland m.fl.	Stord kommunale eidegdomsselskap AS - eigarstrategi m.m.
I	12.04.2018	Stord kommunale eidegdomsselskap AS	Svar på brev vedr. Stord kommunale eidegdomsselskap AS
I	13.09.2018	Arne Bjelland	Notat frå SKE AS
S	16.05.2018		Stord kommunale eidegdomsselskap AS - eigarstrategi

### Vedlegg:

1 Revidert svar til rådmann, 06.09.

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Som del av budsjettvedtaket for 2018 vedtok kommunestyret følgjande:

«Kommunestyret ber rådmannen første halvår 2018 leggja fram sak om framtidig strategi for SKE AS, der avvikling av selskapet også skal vurderast. Formannskapet skal fastsetja omfanget av saka»

Formannskapet slutta seg 31. januar til eit opplegg på å vurdere den framtidige strategien opp mot tre moegelege vegval:

- Halda fram som i dag
- Ekspandera selskapet, fortrinnsvis gjennom leggja fleire kommunale bygg inn i porteføljen til selskapet
- Avvikla selskapet og overføra Ske-bygga på Heiane og i sentrum til kommunen

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Stord kommunale eidegdomsselskap AS (Ske AS) er eit heileigd kommunalt aksjeselskap, skipa 13. desember 2001. Opptakten til selskapet var kjøpet av BKK-bygget på Heiane. Rådmannen vart då gitt fullmakt til å skipa eit aksjeselskap som skulle «eige og drive eidegdomen på Heiane». Ein skulle også vurdere å selja Teknisk bygg i sentrum til selskapet, som skulle ha ein aksjekapital på kr 100 000 og ein særskilt avtale med kommunen om finansiering.

Det vart i kommunestyresak 80/01 framført slik argumentasjon for å leggja eidegdomane i eit kommunalt aksjeselskap:

«Alternativ til investering over ordinære kommunale budsjett er etablering av eit kommunalt aksjeselskap med ein aksjekapital som utgjer ein del av investeringsbehovet for å kjøpa BKK-bygget. Aksjeselskapet kan på eiga juridisk og økonomisk grunnlag eiga og drive bygget som eit eidegdomsselskap, og gjennomføra utvikling (tilpassing/ombygging) av eidegdomen. Det er i ny organisasjonsstruktur lagt til rette for at den daglege leiinga av eit slikt selskap vert lagt til utbyggings- og eidegdomseininga. Stord kommune kan om det er ønskjeleg nytta eit slikt selskap til andre liknande føremål/verksemder om dette vert teke omsyn til i føremålsparagrafen til selskapet, til dømes eidegdomsutvikling av tekniske bygg.»

Spørsmålet om selskapsorganisering/alternativ organisering av forvaltninga av desse eidegdomane vart ikkje vidare drøfta i saka, utan at det i eit tilleggsnotat av 23. november 2001 vart skildra tre ulike måtar å finansiera eidegdomskjøp:



1. Gjennom låneopptak frå Stord kommune (kraftsalsfondet)
2. Gjennom eksterne låneopptak der kommune stiller garanti (som er ordninga som sidan er praktisert)
3. Gjennom låneopptak til marknadsrente

Bygga har til saman areal på ca. 4 500 m<sup>2</sup> som er leigd ut til Stord kommune. Stord kommunalteknikk, Stord kommunale eigeendom og IKT-eininga held til på Heiane. Heimebaserte tenester, Eining for habilitering og Sunnhordland interkommunale barnevern leiger lokala i sentrum.

Selskapet sine inntekter er husleige frå kommunale leigetakarar. Ske AS har ifølgje vedtektene som føremål "å eiga, kjøpa og selja eigeendom ved aksjekjøp, sal av aksjar eller på anna måte, byggja ut og driva næringsseigeendom og infrastruktur av teknisk karakter. Selskapet kan og engasjera seg i liknande verksemdar".

Ske AS har eit styre med tre medlemmer som i 2016 hadde ei godtgjersle på til saman kr 40 000. Selskapet hadde i 2016 eit overskot etter skatt på kr. 1 081 988, og har i åra 2007-2016 betalt til saman 1,335 mill. kr i skatt. Eigenkapitalen medrekna aksjekapital var 31. desember 2016 på kr. 4 175 589. Selskapet hadde på same tid kr. 30 385 017 i gjeld, bokført verdi på dei to bygga var kr. 28 428 720.

Eigar-strategien for selskapet er i kommunen si eigarskapsmelding formulert slik:

«Føremålet med eigarskapet er at Stord kommunal eigeendomsselskap AS skal forvalta "Teknisk etat -bygget" i Leirvik og BKK-bygget på Heiane på best mogeleg måte for kommunen.»

Kommunen si eigarskapsmelding legg verksemda sin eigenart til grunn i spørsmålet om val av selskapsform:

«Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk. Dersom eit selskap er i ein konkurransesituasjon og målet er økonomisk avkastning, så talar dette for val av AS-forma. Dersom ønsket er politisk og demokratisk kontroll og styring, så bør verksemda haldast innan vanleg kommunal organisasjonsstruktur, eventuelt bør det veljast §27-organisering etter kommunelova dersom det gjeld samarbeid mellom fleire kommunar. For verksemdar som både har eit finansielt og samfunnsmessig fokus, og samstundes er i ein konkurransesituasjon, så må ein vurdera om KF (kommunalt føretak) er best eigna.»

Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å sikra ei samarbeids- og organisasjonsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, kommunen sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk. Ein god eigarstrategi kan klårgjera kva kommunen ynskjer å få ut av samarbeidet.

Organisering utanfor kommunen sin driftsorganisasjon betyr at styring og leiing blir spreidd og lyt finna ei meir indirekte form, sjå figur under. Aksjeselskap er leia av generalforsamling og styre, er sjølvstendige rettssubjekt, og er i utgangspunktet tenkt nytta til å utføra forretningsmessige oppgåver.



## Styret i Ske AS si vurdering

Rådmannen har henta inn uttale til saka frå Styret i Ske AS. Rådmannen bad m.a. om at styre og administrasjon si vurdering av korleis dei ev. kan utvikla selskapet og/eller ekspandera innanfor andre forretningsområde enn drift og forvaltning av kommunal eigedomsmasse. Det har vore skifte i styret i selskapet, uttale frå det nye styret låg føre 6. september. Styret skriv har drøfta utviklingsområde for selskapet og skriv m.a.:

«Selskapet har dei siste åra hatt eit positivt overskot i drifta pga. god økonomistyring og lite ekstraordinært vedlikehald. (ref. tabell) Styret ser positivt på å utvikle selskapet vidare, og ser for seg og ekspandera innan desse ulike satsingsområda:

- Eigedomsutvikling av kommunal grunn for næring og bustadfelt og sentrumsutvikling
- Aktuelle områder å utvikle kan være:
  - Sæverhagen:  
Utbygging av områder regulert til bustad. Omregulering av den delen av Sævarhagen som er regulert til Helsesportsenter til bustad og næring / off. føremål
  - Kyvik. Stord Kommune eig ein eigedom i Kyvik på Rommetveit. Vurdere å regulere denne om til bustad. Ligg i dag inne som friareal.
  - Rukjen. Vurdere oppstart av utbygging og sal av delområder/bustader
  - Det har i pressa vore mykje diskutert utbygging av felles tun for unge og eldre / funksjonshemma. Dette bør takast med ved regulering av ovannemnde prosjekt.
- Prosjektstyringsbistand. Utleie av spesialisert arbeidskraft i forbindelse med eiendomsrelatert prosjektstyring.»

Vidare heiter det i uttalen at «Styret meiner at eit heileigd kommunalt aksjeselskap er den mest føremålstenelege og framtidsretta organisasjonsforma for Stord kommune for organisering og utvikling av eigedommar og drift av kommunale bygg.»

## Vurdering

Diskusjonen om selskapsorganisering eller ikkje vert ofte krevjande, og det er ingen fasit. Det skal takast omsyn til økonomi, effektiv drift, personalpolitikk og folkevald styring. Organisering av den kommunale verksemda er og i stor grad eit spørsmål om legitimitet, eller påliteleg styre. Påliteleg styre handlar om tilliten innbyggjarane har til den verksemda kommunen har ansvar for. Likehandsaming og habilitet er viktig, og ei organisering som sikrar innsyn, både for ålmenta og folkevalde.

Rådmannen ser aksjeselskap først og fremst som eit argument for å avgrensa kommunen sin risiko og eventuelle forretningsverksemd. Dersom det dreier seg om forretningsdrift og/eller ikkje-lovpålagde oppgåver kan det vera føremålstenleg å velja ein organisasjonsform som avgrensar det økonomiske ansvaret. Kommunen kan ikkje organisera seg bort frå ansvaret for å yta lovpålagde tenester. Kommunen har og ansvaret for tilsette sitt fysiske arbeidsmiljø, sjølv om de arbeider i eit bygg eigd av eit aksjeselskap.

Rådmannen ser ikkje at det i seg sjølv at det er føremålstenleg eller i tråd med kommunen si eigarskapsmelding å skilja ut drifta av to kommunale administrasjonsbygg i eit aksjeselskap. Sjølv om eit styre kan tilføra profesjonalitet til drift og vedlikehald av bygget, er det fortsatt kommunen sine folk som er utførande og det vert meir administrasjon av ei slik organisering. Ein ser og at selskapet i åra 2013-2016 betalte nær 1,3 mill. kr i skatt, midlar som elles kunne vore brukt på vedlikehald av kommunen sin øvrige bygningsmasse.

Rådmannen ser likevel positivt på ei utvikling av selskapet slik styret skisserer. Selskapet kan på denne måten utvikla og gje meirverdi til kommunal eigedom, som igjen kan generera inntekter til andre gode føremål. Stord kommunale eigedom AS vert i så fall eit utviklingsselskap og vil få ei meir forretningsmessig drift. Denne typen verksemd vil vera

både innanfor føremålet med selskapet og ein type aktivitet som etter rådmannen sitt syn – og ifølgje eigarskapsmeldinga til kommunen – bør liggja i eit aksjeselskap.

Det er likevel eit stykke fram til Ske AS kan vera operative for ei slik verksemd. Selskapet må riggast i høve til å utvida aktiviteten, og kommunestyret må gjera ei konkret vurdering av eigedomar som eventuelt skal leggjast inn i porteføljen til selskapet. Rådmannen gjer i denne omgang framlegg om at kommunestyret gjer eit prinsippvedtak på om dette er farbar veg for selskapet, og at dei ber styre og administrasjon i selskapet om å utarbeida ein forretningsplan som kommunestyret kan ta stilling til. Den må m.a. innehalda forslag til konkrete prosjekt og budsjett for verksemda.

**Økonomiske konsekvensar**

Ikkje vurdert i denne saka.

**Miljømessig konsekvens**

Ikkje vurdert i denne saka.

**Folkehelse**

Ikkje vurdert i denne saka.

**Universell utforming**

Ikkje vurdert i denne saka.

**Beredskap**

Ikkje vurdert i denne saka.

**Konklusjon, alternativ tilråding**

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret stiller seg positive til ein strategi slik selskapet skisserer i sitt notat av 6. september, og at kommunestyret ber om at Stord kommunale eigedom AS utarbeider eit forslag til verksemdsplan som byggjer på denne.

Saksnr                      Utval  
                                    Formannskapet  
  
                                    Kommunestyret

Møtedato

## **BUDSJETTREVISJON 2 TERTIAL 2018**

### **Framlegg til innstilling:**

1. Kommunestyret tek budsjettrevisjonen til orientering med disse endringane:
  - a. Auka avdrag på gjeld som følgje av sal av tomt til REN AS kr 5,160 mill.
  - b. Auka utbyte frå SKE AS kr 2,0 mill.
  - c. Redusert husleige Stord kommunale eigedom kr 2,0 mill.
  - d. Auka rammetilskot (Havbruksfondet) kr 3,377 mill.
  - e. Redusert skatteanslag kr 3,377 mill.
2. Kommunestyret gjer vedtak om innbetaling av 5,7 mill. kr i ekstraordinære avdrag til Husbanken.
3. Kommunestyret gjer vedtak om å auke låneopptaket med kr 23 mill. til finansiering av investeringar i 2018.
4. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet i samsvar med vedlegg.

## Rådmannen, 14.09.2018

### Dokumentliste

I	07.05.2018	Bergencapitalmanagement - Marius Olsen Havdal	Månedsrapport gjeldsporteføljen April 2018
I	08.05.2018	Bergencapitalmanagement - Morten Furholm Pettersen	Stord kommune - rapport aksjefond og obligasjoner - pr. 30.04.18
I	23.05.2018	Bergencapitalmanagement - Morten Furholm Pettersen	Rapport aksjefondporteføljen til 1 tertial
I	23.05.2018	Fylkesmannen i Hordaland	Revidert nasjonalbudsjett 2018 og Kommuneopplegget for 2019
I	24.05.2018	Fylkesmannen - Rød, Håvard	Skatt t.o.m. april
S	14.05.2018		Budsjettrevisjon 1 tertial 2018
I	09.05.2018	Marianne Ankervold	tekst - behov for auka startlånsmidler
X	01.06.2018	Lovise Vestbøstad	Budsjettrevisjon - midlar 3810 og 3602
X	22.06.2018		Særutskrift Budsjettrevisjon 1 tertial 2018
U	27.06.2018	NCE Maritime CleanTech	Medlemskap i NCE Maritime CleanTech
I	14.09.2018	Bergencapitalmanagement - Morten Furholm Pettersen	Stord kommune - rapport aksjefond og obligasjoner - pr. 2. tertial 2018
I	10.09.2018	Bergencapitalmanagement - Morten Furholm Pettersen	Stord kommune - rapport aksjefond og obligasjoner - pr. 31.08.18
I	05.09.2018	Bergencapitalmanagement - Marius Olsen Havdal	Gjeldsrapport august 2018
S	14.09.2018		Budsjettrevisjon 2 tertial 2018

### Vedlegg:

- 1 Stord kommune gjeldsporteføljen august 2018
- 2 Stord kommune - rapport aksjefond og obligasjoner - pr. 2. tertial 2018 - 31.08.18
- 3 Stord kommune - porteføljerapport - aksjefond og obligasjoner - pr. 31.08.18
- 4 Skatt på formue og inntekt per 31. august 2018
- 5 SKATT

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

I samsvar med kommunen sitt økonomireglement skal det rapporterast til formannskap og kommunestyre om status per 31.08 (etter 2. tertial).

Tertialrapportane skal vurdere verksemda i høve til budsjetttrammer og -premissar og skal som hovudregel innehalda opplysningar om:

- Økonomisk resultat, korleis forbruket har utvikla seg i høve til vedteke budsjett
- Prognose, korleis sluttresultatet er venta bli i høve til vedteke budsjett
- Tenesteyting, korleis tenesteytinga har utvikla seg i budsjettåret i høve til vedtekne mål
- Avviksanalyse, kva som er årsaka til innrapporterte avvik

### **Saksutgreiing/vurdering**

#### Frie inntekter, skatt og ramme

Fylkesmannen har sendt ut oversikt over innkomen skatt per 31.8 (sjå vedlegg). Denne syner at for kommunane samla var skatteveksten første åtte månader i år samanlikna med same periode i fjor, 3,3 prosent. I Hordaland var skatteveksten dei første 8 månadane 3,4 prosent. Dersom ein held Bergen utanom, var skatteveksten i Hordaland 3,1 prosent dei åtte fyrste månadane i år. Størstedelen av veksten i 2017 kom på slutten av året, slik at den prosentvise veksten er forventet å verte lægre utover året når den høge skatteveksten utover fjoråret kjem med i samanlikningsgrunnlaget. Skatteveksten i landet er i revidert nasjonalbudsjett sett til 1 prosent.

I Stord kommune hadde 31.8 skatteinntekter på kr 321,725 mill. kr. Det gir ein vekst på 3,3 prosent. Skatteinngangen er likevel berre 91 prosent av landsgjennomsnittet, og

kommunen har eit negativt avvik på skatt på kr 21,7 mill. Samla har kommunen eit negativt avvik på kr 17,164 mill. kr på skatt og rammetilskot.

Rådmannen gjer ikkje framlegg om å endra skatteprognosen utan at som ein motpost til inntekta frå Havbruksfondet (sjå under) er skatteanslaget redusert med kr 3,377 mill. Rådmannen meiner at ein bør framleis kunne leggja til grunn at Stord kommune vil ha ein sterkare skattevekst enn resten av landet i 2018 som fylgje av den låge skatteinngangen i 2017 og utviklinga i arbeidsmarknaden. Skattetal for september, som er ein relativt stor skattemånad, vil kjende før politisk handsaming av tertialrapporten.

## **Driftsbudsjettet**

### Integreringstilskot

Uendra prognose, sjå under avsnittet om NAV.

### Asylmottak

Som fylgje av at mottaket for einslege mindreårige flyktningar på Litlabø vart lagt ned, vart det i første budsjettrevisjon varsla eit negativt avvik på statstilskot som vertskommune for asylmottak på kr 0,520 mill. Prognosen er no revidert til 0,452 mill.

### Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er budsjettert med ei inntekt på kr. 41,3 mill. og driftskostnader på kr. 1,29 mill., netto inntekt kr 40,01 mill. Prognosen ser ut til å halda, men ein er ikkje ferdig med klagesakshandsaminga.

### Finansinntekter

Stord kommune har hovudbankavtale med SR-bank med innskottsbetingelsar på Nibor 3 mnd + 0,4 prosent, alternativt Nibor 3 mnd + 0,5 prosent for innskot som kan bindast i (minst) 31 dagar. All ledig likviditet er plassert på hovudbankavtalen, og kunne alternativt vore plassert i marknaden til Nibor 3 mnd + 0,0 prosent. Ein vurderer difor plassering i hovudbankavtalen som gunstig, og det vil ikkje vere mogeleg å oppnå høgare avkastning i marknaden med lik tidshorisont. Per 31.8 har ein mindreinntekt på renter på bankinnskott på 0,027 mill. kr.

Budsjettvedtaket for 2018 la til grunn at Stord kommunale eigedom AS skulle redusere husleiga i 2018 med kr 2,0 mill. Dette var budsjettert som mindretgift hos Stord kommunale eigedom og Stord kommunalteknikk. Stord kommunale eigedom AS gjorde i staden vedtak om å betale ut kr 2,0 mill. i utbytte, og fakturerer ordinær husleige, og rådmannen har oppfatta at kommunestyret aksepterer denne endringa. Budsjettet vert endra tilsvarande.

### Kraftsalsfondet

Ved utløpet av 2. tertial 2018 er kommunen sine midlar i "Kraftsalsfondet" plassert hos to forvaltarar, i bankinnskott, renteberande verdipapir i norske bankar og sparebankar og statssertifikat, og aksjefonda Delphi Verden og Storebrand global indeks I.

Aktivafordeling ved utgangen av august 2018				
Type plassering	Marknadsverdi i kroner	Fordeling i prosent	Budsjettert avkastning i kr (periodisert)	Budsjettert avkastning i %
Bankinnskott	8 445 144	8	-	-
Obligasjonar/sertifikat	68 742 937	64	893 334	1,80
Aksjefond	29 499 046	28	1 440 000	8,22

Stord kommune har i 2018 eit budsjett på finansavkastning på kr 3,5 mill. 31.08 er resultatet kr 1,867 mill., fordelt på aksjar med kr 1,025 mill. (3,6 prosent) og obligasjonar med kr 0,843 mill. (1,1 prosent). Dette gir eit negativt periodisert avvik på 0,466 mill. kr.

Ein har meirinntekt på utbyte som veg opp for avviket på avkastning kraftsalfondet. Ein syner til vedlagt finansrapport for ytterlegare informasjon.

#### Gjeld, renter og avdrag

Kommunen mottek ekstraordinære avdrag på startlån (ekstraordinære innbetalingar frå lånekundar), som skal betalast som ekstraordinære avdrag til Husbanken. I tillegg til budsjetterte ekstraavdrag er det kome inn kr 5,7 mill. kr ekstraordinære avdrag. Rådmannen gjer framlegg om å auke budsjettet for ekstraordinære avdrag tilsvarande.

I budsjettvedtaket for 2018 av 23.11.17 sak 59/17 gjorde kommunestyet endringar i investeringsbudsjettet med 1,525 mill. kr utan at vedtaket om låneopptak vart endra. Det gjaldt fylgjande investeringar:

- Digitaliseringsprosjekt kr 375 000
- Investering veg, samarbeidsprosjekt kr 1 000 000
- Forprosjekt skeisebane kr 150 000

Rekneskapsmessig overskot for 2017 vart kr 15 552 568,73, mot budsjettert kr 37 940 611. Det er i budsjettet for 2018 lagt til grunn at kr 37 000 000 av overskot frå 2017 skal finansiere investeringar. Rådmannen gjer framlegg om å auke låneopptaket med inntil kr 23 mill.

Stord hamnestell har seld tomt til REN AS på Eldøyane. I samsvar med kommunestyrevedtak av 23.6.16 sak 52/16 vert kr 5 160 000 innbetalt som avdrag på gjeld.

Nøkkeltal for lånegjelda 31.8:

- Total lånegjeld: 2 011 953 846
- Gjennomsnitt rentebindingstid: 1,15 år
- Gjennomsnittrente 2,25prosent.

Ein viser elles til vedlagt rapport om gjeldsportefølje og finansieringsavtalar. Med dei foreslåtte endringane i denne saka reknar ein med balanse innafor finansområdet for 2018.

#### Havbruksfondet

Stord kommune har motteke kr 3 377 035,95 frå havbruksfondet. Inntekta skal førast som fri inntekt, overføring frå staten, teneste 8400 Ramme- og statstilskot.

#### Effektiviseringsprosjekt, trepart-samarbeid

Budsjettmål 3,5 mill. kroner kvart år i økonomiplanperioden. Så langt i år har dette arbeidet ikkje gitt innsparing.

#### Overskot

Det er etter første budsjettrevisjon budsjettert med eit netto driftsresultat på kr 13,4 mill. Rekneskapsmessig mindreforbruk er budsjettert med kr 22,6 mill. kr. Prognosen etter denne budsjettrevisjonen er at overskotet vert 14,2 mill. kr.

#### **Formannskapet/Driftsstyret/Kommunestyret**

Formannskapet har ved utgangen av august kr 360 000 til disposisjon på sin tilleggsløyvingskonto av den opphavlege løyvinga på kr 800 000.

Det er og budsjettert med kr 1 500 000 til disposisjon for kommunestyret, av denne står det att kr 560 000 ved utgangen av andre tertial. Det er ikkje endring i prognosane for einingane som høyrer til ansvarsområdet til formannskapet.

### Kommuneplanlegging

Det ligg inne kr 700 000 til overordna planarbeid i 2018. Budsjettet vart ved første budsjettrevisjon styrka med kr. 150 000 til utarbeiding av overordna handelsanalyse etter at fylkeskommunen løyvde tilsvarande sum til arbeidet.

Planmidlane vert i hovudsak nytta til slutføring av kommunedelplan Sagvåg – Litlabø der det vert kjøpt stadanalyse for gruveområdet (eksternt frå ABO etter anbudsrunde) og kartteknisk arbeid (internt frå planavdelinga på eining for regulering, byggjesak og oppmåling). Det vert i desse dagar arbeidd med å sende handelsanalysen ut på anbod.

Oppstart av revisjon av kommuneplanen for Stord er utsett til våren 2019 grunna revisjon av skulebruksplanen.

### **Oppvekst og utdanning**

#### Grunnskule

Seks av skulane har mindreforbruk 31. august, fire skular har meirforbruk. Samla har skulane eit meirforbruk på om lag 1,8 mill. kr. etter åtte månaders drift. Meirforbruket handlar for dei fleste skulane om utgifter til vikar i samband med sjukefråvær og utgifter til naudsynt styrking av personalressursen grunna særskilde behov hos enkeltelevar, samt manglande refusjonsinntekter.

Budsjettrevisjon første tertial synte ei underfinansiering av den nye lærarnorma og kommunestyre valde å finansiera denne ved å redusera driftsresultatet med 2,1 mill. kr.

#### Barnehage

Stord kommune har budsjettert med 131 mill. kr. i tilskot til private barnehagar i 2018, her er så langt ikkje meldt om avvik.

Dei kommunale barnehagane går samla med eit overskot etter 8 månaders drift på om lag 0,6 mill. kr. Innan barnehageområdet er det fleire ordningar for redusert foreldrebetaling som søskenmoderasjon og gratis kjernetid, kostnadane knytt til desse og tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne er ikkje klare enno.

Samla har barnehagane eit overskot per 31.08. 2018 og styrer mot balanse per 31.12.2018.

#### Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa (VO) rapporterer om eit samla overskot på om lag 0,4 mill. kr. Frå 01.09.2018 kommunane får plikt til å sørgje for opplæring for asylsøkarar på mottak. Dette har tidigare vært ein frivillig ordning. Dette medføre ekstra utgift for VO ut i frå forventa inntekter ser det likevel ut til at VO skal gå i balanse i 2018.

#### Kulturskulen

Kulturskulen styrer mot balanse.

#### Sunnhordland interkommunale barnevern

Barneverntenesta rapporterer om fleire store tiltak/ institusjons tiltak knytt til enkeltbarn, samla vert det rapportert om eit meirforbruk på om lag 1,1 mill. kr ved årets slutt. Dette tiltross for ei meirinntekt på om lag 1,9 mill. kr i integreringstilskot. Kommunen sin eigenandel for eitt barn i barnevernsinstitusjon er kr 70 000 per måned.

#### Førebyggjande tenester

Førebyggjande tenester styrer mot balanse.

### **Rehabilitering, helse og omsorg**

Fleire av einingane hadde avvik i 2017. Pressa drift og mangel på reserver som tek høgde for kostnader knytt til nye brukarar og brukarar som får auka hjelpebehov, medfører relativ stor risiko for avvik også i 2018.



### Institusjonsdrift (Stord sjukeheim og Knutsaåsen eldresenter)

Stord sjukeheim og Knutsaåsen har meirforbruk knytt til brukarar med utfordrande åferd. Avviket har auka gjennom året, men det ser ut som situasjonen har betra seg siste månad. Ein usikker prognose er eit negativt avvik på om lag kr. 2,0 mill. ved utgangen av året.

### Eining for aktivitet og rehabilitering

Eininga er i balanse etter andre tertial. Prognosen er og balanse ved årsslutt.

### Eining for habilitering

Eininga hadde eit negativt avvik etter første tertial på om lag kr. 347 000. Sparing knytt til avlastingstilbodet gjer at eininga no er i balanse. Det er og prognose ved årsslutt.

### Heimebaserte tenester

Det er per i dag vedtak om fleire timar i alle avdelingar enn det er ressursar til å utføre med grunnbemanning. Lærlingar og studentar tek unna noko av arbeidet, men eininga har ein svært utfordrande arbeidssituasjon og sjølv med streng prioritering er det ikkje mogeleg å gje innvilga tenester med den bemanninga dei har i turnus. Situasjonen må sjåast i høve til at det jamt over står om lag 14 personar på venteliste til sjukeheims plass. Eininga har per 31.08 eit negativt avvik på om lag kr. 1,6 mill. Prognose ved årsslutt er eit negativt avvik på omlag kr. 2,0 mill.

### Legetenesta

Tenesta er pr. dato i balanse. Prognose er eit positivt avvik på om lag kr. 0,1 mill. litt avhengig av kva tid ein får tilsett ny lege (grunna oppseiing).

### Sunnhordland interkommunale legevakt

Sunnhordland interkommunale legevakt (inkludert interkommunale døgnakuttsenger) er i balanse. Dette er og prognosen for årsresultatet.

Selskapet hadde eit overskot på om lag kr. 5,1 mill. i 2017. Styret for selskapet har innstilt på at deler av overskotet skal nyttast til å finansiere kostnadsveksten i 2019-budsjettet. Saka ligg i skrivande stund til endeleg handsaming i representantskapet for selskapet.

### Eining for psykisk helse og rus

Eininga har eit negativt avvik etter første tertial på om lag kr. 1,1 mill. Eininga har auke i tal personar som har utfordringar med å bu på normale vilkår, og kor det er behov for eigna bustadar og/eller særleg tett oppfølging. For ein av desse bebuarane lyt det etablerast eit butilbod, med tilpassa bustad og døgnbemanning 1:1. Brutto kostnad for dette tilbodet er om lag kr. 3,7 mill./år. Kommunen kan forvente tilskot gjennom ordninga med ressurskrevjande brukarar slik at netto kostnad vert om lag kr. 1,9 mill./år. Med oppstart 1. september er kostnaden om lag kr. 640 000. Dette er det ikkje teke høgd for i 2018 budsjettet. Sparetiltak som er sett i verk i eininga og bruk av skjønsmiddeltilskot frå Fylkesmannen gjer at prognosen for eininga ved utgangen av året er eit negativt avvik på om lag kr. 0,5 mill.

### NAV kommune

Pr. 31.08.18 er det eit mindreforbruk i eininga på rundt kr. 1,0 mill. Det er mindreforbruk på alle tenester med unntak av økonomisk sosialhjelp der avviket er på kr. 2,4 mill. Prognosen på økonomisk sosialhjelp er ei negativt avvik på om lag kr. 3,2 mill. ved utgangen av året. Prognose for året er at eininga klarar å halde budsjettet.

Flyktingtenesta har busett 15 personar hittil i år, som tilsvarar anmodningstalet frå IMDi (Integrerings og mangfoldsdirektoratet).

Det er 8 personar som har sekundærflytta til Stord hittil i år medan 5 personar er komne på familiesameining. Det er no 6 personar som bur på AMOT-avtale (asylsøklarar som bur utanfor mottak).

Springbrettet har fullt belegg og kravet om aktivitetsplikt er gjennomført for alle som er omfatta av kravet.

#### Tildelingskontoret (tidlegare Kundetorget)

Eininga har ved utgangen av april eit negativt avvik på om lag kr. 1,7 mill. Avviket er knytt til rekningar for utskrivingsklare pasientar og auka kostnader med BPA-ordninga (brukarstyrt personleg assistent).

Når det gjeld utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta er tal døger på nivå med 2017. Det ser ikkje ut som nedgangen frå 2016 fortset. Ein samla og usikker prognose er eit negativt avvik på om lag kr. 2,2 mill.

#### Ressurskrevjande tenester

Staten strammar inn ordninga. Innslagspunkt har dei siste åra blitt justert opp med kr 50 000. I 2018 medfører dette ein reduksjon av inntektene med om lag kr. 1,5 mill. for Stord kommune. Reduksjonen i inntekter er ikkje teke høgd for i budsjett 2018.

### **Næring, miljø og kultur**

#### Fagavdeling næring, miljø og kultur

Avdelinga går i balanse.

#### Kulturtenester inkl. kino

Aktiviteten i eininga er noko sesongbasert og kostnadane og inntekter vil difor variere i periodar.

Det vart i budsjettet for 2018 sett av kr 250 000 i ekstraløyving til lag og organisasjonar. Kr. 100 000 vart trekt inn i første budsjettrevisjon som fylgje av få innkomne søknader. Komité for næring, miljø og kultur har handsama søknadene og tildelt kr. 40 000 av desse midlane.

Prognose tilseier balanse ved årsslutt.

#### Bibliotek

Biblioteket arbeider med å få klar ein ungdomsseksjon. Fylkeskommunen har løyvd midlar til dette, og det er løyvt investeringsmidlar (kr. 100 000) til tiltaket. Eininga styrer mot balanse i 2018.

#### Regulering, byggesak og oppmåling

Det er vedteke at tenestene innanfor fagområda regulering, byggjesak og oppmåling skal sjølvkostfinansierast, men det er berre deler av tenesteområda som kan gebyrfinansierast. Mellom anna kan ikkje klagesakshandsaming av byggjesaker reknast inn i sjølvkostrekneskapen, og det er berre private reguleringsplanar som kan gebyrfinansierast fram til 1. gongs handsaming. Alle offentlege planar, samt handsaming etter 1. gongs behandling kan ikkje dekkast av gebyrinntekter.

Både byggjesaksavdelinga og oppmålingsavdelinga har positive avvik etter andre tertial som skuldast høgare gebyrinntekter enn kalkulert. Etter år med nedgang i sakstilfang på oppmålingsavdelinga, er det gledeleg at trenden kan synast å ha snudd.

For plansakshandsaminga er situasjonen framleis utfordrande, slik det vart varsla ved første budsjettrevisjon. Prognosen er framleis eit negativt avvik på kring ein million kroner.

#### Stord kommunalteknikk

Samla syner alle tenestene innanfor sjølvkostområda til Stord kommunalteknikk eit negativt avvik på kr 420 000 per 31. august. Det negative avviket er knytt til tenesteområdet for vatn og skuldast i hovudsak store overtidskostnader grunna mange og store lekkasjar.

I drifta på vatn og avløp skal ein del løn til rehabilitering og prosjektadministrasjon i løpet av året fordelast mot investering, jamfør budsjetttiltak 2018.

Resultat for året er mellom anna avhengig av utviklinga i den kalkulatoriske renta (som i prognosen (2,36%) har auka med 0,36% jamfør budsjett (2%)) og gjennomføringsevna på investeringsprosjekt. På vatn syner prognosen ut året eit underskot på 1 mill. kr

(budsjettert med 0,7 mill. kr til dekking av tidlegare års underskot). På avløp syner prognosen ut året eit underskot på 6 mill. kr, mot budsjettert 6,4 mill. kr, finansiert med bruk av fond. Prognose for renovasjon er om lag 0,4 mill. kr i underskot, medan budsjettet synte 0,1 mill. kr i avsetning til fond.

Det vert arbeidd med å halde vedlikehaldskostnadene på begge tenesteområda vatn og avlaup innanfor budsjetterte rammer.

#### Veg, trafikk og parkering

Sjølv med eit negativt avvik på vinterdrift på 0,5 mill. kroner, styrer avdelinga mot balanse for 2018. Avgiftsparkering og utgifter til veglys viser positive avvik som balanserer utgiftene til vinterdrift.

#### Stord kommunale eigedom

Eininga styrer mot balanse. Ein har utnytta veret i sommar og fått utført mykje godt vedlikehaldsarbeid. Skeisebanen har likevel nye utfordringar med lekkasjar.

Det er ikkje rapportert om alvorlege HMT-hendingar, og eininga har hatt eit lågare sjukefråvær dei siste månadene samanlikna med første tertial og med same periode i 2017. Det er positivt.

#### Brann, redning og feiing

Eininga er om lag i balanse etter 2. tertial. Vi vel å tru at vektlegginga av informasjonsarbeid gjennom dei tørre sommarmånadene både lokalt og nasjonalt var viktig for å unngå større brannar.

#### Stord hamn

Hamnestellet går med eit overskot på 6,5 mill. kr. andre tertial. Dette skuldast auka inntekter grunna stor aktivitet maritimt i Stord kommune. Prognosen er at hamnestellet vil halda budsjettet og gå med overskot dersom aktiviteten i dei varsla eksterne prosjekta vert i samsvar med informasjon framlagt til hamnestellet.

Det er gjort vedtak om sal av nattrutekaien 7-11, og det må arbeidast med å skaffa hamnestellet nye lokale.

Prosjektgruppe for landstraum på Eldøyane er oppretta og har starta arbeidet. Det er også innvilga tilskot frå ENOVA til landstraumanlegg på Nattrutekaien.

## Investeringsrekneskapen

Ifølge økonomireglementet skal rådmannen kvart tertial rapportere på investeringsprosjekt.

Det vert lagt opp til tertialvis rapportering på status og prognose, positive eller negative avvik, i høve til godkjente kostnadsoverslag:

Investeringsprosjekt, status andre tertial 2018; Stord kommunale eigedom				
Prosjektnummer/namn	Godkjent kostnadsoverslag	Rekneskap per 31.08	Prognose	Status prosjekt
4011 Stord u. skule	200 000	194 107	197 500 000	PF/GF
1304 Nye institusjonsplasser	163 400	54 132	163 400	PF
1240 Nysæter u. skule og fleirbrukshall	199 000	7 752	Sjå kommentar	FP
4315; 2240 Dagplasser f.h. Sæbø gard	38 400	23 468	38 400	PF
4314 Knutsaåsen omsorgssenter utv. rehab.	3000	2 488	3 000	PF
4762 Bustader (Furulyveien 51)	16 800	260	16 800	FP
4761 Omsorgsbustadar Bandadalsplassen	71 600	13	71 600	FP
4509 Rådhuset ombygging ventilasjon	11 500	195	11 500	FP
4760 Bustader for funksjonshemma (Haga)	36 300	399	36 300	DP
4502 Brann/innemiljø/enøk	7 500	2 198	7 500	PF
Tiltakspakkemidler rest frå 2017				
Vikahaugane gamle idrettshallen	2 336	2 000	2 336	

FS = Forstudie

FP = Forprosjekt

DP = Detalj - / hovedprosjekt

PF = Produksjonsfase

GF = Garantifase

### Kommentar til dei ulike prosjekta:

#### 4011 Stord ungdomsskule:

Skulen er ferdig innvendig og teken i bruk. Utvendig er ein ferdig med plen og plantar, noko asfaltering står att. Skulen fungerer godt, og ein har faste møter med entreprenør for å sjå til at alt på drifta fungerer. I kontrakten skal det vere eit års prøvedrift.

#### 1304 Nye institusjonsplasser, Ny sjukeheim Bandadalskvartalet:

Entreprenør Engelsen Bygg AS har kome godt i gang med bygget som er i ferd med å reisa seg. Veggjar og etasjeskilje begynner å kome på plass, og golv i 1. (4) etasje er støypt. Sluttdato er sett til 24.06.2019 og entreprenøren rapporterer at framdrifta er ok. Opsjonssprenging og fjerning av massar for framtidig omsorgsbygg hadde oppstart 10.09.18.

#### 1240 Nysæter u. skule og fleirbrukshall

Forprosjektet er godt i gang med detaljplanlegging av teikningar og tekniske fag. Planen var at dette skulle vore ferdig til 1. september. Ordføraren gav i e-post av 12.7.18 melding om at kommunestyret sitt vedtak er å forstå slik at utgreiinga også skulle omfatta basishall. I tillegg er det i arbeidet med forprosjektet avdekket at det er trong for ei større

rehabilitering/oppgradering av symjehallen. Dette gjer at prosjektet vert noko forseinka. Ein tek likevel sikte på å ferdigstillast forprosjektrapporten før jul. Ein vil då også koma attende med revidert prognose for prosjektet.

#### **4315 Dagplassar på Sæbø gard:**

Prosjektet ligg i rute til å vere ferdig bygningsmessig i oktober 2018. Entreprenør Engevik & Tislevoll AS gjer ein god jobb, og har god styring på arbeidet. Økonomien i prosjektet går som planlagt.

#### **4314 Knutsaåsen omsorgssenter, utvendig rehabilitering:**

Siste etappe av utvendig rehabilitering på Knutsaåsen er i gang. Bygget har fått ei etterlengta rehabilitering. Det kontraktmessige arbeidet er no ferdig utført, og overtakingsprotokoll vart underteikna 13.09.2018.

#### **4762 Bustader Furulyvegen 51**

Prosjektet nye bustader Furulyvegen 51 er prosjektert med 6 stk. nye husvære, og er lyst ut på anbod. Kontrakt nært føreståande. Oppstart medio oktober, med ferdigstilling 31.08.2019.

#### **4761 Omsorgsbustadar Bandadalsplassen og eldresenter**

Prosjekt omsorgsbustader Bandadalsplassen og eldresenter er godt i gang med planlegging av detaljar i forhold til teikningane som er utarbeida. Prosjektet inneheld 13 stk. husvære pluss eit godt areal til eldresenter i 1 etg. Målet for prosjektet er å få anbudsgrunnlag klart i løpet av hausten 2018.

#### **4509 Rådhuset, ombygging ventilasjon**

Prosjektet har no fått godkjent dispensasjonssøknaden for ventilasjon på taket og to nye vindauge i sørfasaden. Ein har og fått prosjektert eit utkast til trase for ventilasjon. Det må avklarast om det skal vera aktivitet på huset under ombygginga då dette vil ha betyding for dei som skal prisa prosjektet.

#### **4340 Bustader for funksjonshemma Haga:**

Prosjektet med 9 nye husvære, base og felles aktivitetshus er lyst ut på anbod. Anbudsfrist for evaluering er 1 oktober. Forventa ferdigstilling nov. 2019.

#### **4502 Brann/innemiljø/enøk:**

Desse midlane går til diverse småprosjekt på skular og andre føremålsbygg, som treng rehabilitering innanfor innemiljø, enøk og brannsikring. Kr. 3 millionar skal nyttast til vidare utbygging av fjernvarmeanlegget ved Vikahaugane, jf. vedtak i Formannskapet, sak PS 23/18 den 6. juni 2018. Desse midlane vert overført til 2019 pga. samordning med VA-prosjekt.

### **Tiltakspakken rest frå 2017:**

#### **Vikahaugane gamlehallen:**

Ny utvendig kledning samt omlegging av straum for utelys er nå 80 % ferdig, og vil bli slutført i løpet av oktober. Skifte av taket blei noko meir omfattande grunna mykje råteskadar i sutaket. Ny takpapp er lagt og taket er no ferdig.

<b>Oversyn investeringsprosjekt, Stord kommunalteknikk (alle tal eks. mva)</b>				
<b>Prosjektnummer/ namn</b>	<b>Kostnadsoverslag</b>	<b>Rekneskap per 31.8</b>	<b>Prognose</b>	<b>Status</b>
1700 Veganlegg/ utbetring (samarbeidsmidlar)	1 600	100	1 600	DF
1705 Ny veg til Grunnvågen *NB Nytt vedtak i mai	22 500	15	22 500	DF
1711 Nye lade plassar for elbilar	140	0	140	FP

**Oversyn investeringsprosjekt, Stord kommunalteknikk (alle tal eks. mva)**

Prosjektnummer/ namn	Kostnadsoverslag	Rekneskap per 31.8	Prognose	Status
1712 Veglys	1 200	1 053	1 200	PF
1715 Diverse trafikkisikring	1 200	340	1 200	PF
1719 Asfaltering kommunale vegar	5 440	2 247	5 440	PF
1720 Vikahaugane, veg, parkering, rundkøyring	9 500	9 134	9 500	GF (2)
1735 Fortau Bjellandsvegen austre del	1 800	1 466	1 800	GF (2)
1750 Fortau Langelandsvegen vestre del	8 200	1 298	8 200	PF
1999 Utstyr VTP	560	586	586	PF
9011 Bjellandsvegen – rehab VA (hovudprosjekt)	25 750	21 116	22 500	GF
9085 Grunnvågen VA	1 500	242	1 500	FP
9103 VA Skrivervegen	6 500	4 828	6 500	PF
9104 Regulering Djupevik (reinseanlegg)	700	681	700	DP
9108 Slamavskiljar Skjersholmane	39 000	38 442	38 455	GF
9111 Vasshandsamingsstasjon ombygging	13 855	12 244	13 855	PF
9113 VA Byrkjelandsløkjen til Skjersholmane	33 200	26 718	25 200	PF
9116 Ny pumpestasjon Rommetveit	4 000	3 471	3 471	GF
9126 Ny Hamnegata pumpestasjon	12 300	2 267	13 502	DP
9129 Sjøleidningar Kårevik-Skjersholmane	7 500	6 032	6 034	GF
9130 Snikkarsvingen VA	4 000	3 974	4 393	PF
9133 E39 Litlabøkrysset VL	5 400	3 974	7 433	PF
9134 Byrkjelandsløkjen, Hornelandsvågen 2 stk pumpestasjonar	8 000	6 807	8 000	PF
9138 Kårevikvegen – rehab VA (hovudprosjekt)	30 500	28 335	30 500	PF
9135 Kårevik pumpestasjon	6 000	3 389	3 500	GF
9143 Åsringen Nord VA	4 000	3 170	4 000	PF
9145 Sveinslio VA	3 500	3 735	4 703	PF
9147 Osen VA	7 800	7 689	8 000	GF
9149 Moldmyrvegen VA	11 250	9 152	11 250	PF
9156 Tveit VL	5 260	2 775	5 260	PF
9157 Nordhuglo VA, fase II	4 860	5 337	4 860	PF
9161 Rommetveitvegen VA	34 700	9 837	34 700	PF
9163 Langelandsvegen VA (forprosjekt)	500	525	500	FP
1999 Utstyr VA	3 500	3 056	3 500	PF

FS = Forstudie  
 FP = Forprosjekt  
 DP = Detalj-/hovudprosjekt  
 PF = Produksjonsfase  
 TP = tiltakspakkemidlar  
 GF = Garantifase

**Kommentar til nokre av prosjekta (alle tal eks MVA):**

### **1700 Veganlegg – utbetring:**

Opphavleg budsjett består av tre element: Samarbeidspott kr 1,6 mill.; Veglys kr 0,8 mill. og Ladeplassar kr 0,14 mill. I vedlagte budsjettendringsframlegg vert vegløyvinga flytta til prosjekt 1712 Veglys, og midlane til ladeplassar flytta til prosjekt 1711 Ladepunkt for el-bilar. I tillegg er det lagt opp til at overført restløyving frå 2017 vert lagt inn her med om lag kr 2,8 mill.

- Herav kjem mellom anna rest tiltak Bjellandsvegen fortau (innanfor netto kalkyleramme).
- Hovuddelen vert sett av til samarbeid med SVA VA-saneringsprosjekt.
- Kontroll av alle kommunale bruer er gjennomført i 2018.
- Ekstra samarbeid med vegvesenet og Haugaland Kraft og med private, der dette er aktuelt, (utover ramma til veglys)
- Midlar til reguleringsplanarbeid Hornelandsvegen.
- Nokre nye busskur

### **1705 Ny veg til Grunnavågen:**

Prosjektet vart tildelt prosjektleiar i april 2018. Det vil bli arbeid med prosjektering av VA-anlegg i både ny og eksisterande veg, samt prosjektering av ny veg. Det er avsett 22,5 mill. kr til tiltaket. Av desse vert det i vedlagte budsjettendring lagt inn 2,2 mill. kr (rest løyving frå 2017). 8,2 mill. kr til Langelandsvegen fortau vart forskottert frå dette prosjektet tidlegare i år. Desse vert forventa lagt inn i investeringsplanen seinare i prosjektet.

### **1712 Veglys:**

Avsett i budsjettet kr 0,8 mill. i 2018, samt oppjustert i vår, med avsette fondsmidlar frå trafikksikring (veglysmidlar) med kr 0,4 mill. Her har ein i samarbeid med Haugaland Kraft investert i digitalisering/ kartlegging av alle kommunale veglys, samt kjøpt inn nye LED-armatur, så denne posten er i ferd med å bli fullbelasta for inneverande år.

### **1715 Ymse trafikksikring:**

Prioriterte tiltak 2018:

- Støttemur Stokkavegen
- 2 stk Fartstavler, flyttbare
- Oppstart rullering av trafikksikringsplan
- Intensivbelysning v/ Rommetveit skule (flytta til eiga prosjekt)
- Utbetringar fortau i Dalen

### **1750 Fortau Langelandsvegen, vestre del:**

Prosjektet vart starta i vår. Vedtatt kostnadsramme i desember 2017 kr 8,2 mill. Desse er omprioritert frå løyving til ny veg til Grunnavågen i år.

**9011 Bjellandsvegen – rehabilitering av VA-anlegg:** Det vart i mai 2016 lagt fram kostnadsramme kr 25,75 mill. for utbygginga. VTP har bidrege med kr 1,5 mill. (2016-17). Står att litt småting her og der.

**9138 Kårevikvegen – rehabilitering av VA-anlegg:** Kostnadsramme er kr 30,5 mill. Prosjektet strekkjer seg frå gamle butikken i Kårevikvegen til Krenkjelsneset. VTP har bidrege med kr 1,5 mill. (2016-17). Fleire andre «satelittprosjekt» kring dette prosjektet: 9129 Sjøleidning til Skjersholmane, 9135 Kårevik avløpspumpestasjon, 9149 Moldmyrvegen VA, 9145 Sveinslio VA og 9165 Svehaugen rehab. avløpsleidning. Berre mindre etterarbeid står att.

**9104 Regulering Djupevik (reinseanlegg):** Arbeidet vart starta hausten 2015. Her måtte ein gå fleire rundar grunna nye avklaringar om mogeleg ferjestø og tilførselsveg. Første del mot denne utbygginga føregår i samarbeid med utbygging i Teinevikjo.

**9108 Slamavskiljar Skjersholmane:** Arbeidet vart starta seinsommaren 2015. Tre separate entreprisar. Stasjonsbygget vart ferdigstilt i februar 2017. Oppstart i rekkefølge av ferdig tilførselsleidning/og pumping frå Kårevik (aust) og seinare frå vest

(Byrkjelandsløkjen). Kostnadsoverslaget er justert ned sidan rapportering 2. tertial 2017, jamfør sak 49/17 Budsjettrevisjon 2. tertial samt 67/17 Budsjettendring investering SKT.

**9111 Vasshandsamingsstasjonen – ombygging og oppgradering:** Anlegget var planlagt ferdig sommaren 2017, som no er justert til august/september 2018. Dette har vore eit omfattande og krevjande prosjekt, der nye utfordringar har dukka opp undervegs i prosjektet, jamfør sak 49/17 Budsjettrevisjon 2. tertial samt 67/17 Budsjettendring investering SKT.

**9113 VA Byrkjelandsløkjen til Skjersholmane:** Hovudprosjektet har pågått i eitt år, og anlegget er nokre månader forseinka grunna endringsarbeid. Prosjektet vert avslutta i 2018. Tilleggsprosjekt 9134 Byrkjelandsløkjen og Hornelandsvågen pumpestasjonar med vassmålestasjon.

**9116 Ny Rommetveit pumpestasjon:** Arbeidet er nyleg avslutta innanfor ramme kr 4 mill. Neste stasjon etter planen er ny Eldøy pumpestasjon, samt ny Sagvåg pumpestasjon.

**9133 E39 Litlabøkryssset HVL:** Samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen. Kommunal hovudvassleidning vert lagt om. Prosjektet har hatt nokre utfordringar med framdrifta, og det er lagt opp til oppjustering av ramma pga. dette.

**9161 Rommetveitvegen VA:** Samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen. SKT er byggherre og Vegvesenet gir anleggsbidrag. Det vert og etablert nytt fortau langs fylkesvegen. Framdrifta ser ut til å gå bra, slik at ein har justert fram ramma i takt med dette.

#### **Tiltaksmidlar:**

<b>Oversyn tiltaksmidlar (2017), Stord kommunalteknikk (alle tal eks. mva)</b>				
<b>Prosjektnummer/namn</b>	<b>Kostnadsoverslag,</b>	<b>Rekneskap per 31.8</b>	<b>Prognose</b>	<b>Status</b>
1721 Intensivbelysning Kårevikv./Hornelandsv	450	450	450	GF (j
1722 Intensivbelysning Langelandsv./Skjepåsen	150	150	150	PI
1723 Intensivbelysning Heiane v. gangbru	150	150	150	GF (a
1724 Fornyng fortau/ gangveg 10m (Studalen)	50	50	50	GF (r
1725 Vatnadalsvegen	550	503	550	PI
1726 Frisiktsoner	400	290	400	PI
1727 Skiltvedlikehald	250	130	250	PI
1728 Håklubben rekkverk	30	30	30	GF (2
1729 G/S-veg Banevegen/Buneset bru	950	862	950	PI
1731 Lønningsåsen fartshumpar	120	111	120	GF (2

#### **Budsjettendringar investering Stord kommunalteknikk**

Det vert gjort framlegg i eige vedlegg om budsjettendringar for fleire prosjekt i samsvar med prognose for 2018. Dette medfører ikkje auka investeringsramme på korkje vatn eller avlaup, men gjeld overføringar/omfordelingar mellom prosjekt i tråd med framdrift.



### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Budsjettrevisjonen viser at kommunen kan ligga an til eit negativt avvik på 8,4 mill. kr. i høve til revidert budsjett. Det er venta at overskotet vert 14,2 mill. kr, i 2018.

Rådmannen ser ikkje at det er rom for å dekkja dette innanfor vedtekne budsjetttrammer, men vil arbeida for å redusera avviket med stram drift.

Ein gjer ein framlegg om endringar på investeringsbudsjettet innanfor kommunalteknikk i samsvar med vedlegg.

**PS 55/18 Eventuelt**